

Hemsedal kommune

Møteinnkalling

Kommunestyret

Møtested: Kultursalen

Møtedato: 26.06.2008

Tid: 16.30 OBS OBS!

Eventuelle forfall må meldast til tenestetorget/møtesekretær på telefon 31408800

Varamedlemmer møter kun etter nærmere avtale.

I starten av møtet vert det orientering av prosjekt ”Hemsedal sommarpark”

SAKSLISTE

Saknr.	Arkivsaksnr. Tittel
34/08	08/802 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ FORRIGE MØTE
35/08	08/802 MELDINGAR
36/08	08/598 SØKNAD OM FRITAK FRÅ POLITISKE VERV I HEMSEDAL KOMMUNE - INGER MARIT STOREJORDE FOLLAND
37/08	08/202 REKNESKAP OG ÅRSMELDING HEMSEDAL KOMMUNE - 2007
38/08	08/680 HEMSEDAL ENERGI KF - ÅRSMELDING OG REKNESKAP 2007
39/08	08/725 LEGETENESTER PÅ BYGDAHEIMEN I HEMSEDAL KOMMUNE
40/08	08/478 TRYGGLEIKSALARM - EIGENDEL

41/08 08/457
SPREDENETT – TV-SYSTEM - BYGDAHEIMEN

42/08 08/676
SAMANSLÅING AV BARNEVERNTENESTENE I GOL OG HEMSEDAL

43/08 07/1271
OPPMODING OM BUSETTING AV FLYKTINGAR - 2008

44/08 08/526
ALKOHOLPOLITISKE RETNINGSLINER FOR HEMSEDAL KOMMUNE

45/08 08/214
SALSLØYVE 2008-2012

46/08 08/709
SKJENKELØYVE 2008- 2012- FORLENGE LØYVET - SKOGSTAD HOTELL AS

47/08 08/705
FORLENGING AV SKJENKELØYVE 2004- 2008 - HEMSEDAL CAFE AS- HEMSEDAL CAFE

48/08 08/707
FORLENGING AV SKJENKELØYVE 2004- 2008- - HEMSEDAL CAFE AS - OXEN, STAVKROA, STALLEN

49/08 08/706
FORLENGING AV SKJENKELØYVE 2004- 2008 - HEMSEDAL CAFE AS - HEMSEN, EXPERTEN

50/08 08/716
SKJENKELØYVE 2008- 2012- - OLOF ERIKSSON

51/08 08/700
SKJENKELØYVE 2008- 2012 - FOSSHEIM AS

52/08 08/688
SKJENKELØYVE 2008- 2012 - FAUSKO SKYSSTASJON AS

53/08 08/687
SKJENKELØYVE 2008- 2012 - FANITULLEN PIZZA AS

54/08 08/689
SKJENKELØYVE 2008- 2012 - TINDEN DRIFT AS

55/08 08/690
SKJENKELØYVE 2008- 2012- - HUSO AS

56/08 08/691
SKJENKELØYVE 2008- 2012 - NORSKE OPPLEVELSER

57/08 08/692
SKJENKELØYVE 2008- 2012 - CHINA HOUSE KWOK RESTAURANT

58/08 08/693
SKJENKELØYVE 2008- 2012 - AJH MANAGEMENT

59/08 08/694
SKJENKELØYVE 2008- 2012 - HEMSEDAL SKIRESTAURANTER

60/08 08/695
SKJENKELØYVE 2008- 2012 - HARA HORN AS

61/08 08/696
SKJENKELØYVE 2008- 2012 - GARASJEN AS

62/08 08/697
SKJENKELØYVE 2008- 2012 - GRØNDALEN UTVIKLING

63/08 08/698
SKJENKELØYVE 2008- 2012- - ULSÅKSTØLEN V/ANNE ULSAKER BÆKKEN

64/08 08/701
SKJENKELØYVE 2008- 2012 - HEMSEGARDEN AS

65/08 08/702
SKJENKELØYVE 2008- 2012 - HEMSEDAL GOLFDRIFT

66/08 08/410
RUSFOREBYGGENDE PROSJEKT TILTAKSKJEDEN

67/08 07/585
TILSETJINGSREGLEMENT FOR HEMSEDAL KOMMUNE

68/08 08/728
FASTE STILLINGSHEIMLAR I HEMSEDAL KOMMUNE

69/08 06/494
LØNSPOLITIKK - HEMSEDAL KOMMUNE

70/08 07/1100
**SENIORPOLITIKK I HEMSEDAL KOMMUNE NY
BEHANDLING**

71/08 08/605
**TERTIALRAPPORT -1.TERTIAL 2008 - HEMSEDAL
KOMMUNE**

72/08 08/797
JUSTERINGAR AV BUDSJETT 2008

73/08 08/765
**ANDELSKRAFTA OG KONSESJONSKRAFTA TIL
HEMSEDAL KOMMUNE - FRAMTIDIG FORVALTNING**

74/08 08/795
**SAMARBEIDSAVTALE NAV BUSKERUD - HEMSEDAL
KOMMUNE**

75/08 08/729
**RV 7 SOKNA - ØRGENVIKA - FRAMLEGG TIL
BOMPENGEORDNING**

76/08 06/2133
BEHANDLINGSBASSENG I HEMSEDAL

77/08 06/726
**HALLINGDAL RENOVASJON - ENDRING AV
SELSKAPSAVTALE**

78/08 07/151
**SELSKAPSAVTALE FOR INTERKOMMUNALT ARKIV FOR
BUSKERUD, VESTFOLD OG TELEMAR K IKS - NY
KORRIGERING**

79/08 06/119
**REGULERINGSPLAN TOTTESKOGEN II - NEDFART FRÅ
HEMSEDAL SKISENTER TIL TRØIM - SAMLA PLAN.**

80/08 07/58
**REGULERINGSPLAN - ENDRING - SOLSIDEN, GRØNDALEN
2. GONGS / SLUTTHANDSAMING**

81/08 06/1296
**REGULERINGSPLAN FOR ALPINLØYPER- HEMSEDAL
SKISENTER 2.GANGSHANDSAMING/ SLUTTHANDSAMING**

82/08 07/790
SOMMARFULLMAKT FOR ORDFØRAREN

Hemsedal, 20.06. 08

Oddvar Grøthe
ordfører

Hemsedal kommune

Sakshandsaming

Saknr .: 34/08
Arkivsaksnr: 08/802
Arkivkode:

Saksbehandler:

Saksnummer	Utvalg	Møtedato
PS 34/08	Kommunestyret	26.06.2008

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ FORRIGE MØTE

Saka blir avgjort av:

Kommunestyret

Vedlegg:

Ingen

Saksopplysningar:

Saka gjeld godkjenning av protokoll frå møtet i kommunestyret 8. mai 2008 .

Rådmannen si tilråding:

Protokoll frå møtet i kommunestyret 8. mai 2008 vert godkjent.

Hemsedal kommune

Sakshandsaming

Saknr .: 35/08
Arkivsaksnr: 08/802
Arkivkode:

Saksbehandler:

Saksnummer	Utvalg	Møtedato
PS 35/08	Kommunestyret	26.06.2008

MELDINGAR

Saka blir avgjort av:

Kommunestyret

Vedlegg:

- Skatteoppgjør 2008 – Hemsedal kommune
- Referat frå Buskerudtinget 19.05.08
- Møtebok Regionrådet for Hemsedal

Saksopplysningar:

Som vedlegg

Rådmannen si tilråding:

Kommunestyret har ingen merknader til meldingane.

Hemsedal kommune

Sakshandsaming

Saknr .: 36/08
Arkivsaksnr: 08/598
Arkivkode: 033 &16

Saksbehandler: Anne Marie Storeheier

Saksnummer	Utvalg	Møtedato
PS 53/08	Formannskapet	10.06.2008
PS 36/08	Kommunestyret	26.06.2008

<i>SØKNAD OM FRITAK FRÅ POLITISKE VERV I HEMSEDAL KOMMUNE - INGER MARIT STOREJORDE FOLLAND</i>

Saka blir avgjort av:

Kommunestyret

Vedlegg:

Ingen

Dokument i saka:

13.05.2008 SØKNAD OM POLITISK FRITAK - INGER MARIT STOREJORDE FOLLAND

Saksopplysningar:

Inger Marit Storejorde Folland søker om fritak for politiske verv i Hemsedal kommune for perioden 01.07.08 – 01.09.09. Søknaden er begrunna med flytting og fødselspermisjon.

Inger Marit S. Folland er valt som

- Medlem i kommuneplannemnda
- Vara til kommunestyret
- Vara til Hovudutval for Plan og Ressurs

Forhold til overordna plan:

Ikkje vurdert

Miljøkonsekvensar:

Ikkje vurdert

Økonomiske konsekvensar:

Ikkje vurdert

Vurdering:

Ved fritak som vara til kommunestyret ... ”trer varamedlemmer frå vedkommende gruppe inn i deres sted i den nummerorden de er valgt hvis organet er valgt ved forholdsvalg”... (Kommuneloven kap 2, §16.2)

Ved fritak som medlem i kommuneplannemnda skal nytt medlem ... ”suppleres frå den same gruppe som den uttredende tilhørte”(3) og vara til Hovudutval for Plan og Ressurs må nye representantar veljast ved suppleringsval. ... *Suppleringsval skal skje frå den gruppen som har et utilstrekkelig antall varamedlemmer.*(5) Kommuneloven kap 2 §16. 3 og 5.

Kommuneloven kap 2 §16.6 sier: ”Ved suppleringsvalg etter nr 3 og nr 5 kan vedkommende gruppe selv utpeke den som skal rykke inn på den ledige plassen. Gruppen underretter deretter kommunestyret eller fylkestinget, som velger vedkommende dersom de lovbestemte vilkår er oppfylt. Tilsvarende gjelder ved suppleringsvalg i henhold til nr. 5 siste punktum.”

Kommuneloven kap 2, § 5, siste setning seier at formannskapet kan bli delegert mynde til å foreta suppleringsval.

Rådmannen si tilråding:

1. Inger Marit Storejorde Folland får fritak frå alle politiske verv i Hemsedal kommune i perioden 01.07.08 – 01.09.09. Vara for perioden skjer ved opprykk.
2. Formannskapet får delegert mynde til å foreta suppleringsvala.
3. Høgre peiker ut kandidat til kommuneplannemnda (fast medlem) og til Hovudutval for Plan og Ressurs (vara) for permisjonsperioden.
4. Høgre sine forslag vert lagt fram for formannskapet som foretek valet.

Handsaming/vedtak i Formannskapet den 10.06.2008 sak 53/08

Handsaming:

Framlegg frå Odd Holde:

Nytt pkt 2:

Fast medlem til kommuneplannemnda i perioden 01.07.08-01.09.09 vert Ellen Møllerplass Mythe. 4. vara for perioden vert Espen Eliassen.

Fjerde vara til Hovudutval for Plan og Ressurs i perioden 01.07.08-01.09.09 vert Yngve Dokk.

Pkt 2 og 4 i innstillinga går ut.

Innstilling pkt 1 samt framlegg frå Odd Holde vedteken. Samrøystes.

Vedtak:

Formannskapet si innstilling til kommunestyret:

1. Inger Marit Storejorde Folland får fritak frå alle politiske verv i Hemsedal kommune i perioden 01.07.08 – 01.09.09. Vara for perioden skjer ved opprykk.
2. Fast medlem til kommuneplannemnda i perioden 01.07.08-01.09.09 vert Ellen Møllerplass Mythe. 4. vara for perioden vert Espen Eliassen.
3. Fjerde vara til Hovudutval for Plan og Ressurs i perioden 01.07.08-01.09.09 vert Yngve Dokk

Hemsedal kommune

Sakshandsaming

Saknr .: 37/08
Arkivsaksnr: 08/202
Arkivkode: 212 &14

Saksbehandler: Gabriel Johannessen

Saksnummer	Utvalg	Møtedato
PS 47/08	Formannskapet	20.05.2008
PS 37/08	Kommunestyret	26.06.2008

REKNESKAP OG ÅRSMELDING HEMSEDAL KOMMUNE - 2007

Saka blir avgjort av:

Kommunestyret

Vedlegg:

15.02.2008 REKNESKAP OG ÅRSMELDING HEMSEDAL KOMMUNE - 2007 – oversendt dei folkevalde
3.april 2008

07.04.2008 KONTROLLUTVALGETS SIN UTTALE TIL REKNESKAPEN 2007

Dokument i saka:

15.02.2008 REKNESKAP OG ÅRSMELDING HEMSEDAL KOMMUNE - 2007

07.04.2008 KONTROLLUTVALGETS SIN UTTALE TIL REKNESKAPEN 2007

Saksopplysningar:

Etter forskrift om årsrekneskap og årsberetning datert 15.12.2000 skal kommunestyret i tråd med § 10 i lova vedta årsrekneskap og årsberetning innan 1.juli i påfølgande år etter rekneskapsåret si slutt. Ut frå same paragraf er det formannskapet som skal gje innstilling i slike saker.

Forhold til overordna plan:

Ingen

Miljøkonsekvensar:

Ingen

Økonomiske konsekvensar:

Ingen

Vurdering:

Rådmannen syner til ulike kommentarer i Årsmelding for 2007 og til rekneskapen for 2007

Rådmannen si tilråding:

Hemsedal kommunestyre vedtek rekneskap og årsmelding for 2007.

Handsaming/vedtak i Formannskapet den 20.05.2008 sak 47/08

Handsaming:

Innstilling vedteken. Samrøystes.

Vedtak:

Formannskapet si innstilling til kommunestyret:

Hemsedal kommunestyre vedtek rekneskap og årsmelding for 2007.

Hemsedal kommune

Sakshandsaming

Saknr .: 38/08
Arkivsaksnr: 08/680
Arkivkode: 212 &14

Saksbehandler: Anne Marie Storeheier

Saksnummer	Utvalg	Møtedato
PS 56/08	Formannskapet	10.06.2008
PS 38/08	Kommunestyret	26.06.2008

HEMSEDAL ENERGI KF - ÅRSMELDING OG REKNESKAP 2007

Saka blir avgjort av:

Kommunestyret

Vedlegg:

Årsmelding og rekneskap 2007 for Hemsedal Energi KF

Dokument i saka:

21.05.2008 HEMSEDAL ENERGI KF - REVISJONSBERETNING

Saksopplysningar:

Hemsedal kommune skal som eigar av Hemsedal Energi KF orienterast om årsrekneskapen og årsmelding.

Rådmannen si tilråding:

Årsmelding og rekneskap 2007 for Hemsedal Energi KF vert tatt til orientering.

Handsaming/vedtak i Formannskapet den 10.06.2008 sak 56/08

Handsaming:

Innstilling vedteken. Samrøystes.

Vedtak:

Formannskapet si innstilling til kommunestyret:

Årsmelding og rekneskap 2007 for Hemsedal Energi KF vert tatt til orientering.

Hemsedal kommune

Sakshandsaming

Saknr .: 39/08
Arkivsaksnr: 08/725
Arkivkode: 000

Saksbehandler: Borghild Moen

Saksnummer	Utvalg	Møtedato
PS 26/08	Hovudutval for Livsløp	17.06.2008
PS 39/08	Kommunestyret	26.06.2008

LEGETENESTER PÅ BYGDAHEIMEN I HEMSEDAL KOMMUNE

Saka blir avgjort av:

Kommunestyret

Vedlegg:

Legetenester på Bygdaheimen i Hemsedal kommune- utkast til lokal legenorm

Dokument i saka:

1. Rundskriv I-04/07, nasjonal standard for legetjenester på sykehjem
2. Veileder IS-1436, Legetjenester i sykehjem – en veileder for kommunene
3. forskrift 2000-04-14 nr 328, forskrift om fastlegeordning i kommunene
4. Brev til Fylkesmannen , den 21.12.07– innrapportering av lokal normering av legetenester i sykehjem, arkivsak 06/151
5. Side 43 i tilstandsrapport 2008- Fylkesmannen i Buskerud

Saksopplysningar:

Kommunen skal utarbeide ein lokal standard for legetenesta i sjukeheimen, jf rundskriv I-4/2007 frå Helse- og omsorgsdepartementet: ”Nasjonal standard for legetjenester i sykehjem”. Kommunen skal talfeste kor mange legetimer som trengs for å oppfylle lovkravet om fagleg forsvarlege tenester og egne krav til kvalitet på legetenesta i sjukeheimen Vidare skal kommunen lage ein plan for å oppnå det ønskete talet på legetimer. Oppfølginga av krava skal dokumenterast.

Rundskrivet er basert på føresegner i forskrift om kvalitet i pleie- og omsorgssektoren om at kommunen skal utarbeide prosedyrar som sikrar at brukaren sine grunnleggjande behov blir ivareteke og at forsvarlege tenester bli tilbydd. I forskrift om internkontroll for sosial- og helsetjenesten blir det stilt krav om systematiske tiltak og styring av tenestene for å sikre gjennomføring av lovpålagte oppgåver og plikter.

Kommunen skal utføre en risiko- og behovsvurdering for legetenester i sjukeheimen I vurderinga skal bl.a. følgjande faktorar bli tatt omsyn til::

- utvikling og status for legetenester i kommunen
- utvikling og status i forhold til lovkravet om fagleg forsvarlige tenester, i tillegg til egne krav til kvalitet (vurdere behovet for legetenester)
- analysere forbetningsbehovet og forbetningspunkt for legedekningen
- vedta lokalt nivå for bemanning av leger i sjukeheim (innhald, mengde)
- etablere system for evaluering og revidering

Kommunane skulle ha fastsett sin lokale norm i løpet av 2007. Fylkesmannen skal ha tilsendt vedtaket. Sidan lokal legenorm ikkje er ferdig utarbeidd er Fylkesmannen varsla i brev om kva for lokal norm arbeidsgruppa har foreslått, jf brev datert 21.12.07

Pleie- og omsorgsjefen har saman med helse- og sosialsjef, fagsjukepleiar og kommunelege utarbeidd eit framlegg til ein lokal standard.

Sosial- og helsedirektoratet har sendt ut ein veileder for arbeidet. Denne er brukt i arbeidet i saman med framlegg til lokal legenorm i Ål kommune.

Jamfør forskrift om fastlegeordning i kommunene § 12 bokstav b kan kommunen stille vilkår om at fastlegen deltek i allmenntilleggsleg arbeid, og at dette i så fall fører til avkorting av listelengde. Hemsedal kommune har ikkje stilt slikt vilkår ved inngåing av avtaler.

Bygdaheimen har låg dekning på årsverk på lege i institusjon , jf tilstandsrapport 2008 frå Fylkesmannen i Buskerud Arbeidgruppa har vurdert at den tida tilsynslegen har avsett i høve til individretta oppgåver blir i dag opplevd som tilstrekkeleg.

Forhold til overordna plan:

Legetenester på Bygdaheimen i Hemsedal bør bli ein temaplan for pleie- og omsorgsetaten

Miljøkonsekvensar:

Ingen

Økonomiske konsekvensar:

Det blir ei auke i timetalet på ubunden tid med 1 time. Dette må innarbeidast i budsjett- og økonomiplan for 2009-2012.

Vurdering:

På nasjonalt plan har det vore fokus på at sjukeheimane har hatt for dårleg legeteneste. Det har frå ulike hald vorte reist krav om ei nasjonal norm. Regjeringa har avvist dette på grunn av at forholda er så ulike frå kommune til kommune. Regjeringa har derfor bestemt at kvar enkelt kommune skal utarbeide ei lokal norm.

Slik profilen og fagdekning er på Bygdaheimen i dag, samt den fleksible tilgjenge Bygdaheimen har til tilsynslegen ser ein ikkje behov for å auke timetalet på bunden tid til

tilsynslegen. Det er eit behov for å auke den ubunden tida til tilsynslegen med 1 time. Det er viktig at det blir gjort revidering ved større endringar i talet på plassar eller type plassar ved institusjonen. Ved endring av profilen til sjukeheimen der det blir ei sterk auke i talet på korttidsplassar kan behovet for legeteneste endre seg. Dette vil medføre auka kostnader.

Det bør bli gjennomført brukarundersøkingar og bruk av kvalitetsindikatorar slik foreslått i utkast til plan.

Rådmannen si tilråding:

1. Hemsedal kommunestyre vedtek plan for "Legetenester på på Bygdaheimen i Hemsedal kommune".
2. Auke i timetal til tilsynslege må vurderast i samband med budsjett/økonomiplan 2009-2012.

Handsaming/vedtak i Hovudutval for Livsløp den 17.06.2008 sak 26/08

Handsaming:

Innstilling vedteken. Samrøystes.

Vedtak:

Hovudutval for Livsløp si innstilling til kommunestyret:

1. Hemsedal kommunestyre vedtek plan for "Legetenester på på Bygdaheimen i Hemsedal kommune".
2. Auke i timetal til tilsynslege må vurderast i samband med budsjett/økonomiplan 2009-2012.

Hemsedal kommune

Sakshandsaming

Saknr .: 40/08
Arkivsaksnr: 08/478
Arkivkode: 000

Saksbehandler: Borghild Moen

Saksnummer	Utvalg	Møtedato
PS 27/08	Hovudutval for Livsløp	17.06.2008
PS 40/08	Kommunestyret	26.06.2008

TRYGGLEIKSALARM - EIGENBETALING

Saka blir avgjort av:

Kommunestyret

Vedlegg:

Ingen

Dokument i saka:

1. Samla saksframstilling, Budsjett 2008 og økonomiplan 2008,2011, vedteke i kommunestyret 13.12.07, saknr 139/07, arkivsak 07/961.
2. LOV 1982-11-19 nr 66: Lov om helsetjenesten i kommunene (Khl).
3. LOV-1991-12-13-81 Lov om sosiale tjenester m.v. (sosialtjenesteloven).
4. FOR 1992-12-04 nr 915: Forskrift til lov om sosiale tjenester m.v.

Saksopplysningar:

Det tryggleikalarmsystemet Hemsedal har i dag har vore ustabil i drift og må skiftast ut.

Det har vore eit samarbeid i Hallingdal om innkjøp av nytt alarmsystem. Det er no inngått avtale med Hjelp 24 om installering og drift av tryggleiksalarmar. Avtala gjeld frå 01.06.2008 til 31.05.2010 med opsjon på to års prolongering. Alarmen er knytt opp til Hjelp 24 sine sentralar, der kvalifisert helsepersonell tek i mot alarmane og vurderer tiltak som skal settast i verk. Pleie- og omsorgsetaten blir alltid varsla om det er alarmar som er utløyst. Tilsette i pleie og omsorgsetaten rykkjer ut når det er behov for det. Det er i tillegg ei rekkje applikasjonar som kan bli tilknytt ein tryggleiksalarm, som røykvarslar, temperaturvarslar, komfyralarm, døralarm m.m.

For å kunne bruke tryggleiksalarm må brukarar ha ei analog line. Pr i dag kan ikkje alarman bli knytt opp mot GSM nettet. Hjelp 24 har omkoblingsboks til GSM til utprøving. Teljarskritt ved utløyning av alarm og sjølvtesting vil bli belasta brukaren.

Hemsedal vil i løpet av mai/ juni ta i bruk alarmar får Hjelp 24.

Kommunestyret vedtok i sak 139/08 at eigenbetaling for tryggleiksalarm for 2008 skulle vere uendra frå 2007, men at satsen for leige skulle bli vurdert på nytt ved innkjøp av nye tryggleiksalarm.

Tryggleiksalarm er i utgangspunktet ikkje ei lovpålagt teneste. Det kan vere eit tilbod til innbyggjarar som er engsteleg for å vere åleine, og det kan vere ein tryggleik for pårørande. Tryggleiksalarm kan bli tildelt for å dekkje eit hjelpebehov, anten etter lov om sosiale tenester eller etter kommunehelsetjenestelova. Dersom tryggleiksalarm kan erstatte naudsynt tilsynsbesøk må tenesta bli vurdert etter kommunehelsetjenestelova § 1-3, andre ledd, nr 4 Tryggleiksalarman kan og vere ein føresetnad for at brukaren kan bu heime. I den samanheng skal tryggleiksalarm bli tildelt som praktisk bistand etter sosialtjenestelovens § 4-2a, jf § 4-3.

Kommunen kan ikkje krevje eigenbetaling dersom tenesta blir tildelt etter kommunehelsetjenestelova.

Blir tenesta tildelt etter lov om sosiale tenester§ 4-2, jf 4-3, kan kommunen sjølv fastesette reglar for eigenbetaling for tenestene, med mindre det er gjort unntak i § 8-2 nr 2 forskrift 1992-12-04 nr 915. Eigenbetaling kan ikkje overstige kommunen samla sjølvkost for tenestene til den enkelte, jf § 8-3 i forskrift til sosiale tenester, og den kan ikkje vere høgare enn at vedkommande har tilstrekkeleg til å dekkje personleg behov og bere sitt ansvar som forsørgjar. Dersom husstandens samla skattbare nettoinntekt før særfrådrag er under 2 G, skal samla vederlag for tenester som nemnt i § 8-1 ikkje overstige et utgiftstak på kr. 150 pr. måned jf forskrifta § 8.4

Det er stor forskjell i kva for prisar kommunane tek i eigenbetaling for tryggleiksalarm . Nokre kommunar tek ingen eigenbetaling, eigendel, andre har betalingstak for personar med låg inntekt, medan andre tek eigenbetaling til sjølvkost. Det er også stor variasjon i eigendel i Hallingdal.

- Flå kr 350 pr kvartal
- Nes kr 120 pr mnd
- Gol, inntil 3G kr. 100,-pr. måned, over 3G kr. 170,-pr. måned
- Ål kr 174 pr kvartal
- Hol er tenesta gratis.

Forhold til overordna plan:

Kommuneplan 1999-2011, er mellom anna langsiktig overordna mål for tenester for eldre:

- Kommunen skal ha eit så godt tilbod på omsorgstenester at innbyggjarane føler tryggleik når hjelpebehovet melder seg.

Kommuneplan 1999-2011, er mellom anna langsiktig overordna mål for helse- og sosialtenester:

- Funksjonshemma skal oppleve tryggleik, trivsel og kjensla å utvikle seg sjølv

Miljøkonsekvensar:

Det kan vere mange årsaker til at tryggleiksalarm kan vere eit godt hjelpemiddel. Mange er engsteleg for å vere åleine heime og det kan vere pårørande som kan vere bekymra for sine næraste. Andre kan ha behov for alarm for å kunne bu heime. Alarm kan erstatte naudsynt tilsynsbesøk for heimesjukepleia og ein kan omfordele ressursane betre.

Økonomiske konsekvensar:

Når kommunen går over til Hjelp 24 vil dei årlege kostnaden med same tal på tryggleiksalarmer vere ca kr 50 000 pr. år. I tillegg vil det vere kostnader knytt til lønsutgifter, administrasjonskostnader og reisekostnader ved utrykking.

For år 2008 er det sett av kr 25 000 i budsjett til utgifter for tryggleiksalarmer og kr 25000 i brukarbetaling.

I dag tek kommunen ein eigenbetaling for leige av tryggleiksalarm med kr 75, jf vedtak i kommunestyret sak139/07. Fram til no har kommunen ikkje hatt nettokostnader til utleige av tryggleiksalarmer, dersom ein reknar dei reine driftskostnadene. Det er då ikkje tatt omsyn til utgifter til installering, lønskostnader, administrasjonskostnader og reiseutgifter. Når kommunen tek i bruk alarm 24, vil det ikkje vere utgifter til vedlikehald og innkjøp av alarmer. Utgifter ved installering, lønskostnader og reiseutgifter ved utrykking vil bli som før.

Dersom tryggleiksalarm blir tildelt etter kommunehelsetjenestelova er det ingen eigenbetaling.

Dersom tryggleiksalarmeren blir tildelt etter lov om sosiale tenester vil eigenbetaling for heimebasert omsorg vedteke i kommunestyresak 139/07 gjelde.

Vurdering:

Kommunen kan sjølv fastsette satsar eigenbetaling for tenester. Kommunen kan tilby gratis tryggleiksalarm til alle som har behov for det på grunn av sjukdom eller funksjonshemming. Dette gir auka kostnader til kommunen med ca kr 50 000 pr år. Kommunen har i dag ein stram økonomi, men ein må også ta omsyn til at ange av dei som har behov for tenesta er minstepensjonistar. For høg eigenbetaling kan føre til at dei ikkje ser seg råd til nytte dette tenestetilbodet. Det bør vurderast ein differensiering på eigenbetaling ut i frå husstanden sinn samla netto skattbare inntekt. Det er også mogleg å at ein berre legg kriteria til grunn for tildeling av tenester etter sosialtjenestelova eller kommunehelsetjenestelova. Då vil satsane for eigenbetaling for dei tenestene blir lagt til grunn. Dei som ønskjer tryggleiksalarm som ein ekstra tryggleik vil då ikkje få tilbod om tenesta.

Tilleggstenester som røykvarslar, dørvarslar med meir bør bli tilbydd til sjølvkost..

Rådmannen si tilråding:

Hemsedal kommune har følgjande satsar for leige av tryggleiksalarm gjeldande frå 01.08.2008

- For personar der husstanden sin samla skattbare nettoinntekt er under 3 G er eigenbetaling kr 100,00 pr måned
- For personar der husstanden sin samla skattbare nettoinntekt er over 3 G er eigenbetaling kr 150,00 pr mnd.
- Brukaren må dekke utgifter til installering og abonnement av analog line. Tellarskritt for alarm og sjølvtesting kjem på den enkelte si telefonrekning.
- Brukaren må betale kostnader for leige av tilleggsapplikasjonar
- Brukaren må skaffe ekstra nøkkel og godta at det blir installert nøkkelboks på huset.
- Rekning blir sendt kvartalsvis.
- Når tenesta blir tildelt etter kommunehelsetjenestelova er det ingen eigenbetaling.
- Når tenesta blir tildelt etter lov om sosiale tenester gjeld kommunen satsar for eigenbetaling for heimebasert omsorg vedteke i kommunestyret 139/07

Handsaming/vedtak i Hovudutval for Livsløp den 17.06.2008 sak 27/08

Handsaming:

Innstilling vedteken. Samrøystes.

Vedtak:

Hovudutval for Livsløp si innstilling til kommunestyret:

Hemsedal kommune har følgjande satsar for leige av tryggleiksalarm gjeldande frå 01.08.2008

- For personar der husstanden sin samla skattbare nettoinntekt er under 3 G er eigenbetaling kr 100,00 pr måned
- For personar der husstanden sin samla skattbare nettoinntekt er over 3 G er eigenbetaling kr 150,00 pr mnd.
- Brukaren må dekke utgifter til installering og abonnement av analog line. Tellarskritt for alarm og sjølvtesting kjem på den enkelte si telefonrekning.
- Brukaren må betale kostnader for leige av tilleggsapplikasjonar
- Brukaren må skaffe ekstra nøkkel og godta at det blir installert nøkkelboks på huset.
- Rekning blir sendt kvartalsvis.
- Når tenesta blir tildelt etter kommunehelsetjenestelova er det ingen eigenbetaling.

Når tenesta blir tildelt etter lov om sosiale tenester gjeld kommunen satsar for eigenbetaling for heimebasert omsorg vedteke i kommunestyret 139/07

Hemsedal kommune

Sakshandsaming

Saknr .: 41/08
Arkivsaksnr: 08/457
Arkivkode: N63

Saksbehandler: Borghild Moen

Saksnummer	Utvalg	Møtedato
PS 28/08	Hovudutval for Livsløp	17.06.2008
PS 41/08	Kommunestyret	26.06.2008

SPREDENETT – TV-SYSTEM - BYGDAHEIMEN

Saka blir avgjort av:

Kommunestyret

Vedlegg:

Ingen

Dokument i saka:

1. Tilbod frå Relacom ombygging av spredenett for Tv signal, datert 04.04.08, arkivsak 08/457
2. Tilbod frå cyberhemsan, tilbod: Digital TV satellitt sentral, datert 27.05.08, arkivsak 08/457
3. FOR 1995-04-26 nr 392: Forskrift om vederlag for opphold i institusjon m.v.(Vederlagsforskrifta)
4. Samlet saksframstilling, Budsjett 2008- Framlegg til innsparingar og justeringar etter hamndsaming i økonomiutvalet, den 03.04.08, saknr 19/08, arkivsak 08/360
5. Samlet saksframstilling, Uteplass – sansehage.vedtak i kommunestyret, den 28.06.07, saknr 49/07, arkivsak 06/1542

Saksopplysningar:

Frå hausten 2008 vil det analoge bakkenettet bli kopla ut i Hemsedal.

I dag har Bygdaheimen eit parabollegg med abonnement hjå Canal digital som brukt i dei fleste fellesareala. Til fellesareala på avdeling Sol er det i dag ei digital antenne med dekodar. Til bebuaromma er det i dag vanleg TV antenne med spredenett. Bygdaheimen ligg slik til at det er dårlege mottakarforhold til TV signal.

Pleie- og omsorgsetaten betaler kringkastingsavgift ”for fleire mottakarar på ei avgift”. Bebuarar på langtidopphald får derfor fritak for NRK lisens. Pr i dag er det ca ½ parten av bebuarane som har eige TV på rommet.

Omsorgsbustader i tilnytting til Bygdaheimen har parabolantlegg. Bebuarane her må ha sjølv koste på dekodar og abonnement.

Bebuarar i Trygdebustadene er det i dag ei felles TV-antenne. Dei må betale NRK lisens, skaffe seg eit dekodar eller eige parabolantlegg. Det same gjeld for bebuarar på Bråtenjordet. For bebuarar i omsorgs- og trygdebustader blir det deira eige ansvar å kople til digitalt bakkenett eller parabolantlegg.

Det er fleire alternative løysingar på korleis bebuarar kan få TV signal på rommet. Kommunen kunne alternativt ha kjøpt inn dekodarar som ein kunne lånt eller eigd ut. Dette er lite formålsteneleg.

Alternativ 1.

Bebuarane skaffar og kostar sjølv på eigen dekodar som går til TV antenne. Ein slik dekodarboks vil koste mellom 1000 og 2000 kr. Det er ein rekkje tilbod med kjøp av rimelege dekodarar, men det er ofte knytt til at ein må kjøpe ei programpakke. Fordelen er at bebuarane sjølv kan velje kva for program dei ønskjer å abonnere på. Det er dårlege mottakarforhold for TV signal på Bygdaheimen. Dette gir ustabile forhold for kor godt ein får lys og bilde inn på TV.

Alternativ 2

Pleie- og omsorgsetaten kostar på ombygging av spredenett for TV signal som kan knytast opp mot parabolantlegget. Kommunen betaler alle kostnader inklusiv kanalpakke.

Alternativ 3

Pleie- og omsorgsetaten kostar på nytt spredenett for TV signal som kan knytast opp mot parabolantlegget. Bebuarane må betale for kanalpakker til sjølvkost.

Tilbod frå Relacom om ombygging av spredenett:

Ny antennesentral	49228,60
Kvalitetssikring	4922,00
Timepris for installasjon er 690,00 eks. mva. pr time	

I tillegg blir det ein kostnad på kanalpakke.

For 6 kanalar, årsavgift	3570,00
Programleie for 22 rom	6624,00
Fellesuttak	3540,00

Dersom ein skal ha ei større kanalpakke:

Kanal 7	11697,00
Kanal 8	4154,00
Kanal 8	4154,00

Kostnader til Bygdaheimen i dag:

Årsavgift programkort canal digital	1312,50
Kanalpakke, kvartalslege 515,63 *4	2062,52
NRK lisens, halvårsavgift 1102.52	2201,04

Tilbod frå Cyberhemsen

Ny digital TV satellitt sentral	40519,00
Monteringskostnad	10000,00
Opsjon: eventuell kanalforsterkar	6000,00

I tillegg blir det kostnad for standardkort og programavgifter.

Pr i dag er det ca 10-12 bebuar som har TV på rommet.

Bebuarar på sjukeheim betaler vederlag som blir rekna ut etter føresegner i vederlagsforskrifta. § 3. Bebuarane skal ha minst ha 25 % av folketrygda sitt grunnbeløp til eige bruk. I tillegg til eit fribeløp på kr 6600. Av inntekter utover folketrygda sitt grunnbeløp betalast inntil 85%. For korttidspasientar blir det tatt ein døgnpris på kr 118 pr døgn § 4.

Forhold til overordna plan:***Miljøkonsekvensar:***

Det kan vere ein viktig trivselsfaktor å ha høve til å sjå på TV i sitt eige rom.

Økonomiske konsekvensar:Alternativ 1.

Det blir ingen auka kostnader for kommunen. Den einskilde bebuar må dekkje utgiftene sjølv.

Alternativ 2

Kommunen får ein kostnad på investering av antennesentral ca 40 000 - 55 000 ekskl mva. I tillegg blir det kostnad for arbeid ved installering på mellom kr 10000- 20 000, samt kostnad med programpakker med inntil 6 kanalar på ca kr 20 000 ekskl MVA. Dette blir ei auke frå i dag på abonnement og programpakke med ca kr 16 500. Dersom ein skal kunne tilby 9 kanalar vil kostnaden bli på kr 21305,00 i tillegg til abonnement.

Pleie – og omsorgsetaten skal i år spare 750 000 på opphavleg budsjett jf kommunestyrevedtak 19/08 den 03.04.08. Det har vore gjort naudsynte innkjøp, mellom anna ny innreiing på vaktrom kår, og innkjøp av sikrere stolar i matsalen. Eit alternativ er å bruke gåvemidlar til innkjøp av alarmsentral med inntil kr 60 000. Ein må då utsette prosjektet med opparbeiding av sansehage, Midlar til opparbeiding av sansehage må då innarbeidast i budsjett for 2009, økonomiplan 2009-2012 eller skrinleggjast.

Abonnementkostnader for år 2008 blir tatt av pleie- og omsorgsetaten sitt driftsbudsjett. Abonnementskostnader må innarbeidast i budsjett for 2009 økonomiplan 2009-2012.

Alternativ 3

Investering og installasjonskostnader som alternativ 2. Bebuarar som ønskjer å ha TV på rommet betaler leige for å få TV signal på rommet.

Vurdering:

Bebuarar som i dag bur på Bygdaheimen betalar ein stor del av sine inntekter i vederlag. Dei har relativ lite midlar til eigen disposisjon. Det er mogleg å sjå på TV i fellesareala, og dette kan bli eit naturleg samlingspunkt. Ein del har på grunn av sjukdom, funksjonshemming vil i liten grad kunne nytte seg av tilbodet med å sjå på TV i fellesareala. For mange er det ein trivselsfaktor å kunne sjå på TV på sitt eige rom. For bebuarar som er på sjukeheimen over tid er dette deira heim, og høve til å sjå på TV når ein har lyst kan vere ein viktig del av ein person sin livskvalitet. For dei som ønskjer det bør det derfor vere mogleg å ha eigen TV på rommet. I dag slepp bebuarar på langtidsopphald utgifter til kringkastingsavgift. Utgifter for kjøp og reperasjon av TV er i dag ein kostnad bebuarane må dekkje sjølv.

Alternativ 1 er at bebuarane som bur på bygdaheimen må kjøpe ein tuner for å bli kopla opp mot RiksTV, og at dei eventuelt må dekkje utgifter til ekstrakanalar sjølv. For bebuarar som seinare flytter inn vil dei ofte ha TV med dekodar. Dei kan då sjølv velje kva for kanalar dei ønskjer å ha. Det blir ingen kostnader for kommunen, men for dei personane som i dag bur på Bygdaheimen blir det ein uventa ekstrakostnad.

Alternativ 2 er at Hemsedal kommune kjøper anlegg til spredenett, og at det blir tatt ei avgift for dei bebuarane som ønskjer TV på rommet. Fordelen er at ein slepp mange ulike dekodarar. Dette blir enklare å betene både for bebuarane men også for personell.

Alternativ 3 er at det blir Hemsedal kommune kjøper spredenett og tilbyr gratis TV signal til dei som ønskjer å ha TV på rommet. Dette gir ein auka kostnad både til installering men og i auke i driftskostnadene til kommunen.

Med eit stramt driftsbudsjett har ikkje pleie- og omsorgsetaten midlar til å skaffe spredenett i år 2008. For personar som ønskjer å få inn TV på rommet må derfor sjølv gå til anskaffing av dekodar. Sidan det er dårleg signalforhold på Bygdaheimen bør kostnader til spredenett bli innarbeidd i budsjett for 2009.

Rådmannen finn i noverande økonomiske situasjon at ein ikkje kan tilrå investering i spredenett i 2008. Tiltaket må bli vurdert i samband med budsjett / økonomiplan 2009-2012-

Rådmannen si tilråding:

Investering og installasjon av spredenett på Bygdaheimen blir vurdert i samband med budsjett/økonomiplan 2009-2012.

Handsaming/vedtak i Hovudutval for Livsløp den 17.06.2008 sak 28/08

Handsaming:

Framlegg frå Sveinung Halbjørhus:

1. Investering og installasjon av spredenett for TV-system på Bygdaheimen blir starta opp slik at dette er klart når sendesignala frå gamle sendarar blir stengt.
2. Tiltaket blir dekkja ved å auke investeringsbudsjettet for 2008 med kr. 60.000.

Framlegg frå Sveinung Halbjørhus vedteken. Samrøystes.

Vedtak:

Hovudutval for Livsløp si innstilling til kommunestyret:

1. Investering og installasjon av spredenett for TV-system på Bygdaheimen blir starta opp slik at dette er klart når sendesignala frå gamle sendarar blir stengt.
2. Tiltaket blir dekkja ved å auke investeringsbudsjettet for 2008 med kr. 60.000.

Hemsedal kommune

Sakshandsaming

Saknr .: 42/08
Arkivsaksnr: 08/676
Arkivkode: F40

Saksbehandler: Janne M.B . Kirkebøen

Saksnummer	Utvalg	Møtedato
PS 29/08	Hovudutval for Livsløp	17.06.2008
PS 42/08	Kommunestyret	26.06.2008

SAMANSLÅING AV BARNEVERNTESTENE I GOL OG HEMSEDAL

Saka blir avgjort av:

Kommunestyret

Vedlegg:

Dokument i saka:

Kommunestyretvedtak 136/07 "Felles barnevern"

Saksopplysningar:

Hausten 2005 blei det sett ned ei prosjektgruppe som, på oppdrag frå rådmannsutvalet, skulle utrede ei mogleg samanslåing av barnevernstenestene i Flå, Nes, Hemsedal og Gol.

Prosjektgruppa sitt arbeid enda opp i en rapport kor ei samanslåing blei anbefalt.

Det blei hausten 2007 fatta positive vedtak i alle fire kommunestyra. Flå og Nes har valt å trekke seg ut av samarbeidet.

Barnevernstenestene i Gol og Hemsedal vurderast likevel å slåast saman til ei felles teneste.

Barnevernstenesta i Hemsedal har i dag 2,3 stillingsheimlar, mens Gol har 4,1 årsverk. Til saman 6,4 årsverk. Gol og Hemsedal har spesialkompetanse blant sine tilsette på kvar sine områder.

I tidligare vedtak vart det bestemt at det skulle tilsetjast ein prosjektleiar før opptart. Dette er ikkje nødvendig dersom det er kun Gol og Hemsedal som går for ei samanslåing.

Forhold til overordna plan:

Er ikkje vurdert i denne omgang

Miljøkonsekvensar:

Er ikkje vurdert i denne omgang

Økonomiske konsekvensar:

Er ikkje vurdert i denne omgang

Vurdering:

Bakgrunnen for konklusjonen ”samanslåing av barnevernstenestene i Gol og Hemsedal” er først og fremst basert på intensjonen om å yte tenester av høgare kvalitet for våre brukarar.

Det er ingen tvil om at det er ein tøff jobb å vere barnevernsarbeidar i ein liten kommune, og ved å skapa eit større fagmiljø på tvers av kommunegrensene, sikrar me ein større grad av stabilitet i arbeidsstokken. Me vil sannsynlegvis ha ein større moglegheit til å halde på våre tilsette, samtidig som me vil vere mindre sårbare ved sjukdom.

Det er heller ingen tvil om at det er tøft for våre klientar å ha bekjente som saksbehandlarar i sin sak. Dette vil ein kunne unngå med ei samanslåing.

Ei anne gode som også vil kome våre brukarar til gode, er dei moglegheitene eit større fagmiljø gir til spesialisering for den enkelte tilsette, noko som igjen vil gi våre brukarar tenester av høgare kvalitet.

Me har i dag ein vesentlig bruk av innleidde konsulentar i spesielt vanskelige og krevjande barnevernssaker. Ved etablering av eit større arbeidsmiljø, med påfølgande moglegheiter til spesialisering, ser me at me vil få ein heilt anna moglegheit til å handtere desse sakene sjølve.

Det ser ut til at me vil kunne få meir kvalitet igjen for kvar krone som går til barnevern i kommunane våre, samtidig som det vil kunne vere med på å førebygge dei mest alvorlige barnevernssakene og påfølgande plasseringar.

Rådmannen si tilråding:

1. Gol og Hemsedal kommuner ønsker å arbeide for en felles barnevernsteneste.
2. Målsetnaden er å etablere ei fellesteneste innan 01.01.09
3. Det skal opprettast ei prosjektgruppe for prosjektperioden fram til 01.01.09 bestående av barnevernsleiarar frå begge kommunane, personalleiar frå Gol kommune, tillitsvalt, samt ein folkevalt frå kvar av kommunane.
4. Prosjektgruppa sitt mandat er å fremja forslag til organisering av vertskommunesamarbeidet, organisering av tenesta, budsjett/økonomi og arbeidsvilkår for dei tilsette.
5. Føresetnad er at tenesta skal finansierast innafor dei økonomiske rammer som ligg til noverande tenester.
6. Prosjektgruppa skal fremja sak for kommunestyra i henhold til mandatet i løpet av 2008, kor endeleg beslutning om samanslåing skal tas.
7. Folkevaltes representantar til prosjektgruppa er

Handsaming/vedtak i Hovudutval for Livsløp den 17.06.2008 sak 29/08

Handsaming:

Framlegg frå Endre Ulsaker:

Endring i punkt 1: Hemsedal kommune ønskjer å arbeide for ei felles barnevernteneste med Gol kommune.

Framlegg frå Endre Ulsaker vedteke. Samrøystes.

Framlegg frå Johan Høglund:

Nytt punkt, 8: Det skal arbeidast for at også Nes og Flå kommunar blir med i samanslåinga av felles barnevernteneste.

Framlegg frå Johan Høglund vedteke. Samrøystes.

Framlegg frå Johan Høglund:

Folkevaltes representantar til prosjektgruppa er Helga Søland.

Framlegg frå Sveinung Halbjørhus:

Folkevaltes representantar til prosjektgruppa er Marianne Viljugrein.

Framlegg frå Sveinung Halbjørhus vart vedteke med 4 mot 3 røyster (leiar sin dobbeltstemme)

Innstillinga, punkta 2-6 vedteken. Samrøystes.

Vedtak:

Hovudutval for Livsløp si innstilling til kommunestyret.

1. Hemsedal kommune ønskjer å arbeide for ei felles barnevernteneste med Gol kommune
2. Målsetnaden er å etablere ei fellesteneste innan 01.01.09
3. Det skal opprettast ei prosjektgruppe for prosjektperioden fram til 01.01.09 bestående av barnevernsleiarar frå begge kommunane, personalleiar frå Gol kommune, tillitsvalt, samt ein folkevalt frå kvar av kommunane.
4. Prosjektgruppa sitt mandat er å fremja forslag til organisering av vertskommunesamarbeidet, organisering av tenesta, budsjett/økonomi og arbeidsvilkår for dei tilsette.
5. Føresetnad er at tenesta skal finansierast innafør dei økonomiske rammer som ligg til noverande tenester.
6. Prosjektgruppa skal fremja sak for kommunestyra i henhold til mandatet i løpet av 2008, kor endeleg beslutning om samanslåing skal tas.
7. Folkevaltes representant til prosjektgruppa er Marianne Viljugrein.
8. Det skal arbeidast for at også Nes og Flå kommunar blir med i samanslåinga av felles barnevernteneste.

Hemsedal kommune

Sakshandsaming

Saknr .: 43/08
Arkivsaksnr: 07/1271
Arkivkode: F32 &73

Saksbehandler: Janne M.B . Kirkebøen

Saksnummer	Utvalg	Møtedato
PS 30/08	Hovudutval for Livsløp	17.06.2008
PS 43/08	Kommunestyret	26.06.2008

OPPMODING OM BUSETTING AV FLYKTNINGAR - 2008

Saka blir avgjort av:

Kommunestyret

Vedlegg:

Plan for busetting og integrering av flyktningar i Hemsedal kommune

Dokument i saka:

Saksopplysningar:

Hemsedal kommune har motteke anmodning om busetting av flyktningar 2008 frå Integrerings og mangfoldsdirektoratet (Imdi)

Imdi har også tidligere i år tatt kontakt med forespørsel om busetting av overføringsflyktningar frå Kongo. Dette var på det tidspunktet ikkje aktuelt, då det må foreligge eit generelt kommunestyrevedtak om busetting for å kunne ta imot flyktningar til kommunen.

Hemsedal kommunestyre vedtok den 28.06.08 ”Plan for busetting og integrering av flyktningar i Hemsedal kommune”.

I planen står det at Hemsedal kommune i utgangspunktet ønskjer å busette familiar, eventuelt vurdere busetnad av einslege i bufellesskap, og at det må takast omsyn til etnisk nettverk.

Det står også at det må finnast ledig husvære med rimeleg avstand til oppvekstsenter eller offentlig kommunikasjon.

Hemsedal har eit samarbeide med Gol kommune (vaksenopplæringa) når det gjeld gjennomføring av introduksjonsprogrammet for vaksne flyktningar. Hemsedal har pr i dag ingen flyktningar på programmet.

Det har den siste tida kommet fleire overføringsflyktningar frå Kongo til Hallingdal, og det er etablert eit miljø på ca 20 kongolesere.

Det vil i løpet av hausten bli ein ledig bustad med plass til ein familie.

Når det gjelder bemanning, er det i utgangspunktet beregna at ca 50% stilling ved NAV-kontoret (tidlegare sosialkontoret) benyttast til oppfølging av flyktningar.

Som følge av kommunens nedskjæringer gjeldende i 2008, har det vorti kutta ei 40% stilling ved NAV-kontoret.

I tillegg er bemanningssituasjonen ekstra sårbar for tida som følge av nyetableringa av NAV-kontoret og mange nye arbeidsoppgåver for dei tilsette.

Forhold til overordna plan:

Plan for busetting og integrering av flyktningar i Hemsedal kommune.

Miljøkonsekvensar:

Ikkje vurdert

Økonomiske konsekvensar:

Kommunen mottok tilskot pr flyktning over ein femårsperiode når vi busett flyktningar. Satsane for 2008 er følgande:

Busettingsår:	Tilskot:
År 1	Kr 130 000,- (vaksne)
	Kr 110 000,- (barn)
År 2	Kr 123 400,-
År 3	Kr 99 600,-
År 4	Kr 73 000,-
År 5	Kr 70 000,-

I tillegg er det tilskuddsordningar for ekstra ressurskrevjande og for eldre flyktningar.

Det utbetalest tilskot for eit heilt år det første busettingsåret, uavhengig av når på året busettinga skjer.

For deltakarar på introduksjonsprogrammet, som er obligatorisk for vaksne nyankomne flyktningar, utbetalast det stønad over lønssystemet tilsvarende 2 G (kr 133 624,-).

Busettingskommunen er også ansvarleg for etablering i bustad, samt for utgifter til tolketenester.

Vurdering:

Hemsedal kommune har i sin handlingsplan sagt at dei i utgangspunktet ønskjer å busette flyktningar, men at det er ein del forutsetningar som må vere på plass.

Når det gjeld omsyn til etniask nettverk, er Hemsedal ei bygd med få flyktningar og begrensa moglegheit for å få til miljø av enkelte folkegrupper. Dersom ein velger å sjå Hallingdal under eitt er moglegheitane noko anneledes. Det kan vere ein god ide å ta omsyn til kva for folkegrupper som finst ellers i Hallingdal ved ei eventuell busetting. Det har kome ca 20 kongolesere til Hallingdal det siste året.

Det krev ein god del ressursar frå alle etatar å busette flyktningar. I den første perioden etter busetting er trykket ekstra stor på NAV (sosial). Ein må i vurderinga ta omsyn til at NAV-kontoret i 2008 er nedbemanna med ein 40% stilling, samt at kontoret er nyetablert og treng noko tid før det er heilt oppe og går. Med bakgrunn i dette kan det muligens vere lurt, dersom ein velg å busette flyktningar, å vente til sist på året, da kontoret har fått "satt seg" og da full bemanning er på plass igjen frå 1.januar. Dersom ein vel å busette utan å ha ressursar nok til oppfølging kan dette føre til flyktningar som mistrivst og som brukar lengre tid på å bli sjølvhjulpne, noko som igjen vil kunne føre til større utgifter for kommunen.

Hemsedal kommune må elles vurdere flyktningane sine behov for ein plass å bu opp mot den stramme kommuneøkonomien. Det er ingen tvil om at det å busette flyktningar er uforutsigbart når det gjeld økonomi. Flyktningane har ein del rettigheit og det er i stor grad den enkelte sine behov som gjer utslag på reknestykket. Det er derfor ikkje mogleg å på forhånd talfeste økonomien. Vi har erfart at busetting ved nokon tilfelle resulterer i eit overskot for kommunen, mens det ved andre høve har vist seg at tilskotet frå staten ikkje strekk til for å dekke utgiftane.

Rådmannen si tilråding:

1. Hemsedal kommune busett 1 husstand i 2008. Det bør primært vere ein familie, men det kan og vere aktuelt med bufellesskap med einslege vaksne.
2. Ein tar sikte på busetting i november/desember 2008

3. Det er ønskjeleg at desse kjem frå nasjonalitetar kor det allereie er etablert nettverk i Hallingdal, til dømes frå Kongo

Handsaming/vedtak i Hovudutval for Livsløp den 17.06.2008 sak 30/08

Handsaming:

Omforeint framlegg:

Siste del av setningen i punkt 3 ”, til dømes frå Kongo.”, går ut.

Nytt punkt 1: Hemsedal kommune busett 1 eller 2 husstandar i 2008.

Innstilling, samt omforeinte framlegg vedteken. Samrøystes

Vedtak:

Hovudutval for Livsløp si innstilling til kommunestyret.

1. Hemsedal kommune busett 1 eller 2 husstandar i 2008.
2. Ein tar sikte på busetting i november/desember 2008
3. Det er ønskjeleg at desse kjem frå nasjonalitetar kor det allereie er etablert nettverk i Hallingdal.

Hemsedal kommune

Sakshandsaming

Saknr .: 44/08
 Arkivsaksnr: 08/526
 Arkivkode: U63 &00

Saksbehandler: Marit Wøllo

Saksnummer	Utvalg	Møtedato
PS 23/08	Hovudutval for Livsløp	22.05.2008
PS 44/08	Kommunestyret	26.06.2008

ALKOHOLPOLITISKE RETNINGSLINER FOR HEMSEDAL KOMMUNE

Saka blir avgjort av:

Kommunestyret

Vedlegg:

Alkoholpolitiske retningeliner for Hemsedal kommune- dok. lagt ut til off.ettersyn

Dokument i saka:

27.03.2008	Hemsedal Avholdslag- merknad
31.03.2008	Hemsedal Turisttrafikklag- uttale
31.03.2008	Hemsedal KrF- innspel
05.04.2008	Hemsedal sentrumsforening

Saksopplysningar:

Formannskapet gjorde i sak 8/08 vedtak om å legge forslag til alkoholpolitiske retningslinjer ut til offentleg ettersyn.

Vedtak:

Reviderte alkoholpolitiske retningslinjer i to alternativ vert lagt ut til offentleg ettersyn i tida 01.03.08- 01.04.08.

Vedtaket vart kunngjort på kommunen sine nettsider og gjennom annonse i Hallingdølen. Alkoholpolitiske retningslinjer i 2 alternativ vart lagt ut til offentleg ettersyn på kommunen sine nettsider, i tenestetorget og på biblioteket.

Innan fristen har det kome det tre innspel, i tillegg vart eitt innspel levert etter at fristen var gått ut.

Hemsedal Turisttrafikklag hadde desse kommentarane:

- HTTL meiner det ikkje er grunnlag for å innføre innskrenkingane i det framlagde alternativ 2. Dette vert grunngeve med at det for reiselivsnæringa er viktig med forutsigbare vilkår. Det vert også peika på at det frå skjenkeverksemdene si side har vore ryddige tilhøve og at det ikkje har vorte avdekka særlege brot på retningslinene.
- HTTL argumenterer for oppstart av uteservering kl. 12 då dette er meir praktisk i høve til tidene for lunchservering.
- Lik tid for uteservering i heile kommunen. HTTL meiner dette ikkje vil ha nokon negativ innverknad på miljøet i sentrum. Det vert også peika på at dei vermessige tilhøva i Hemsedal set naturlege begrensingar for uteserveringa. HTTL føresler at dette kan bli innført i ein prøveperiode på to år, for å bli evaluert og forlenga for resten av perioden, eventuelt gå tilbake til dagens praksis.

Hemsedal KrF støttar alternativ 2 i forslaget til alkoholpolitiske retningslinjer. Dei har vidare desse spesifikke merknadane:

- 2.1 og 2.1. KrF meiner det er uheldig at barn og ungdom er tilstades på diskotek og nattklubbar der det vert skjenka alkohol. Dei ynskjer ikkje å gje unntak for buande gjester ved overnattingsstader.
- 3.1 og 3.3 KrF vil jobbe aktivt for å få ned alkoholforbruket, eit verkemiddel meiner dei er å innføre skjenketid til kl. 00.00, men dei vil støtte framlegg om skjenking til kl. 01.00.
- 6.3 og 6.4. Hovudutval for livsløp tildeler løyve for einskilde høve. Dette vert grunngeve med at dersom rådmannen kan halde fram med å tildele løyve for einkilde høve og utvide skjenketida for eitt enkelt høve, vil den politiske styringa av alkoholpolitikken i Hemsedal bli svekka. Hemsedal KrF ynskjer at politikarane skal styre alkoholpolitikken i Hemsedal og meiner dei får mindre reel innverknad ved at rådmannen har delegert mynda.

Hemsedal Avholdslag har gjeve generelle merknader til alkoholpolitiske retningslinene.

- Forventar at politikarane legg vekt på å føre ein restriktiv alkoholpolitikk.
- Hemsedal Avholdslag meiner politikarane let seg styre av turistnæringa og skjenkestadene sine behov.
- Alkoholfrie soner. Hemsedal Avholdslag meiner det er kommunen sitt ansvar å legge til rette for alkoholfrie kafear og opphaldsstader.
- Det bør ikkje vere skjenking i skisenteret sine opningstider.
- Skjenketid til kl. 00.00 med opningstid til 00.30.
- Kontroll av sals- og skjenkestader ein gong pr. månad i vintersesongen.

Planlagt saksgang av alkoholpolitiske retningslinjer var lagt opp med frist for innspel 1.april og handsaming i Hlivs 10. april. Tida til sakshandsaming viste seg å vere for knapp i høve til frist for innlevering av saker.

Planlagt saksgang for alkoholpolitiske retningsliner for Hemsedal kommune:

- | | |
|-------|---|
| 28.02 | Hovudutval for livsløp: Handdsaming av administrasjonen sitt utkast til alkoholpolitiske retningsliner. |
| 01.03 | Reviderte alkoholpolitiske retningsliner vert lagt ut til offentleg ettersyn. |
| 01.04 | Frist for innspel til alkoholpolitiske retningsliner. |
| 01.04 | Søknadsfrist for nye sals- og skjenkeløyve. |
| 22.05 | Hovudutval for livsløp: Handsaming av reviderte alkoholpolitiske retningsliner. |
| 19.06 | Hovudutval for livsløp: Handsaming av sals- og skjenkeløyve. Vedtek innstilling til kommunestyret. |
| 26.06 | Kommunestyret: Handsaming av reviderte alkoholpolitiske retningsliner |
| 26.06 | Kommunestyret: Tildeling av sals- og skjenkeløyve. |

Forhold til overordna plan:

Kommunen har etter alkohollova §1-7d plikt til å utarbeide ein alkoholpolitisk handlingsplan. Handlingsplanen bør synleggjere dei alkoholpolitiske hovudmåla og delmåla som kommunen legg til grunn for alkoholpolitikken sin. Planen bør også synleggjere verkemidla kommunen vil ta i bruk for å nå måla.

Ein alkoholpolitisk handlingsplan bør også sjåast i samanheng med kommunen sitt rusmiddelpolitisk arbeid. Hemsedal kommune har for tida ikkje nokon oppdatert ruspolitisk plan. Arbeidet med ein slik plan er sett i gang. Alkoholpolitiske retningsliner bør bli del av ein rusmiddelpolitisk handlingsplan.

Miljøkonsekvensar:

Hemsedal kommune sin politikk i høve til sal og skjenking av alkohol har stor innverknad på miljøet i bygda. Fleire av høyringsuttalene er opptekne av dette. Det blir etterlyst alkoholfrie stader for ungdom, og det blir kravd strengare kontroll av skjenkestadene i vintersesongen. På den andre sida blir det hevda frå næringa at skjenking i kontrollerte former skapar eit betre miljø enn den drikkinga som skjer på hotellrom og hytter i privat regi. Hemsedal er ein turistkommune, og det vil stadig kome til overflata konflikhtar mellom omsynet til gjestene og omsynet til dei fastbuande, og kanskje særleg til ungdommen. Både omfanget av skjenkeløyve og tidsrommet for skjenking vil bli bevisste politiske val i høve til kva omsyn som tel mest.

Økonomiske konsekvensar:

Alle stader med sals- og skjenkeløyve betaler avgift til kommunen etter omsett mengde alkohol. For 2008 vil dette utgjere i overkant av kr.170 000.

Vurdering:

Innspela til alkoholpolitiske retningsliner speglar godt dei rådande haldningane til denne delen av Hemsedal sitt næringsliv og er både ideologisk og næringspolitisk godt forankra. Dei

alkoholpolitiske retningslinene skal, som det vert peika på i innspelet frå Hemsedal Avholdslag, ta omsyn til innbyggjarane i Hemsedal og som Hemsedal Tursittrafiklag poengterer, legge forutsigbare rammer og føringar for reiselivsnæringa.

Opningstider

Eitt av dei momenta det har vore sett fokus på også i andre kommunar er opningstidene. Fleire kommunar har i si revidering av alkoholpolitiske retningsliner vurdert og fått innspel på ei innskjerping av skjenketidene, slik også Hemsedal KrF og Hemsedal Avholdslag har foreslått her. Begge ynskjer å innføre midnatt som skjenketidsgrense. Praktis viser at skjenkegrense kl. 02.00, som Hemsedal har i dag, er svært utbreidd. Det er heller ikkje uvanleg at nattklubbar har lengre skjenke- og opningstid enn andre utestader. Slik er det ikkje i Hemsedal, alle har moglegheit for lik skjenketid.

Politikarane i Hemsedal innførde i førre kommunestyreperiode ei restriktiv line for skjenkestader sin moglegheit for å få innvilga utvida skjenketid, jf Hlivs sak 43/05 der einskilde høve blei spesifisert.

Administrasjonen opplever at næringen etterføl denne praksisen og aksepterer skjenketidsgrensa.

Ansvar og mynde

Rådmannen har delegert mynde til å tildele løyve for eitt enkelt høve eller utvide eit eksisterande løyve for eitt enkelt høve. I innspelet frå KrF vert det argumentert med at politikarane i Hemsedal får betre styring med alkoholpolitikken ved å overføre dette ansvaret til Hovudutval for livsløp.

Det er i dag administrasjonen som har mynde til å tildele løyve for eitt enkelt høve og utvide eit eksisterande løyve for eitt enkelt høve. Alle søknader om permanente løyve i løpet av løyveperioden vert avgjort av formannskapet etter innstilling frå Hovudutval for livsløp.

Forslaget om å ta frå administrasjonen mynde til å tildele løyve for eitt enkelt høve, medfører å endre ei ordning som fungerer godt. Administrasjonen kan gjennomføre effektiv sakshandsaming, og ordninga gjer at søkjar får raskt svar på søknaden sin.

Dersom Hovudutval for livsløp skal tildele desse løyva vil det medføre full politisk sakshandsaming. Det betyr ei stor auka arbeidsmengde for sakshandsamar og lang handsamingstid, opptil 6 veker. Administrasjonen spør om dette er god ressursbruk?

Eit viktig moment i denne vurderinga er at det i 2005 vart gjeve signal frå politikarane om misnøye med den regjerande liberale praksisen ved å innvilge utvida skjenketid. Det vart gjennomført ein prosess der det vart tydeleggjort vilkår for å få innvilge utvida skjenkeløyve, jf alkoholpolitiske retningsliner pkt. 6.

Administrasjonen vil påpeike at det dei siste åra ikkje ofte har vorte innvilga utvida skjenketid og næringen har retta seg etter dei innskjerpingane politikarane sette. Det har også vorte innført praksis med å sende søknader til politisk avgjerdsle i dei tilfelle administrasjonen ynskjer ei retningsgjevande vurdering.

Administrasjonen vil difor hevde at dagens pkt 6.3 (nytt pkt. 6.4) i alkoholpolitiske retningsliner gjev politikarane god styring av alkoholpolitikken i Hemsedal kommune.

Alkoholservering i alpinanlegg

Hemsedal kommune har ført ei restriktiv line når det gjeld skjenking av alkohol i tilknytning til alpinanlegg. Dette er innfelt i dei alkoholpolitiske retningslinene pkt. 1.7: Det blir ikkje gjeve skjenkeløyve for serveringsstader i alpinanlegga sine opningstider, unnateke i samband med restaurantdrift i baseområdet.

Administrasjonen ser at utvikling og utbygging som skjer i tilknytning til alpinanlegga kan medføre utfordringar for tolking og handsaminga av skjenkepolitikken.

Konkrete døme kan vere kva område skal definerast som baseområdet eller kva kriterium set skilje mellom restaurant og kafeteria.

Det er difor viktig at politikarane har eit langsiktig perspektiv med tanke på utforminga av retningslinene og dei vilkår dei set for skjenkestadene i tilknytning til alpinanlegg.

Alkoholfrie tilbod og soner – særleg for ungdom

Det blir etterlyst fleire alkoholfrie tilbod for ungdom. Dette er eit viktig punkt, men handsaminga av dette høyrer, etter sakshandsamar si vurdering, ikkje heime i desse retningslinene. Retningslinene skal leggeje føringar for korleis ein, i kontrollerte former, skal praktisere sals- og skjenkeløyva i kommunen. Hemsedal kommune har i dag eit alkoholfritt tilbod til ungdomen gjennom ungdomsklubben. Ungdomane i bygda samlar seg også det alkoholfritt tilbod som vert gjeve på Ulsåk. I løpet av siste åra har Hemsedal også fått eit tilskot av eit totalt alkoholfritt fullservicetilbod i Lio. Tankar om eventuelt fleire slike tilbod bør takast opp som eiga sak, og bør skje i samarbeid med turistnæringa.

Alkoholpolitiske retningsliner i 2 alternativ som vart lagt ut til offentleg høyring er vedlagt saka. Administrasjonen synleggjer si tilråing der teksten i alternativet er markert med grått.

Rådmannen si tilråing:

Kommunestyret vedtek alkoholpolitiske retningsliner for Hemsedal kommune.

Handsaming/vedtak i Hovudutval for Livsløp den 22.05.2008 sak 23/08

Handsaming:

Kap. 1.

Administrasjonen sitt framlegg vedteken. Samrøystes

Kap 2

Pkt 2.1

KRF sette fram forslag om alternativ 1 i administrasjonen sitt forslag

Alternativ 2 i administrasjonen sitt forslag fekk 1 røyst

KRF sitt forslag om alternativ 1 i administrasjonen sitt framlegg fekk 5 røyster

Pkt 2.2

KRF sette fram forslag om alternativ 1 i administrasjonen sitt forslag

Alternativ 2 i administrasjonen sitt forslag fekk 1 røyst

KRF sitt forslag om alternativ 1 i administrasjonen sitt framlegg fekk 5 røyster

Pkt 2.3

Innstilling vedteken. Samrøystes

Pkt 2.4

Innstilling vedteken. Samrøystes

Pkt 2.5

Innstilling vedteken. Samrøystes

Pkt 2.6.1

AP sette fram forslag om at 2. 6.1 skal fjernast

AP sitt forslag fekk 2 røyster (H,A)

Administrasjonen sitt framlegg fekk 4 røyster

Pkt 2.6.2

Innstilling vedteken. Samrøystes

Kap. 3

Pkt 3.1

KRF sette fram forslag om alternativ 2 i administrasjonen sitt framlegg

SV sette fram forslag om at alternativ 1 administrasjonen sitt forslag og med eit nytt 2. ledd Serveringsstader i Trøim med skjenkeløyve etter pkt 2.1 og 2.2 har skjenketid til kl 01.00 og opningstid til 01.30

SP sette fram forslag om Serveringsstader med skjenkeløyve etter pkt 2.1 og 2.2 har skjenketid til kl 01.30 og opningstid til 02.30

Det vart først røysta over KRF sitt forslag, alternativ 1 mot alternativ 2 i administrasjonen sitt forslag

KRF sitt forslag om alternativ 1 i administrasjonen sitt framlegg fekk 1 røyst

Alternativ 2 i administrasjonen sitt framlegg fekk 5 røyster.

Det vart røysta over SV sitt framlegg mot alternativ 2 i administrasjonen sitt framlegg

SV sitt forslag fekk 2 røyster (SV, Krf)

Alternativ 2 i administrasjonen sitt framlegg fekk 4 røyster (SP, H, Ap)

Det vart røysta over SP sitt forslag mot alternativ 2 i administrasjonen sitt framlegg

SP sitt forslag fekk 4 røyster (SP, SV og Krf)

Alternativ 2 i administrasjonen sitt forslag fekk 2 røyster (H, Ap)

Pkt 3.2

AP sette fram forslag om at verksemder i Trøim sentrum har skjenketid frå kl 15.00

AP sitt forslag fekk 2 røyster (Ap, H)

Administrasjonen sitt framlegg fekk 4 røyster (SP, SV og Krf)

Pkt 3.3

SP sette fram forslag om at Skjenking skal avsluttast seinast kl 01.30.

Sp sitt forslag fekk 4 røytser (SP, SV og Krf)

Administrasjonen sitt framlegg Alt. 1 fekk 2 røyster (H, Ap)

Pkt 3.4

SP sette fram forslag om at stengetid for serveringsstadane er 1 time etter at skjenketida er ute.

SP sitt forslag fekk 5 røyster (SP, SV, Krf, H)

Administrasjonen sitt framlegg fekk 1 røyst (Ap)

Kap 4

Administrasjonen sitt framlegg vekteken. Samrøystes

Kap.5

Administrasjonen sitt framlegg vedteken. Samrøystes

Kap 6

Krf sette fram forslag : Alt. 2

KRF trekte forslaget

Administrasjonen sitt framlegg alt 1 vedteken. Samrøystes

Vedtak:

Hovudutval for Livsløp si innstilling til kommunestyret:

Kommunestyret vedtek alkoholpolitiske retningslinjer for Hemsedal kommune med følgende endringer:

Pkt 2.1 Løyve for alkoholhaldig drikk i gruppe 1, 2, og 3ⁱ

Verksemder som kan tildelast skjenkeløyve for alkoholhaldig drikk i gruppe 1, 2 og 3 :

- Overnattingsverksemder
- Spiserestaurantar / restaurantar med dans.
- Barar/pubar
- Diskotek/nattklubb kategori 2
Definisjon diskotek/nattklubb kat. 2: Dansegolvet og musikkanlegg er sentrum / trekkplaster - staden har aldersgrense min. 20 år.

Pkt 2.2 Løyve for alkoholhaldig drikk i gruppe 1 og 2

Verksemder som kan tildelast skjenkeløyve for alkoholhaldig drikk i gruppe 1 og 2 er:

- Nattklubbar/diskotek kategori 1
Definisjon diskotek/nattklubb kat. 1: Dansegolvet og musikkanlegg er sentrum/trekkplaster - staden har aldersgrense 18 år. .
 - Vegkroer, kafeteriaer, kafear og kaffibarar
-

Pkt 3.1 Skjenkestader:

Serveringsstader med skjenkeløyve etter pkt 2.1 og 2.2 har skjenketid til kl 01.30 og opningstid til 02.30

Pkt 3.3 Ambulerande skjenkeløyve

Skjenking skal avsluttast seinast kl 01.30.

Pkt 3.4 Stengetid:

Konsum av utskjenkt alkoholhaldig drikke må opphøyre seinast 30 minutt etter at skjenketida er ute. Stengetidspunkt for serveringsstadane blir som hovudregel sett 1 time etter at skjenketida er ute.

Kommunen kan, der alkoholpolitiske tilhøve tilseier dette, setje tidsavgrensingar for skjenking og sal av alkoholhaldige varer, som er kortare enn dei tidsrammer som alkohollova § 4-4 gjev.

Hotell og andre overnattingsstader kan skjenke alkohol til overnattingsgjestene sine uavhengig av desse føresegnene. Det er ein føresetnad at slik skjenking føregår i andre lokale enn dei vanlege skjenkelokala. Brennevin kan berre skjenkast i den ordinære skjenketida, jf. merknader til alkohollova § 4.4.5.

Hemsedal kommune

Sakshandsaming

Saknr .: 45/08
Arkivsaksnr: 08/214
Arkivkode: U62

Saksbehandler: Marit Wøllo

Saksnummer	Utvalg	Møtedato
PS 31/08	Hovudutval for Livsløp	17.06.2008
PS 45/08	Kommunestyret	26.06.2008

SALSLØYVE 2008-2012

Saka blir avgjort av:

Kommunestyret

Vedlegg:

Ingen

Dokument i saka:

20.02.2008 SØKNAD OM SALSLØYVE 2008-2012- REVIDERING AV
ALKOHOLPOLITISKERETNINGSLINER- INFORMASJON OM SAKSGANG

31.03.2008 SØKNAD SALSLØYVE 2008-2012- COOP MARKED HEMSEDAL TRØIM

31.03.2008 SØKNAD SALSLØYVE 2008-2012- COOP MARKED HEMSEDAL TUV

03.03.2008 HEMSEDAL LAVPRIS AS (KIWI) - SALSLØYVE 2008-2012-

07.04.2008 SØKNAD SALSLØYVE 2008-2012- HOVTUN DAGLIGVARE AS

11.04.2008 SØKNAD SALSLØYVE 2008-2012- NG SPAR INNLAND AS AVD. HEMSEDAL

07.05.2008 - UTTALE - SALSLØYVE 2008-2012

Saksopplysningar:

Alle salsløyve skal handsamast av kommunestyret innan 30.juni året etter at nytt kommunestyre er trådd i funksjon, jfr. Alkohollova § 1-6. Løyvet kan gjevast for inntil 4 år.

Alkoholpolitiske retningslinjer for Hemsedal kommune er under revidering og vil bli endeleg handsama i kommunestyremøte 26.06.2008. Denne retningslina dannar grunnlaget for tildeling av salsløyve i Hemsedal kommune

Det har kome 5 søknader om salsløyve for denne fireårsperioden. Alle søknadane omfattar sal av alkoholhaldig drikk under 4,7 vol% alkohol.

Søknadene er frå:

Coop marked, Trøim

Coop marked, Tuv

Hovtun dagligvarer, Rimi

Kiwi avd. Hemsedal

Spar Innland, avd. Hemsedal

1. Coop Østafjells søker om salsløyve for alkoholhaldig drikk gruppe 1 i perioden 1.7.2008 til 30.6.2012 for salsstaden Coop Marknad Trøim

Løyvesøkjar	Coop Østafjells BA. Org.nr 915 402 356	
Utsalsstad	Coop Marknad Trøim	
Styrrar	Nils Traa	
Vikar for styrrar	Unni Jordheim	
Type verksemd	Nærbutikk med daglegvarer	
Omsøkt salstid	09.00- 20.00 (må- fr)	09.00- 18.00 (dag før søn- heilagdag)
Opningstid	09.00- 20.00 (må- fr)	09.00- 18.00 (dag før søn- heilagdag)
Salsareal	279 m ² butikkareal	

Styrrar og vikar for styrrar har gjennomført og bestått kunnskapsprøven om alkohollova.

2. Coop Østafjells søker om salsløyve for alkoholhaldig drikk gruppe 1 i perioden 1.7.2008 til 30.6.2012 for salsstaden Coop Marknad Tuv

Løyvesøkjar	Coop Østafjells BA. Org.nr 915 402 356	
Utsalsstad	Coop Marknad Tuv	
Styrrar	Astrid Bergersen	
Vikar for styrrar	Nils Traa	
Type verksemd	Nærbutikk med daglegvarer	
Omsøkt salstid	09.00- 20.00 (må- fr)	09.00- 18.00 (dag før søn- heilagdag)
Opningstid	09.00- 20.00 (må- fr)	09.00- 18.00 (dag før søn- heilagdag)
Salsareal	256 m ² butikkareal	

Styrrar og vikar for styrrar har gjennomført og bestått kunnskapsprøven om alkohollova.

3. Hemsedal Lavpris AS søker om salsløyve for alkoholhaldig drikk gruppe 1 i perioden 1.7.2008 til 30.6.2012 for salsstaden Kiwi avd 218 Minipris.

Løyvesøkjar	Hemsedal Lavpris AS Org.nr 974 982 781	
Utsalsstad	Kiwi avd 218 Minipris	
Styrar	Oddbjørn Halbjørhus	
Vikar for styrar	Biljana Velic	
Type verksemd	Daglegvarer med faste låge prisar, mat, drikke og diverse tilbehør.	
Omsøkt salstid	09.00- 20.00 (må- fr)	09.00- 20.00 (dag før søn-heilagdag)
Opningstid	09.00- 21.00 (må- to) 09.00-.23.00 (fr)	09.00- 20.00 (dag før søn-heilagdag)
Salsareal	600 m ² butikkareal	

Styrar og vikar for styrar har gjennomført og bestått kunnskapsprøven om alkohollova.

4. Hovtun Dagligvare AS søkjer om salsløyve for alkoholhaldig drikk gruppe 1 i perioden 1.7.2008 til 30.6.2012 for salsstaden ICA Hemsedal

Løyvesøkjar	Hovtun dagligvare AS Org.nr 982 763 819	
Utsalsstad	ICA Hemsedal	
Styrar	Bjarne Mythe	
Vikar for styrar	Kjell Terje Mythe	
Type verksemd	Daglegvareforretning tilknytt ICA Nær- kjeda med breitt daglegvaresortiment	
Omsøkt salstid	09.00- 20.00 (må- fr)	09.00- 18.00 (dag før søn-heilagdag)
Opningstid	08.00- 21.00 (må- fr)	08.00- 19.00 (dag før søn-heilagdag)
Salsareal	630 m ² butikkareal	

Styrar og vikar for styrar har gjennomført og bestått kunnskapsprøven om alkohollova.

5. NG Spar innland AS avd hemsedal søkjer om salsløyve for alkoholhaldig drikk gruppe 1 i perioden 1.7.2008 til 30.6.2012 for salsstaden NG Spar innland AS avd Hemsedal

Løyvesøkjar	NG Spar inland As avd Hemsedal Org.nr 975 972 720	
Utsalsstad	Spar Hemsedal	
Styrar	Olaug Skaret Lund	
Vikar for styrar	Britt Anen Holtet	
Type verksemd	Daglegvarehandel med fullsortimentutval av matvare og andre artiklar knytt til hushaldning.	
Omsøkt salstid	09.00- 20.00 (må- fr)	09.00- 18.00 (dag før søn-heilagdag)
Opningstid	08.00- 21.00 (må- fr)	08.00- 19.00 (dag før søn-heilagdag)
Salsareal	850 m ² butikkareal	

Styrar og vikar for styrar har gjennomført og bestått kunnskapsprøven om alkohollova.

Søknadane er i medhald av alkohollova § 1-7 og vandelskrava i samme lov § 1-7b og 1-7c sendt lensmannen for uttale.

I tillegg er saka sendt sosialkontoret i kommunene til uttale, jf § 1-7 i alkohollova.

Det ligg føre skatteattestar for løyvesøker, eigarar og dagleg leiar.

Forhold til overordna plan:

Alle skjenkeløyve må handsamast etter alkohollova med føresegner og alkoholpolitiske retningslinjer for Hemsedal kommune

Miljøkonsekvensar:

Ikkkje vurdert.

Økonomiske konsekvensar:

Etter forskrift om omsetjing av alkoholhaldig drikk §6-2 skal sals- og skjenkegebyr følgje desse satsane:

Sal: Gr.1 0,17 pr. liter

Skjenking: Gr.1: 0,34 pr. liter

Gr.2: 0.94 pr. liter

Gr.3: 3,07 pr. liter

Minstegebyr ved sal skal være kr. 1 200,-, og ved skjenking kr. 3 500,-. Kommunen kan i særlege tilfelle bestemme at gebyret kan setjast lågare.

For 2007 er det fakturert sals- og skjenkegebyr for kr. 234.000,- i Hemsedal.

Budsjetterte utgifter for 2008:

Inntekter frå alkoholavgifter	170 000,-	
Kostnader sals- og skjenkekontroll		60 000,-
Lønskostnadar 20% stilling		88 000,-
<u>Opplæring</u>		<u>5 000,-</u>
	170 000,-	153 000,-
Resultat (overskot)	17 000	

Overskot frå sals- og skjenkegebyr skal overførast kto. 2010.2311 aktiviteter barn og unge

Vurdering:

I alkoholpolitiske retningslinjer, pkt. 5, heiter det:

”Ordinære daglegvareforretningar kan etter søknad få innvilga løyve til sal av alkoholhaldige varer med inntil 4,7 volumprosent alkohol, jf. alkohollova § 3-1.

Sal av alkohol er tillete frå kl 09.00 til kl 20.00 måndag til fredag, og frå kl 09.00 til kl 18.00 laurdag og andre kvardagar som er siste dag før heilagdag, jf. alkohollova § 3-7.

Sal av alkohol gr.1 er ikkje tillete på valdagar, søndagar, heilagdagane eller 1. og 17.mai, jf. alkohollova § 3-7”

Det er henta inn uttale om verksemdene og styrarar frå politiet, skattefogden i Buskerud og Skatteinnkrevaren i Hemsedal. Det var ingen merknadar til nokon av søkjarane.

Sosialkontoret har ikkje gjeve uttale.

Dei fem daglegvareforretningane som har søkt om salsløyve for alkoholhaldig drikk med inntil 4,7 volumprosent alkohol, får omsøkte løyve i tråd med p.5 i Alkoholpolitiske retningslinjer.

Ingen av høyringsinstansene har merknader og rådmannen rår til at løyve for sal av alkoholholdig drikk gruppe 1 vert gjeve for perioden 1.7.2008 til og med 30.6.2012.

Rådmannen si tilråding:

I medhald av alkohollova m/forskrifter vert det gjeve salsløyve for alkoholholdig drikk gruppe 1 etter følgjande spesifikaasjonar:

1. Coop Østafjells

Løyvesøkjar	Coop Østafjells BA. Org.nr 915 402 356	
Utsalsstad	Coop Marknad Trøim	
Styrar	Nils Traa	
Vikar for styrar	Unni Jordheim	
Type verksemd	Nærbutikk med daglegvarer	
Salstid	09.00- 20.00 (må- fr)	09.00- 18.00 (dag før søn- heilagdag)
Opningstid	09.00- 20.00 (må- fr)	09.00- 18.00 (dag før søn- heilagdag)
Salsareal	279 m ² butikkareal	

2. Coop Østafjells

Løyvesøkjar	Coop Østafjells BA. Org.nr 915 402 356	
Utsalsstad	Coop Marknad Tuv	
Styrar	Astrid Bergersen	
Vikar for styrar	Nils Traa	
Type verksemd	Nærbutikk med daglegvarer	
Salstid	09.00- 20.00 (må- fr)	09.00- 18.00 (dag før søn- heilagdag)
Opningstid	09.00- 20.00 (må- fr)	09.00- 18.00 (dag før søn- heilagdag)
Salsareal	256 m ² butikkareal	

3. Hemsedal Lavpris As

Løyvesøkjar	Hemsedal Lavpris AS Org.nr 974 982 781	
Utsalsstad	Kiwi avd 218 Minipris	
Styrar	Oddbjørn Halbjørhus	
Vikar for styrar	Biljana Velic	
Type verksemd	Daglegvarer med faste låge prisar, mat, drikke og diverse tilbehør.	
Salstid	09.00- 20.00 (må- fr)	09.00- 20.00 (dag før søn- heilagdag)
Opningstid	09.00- 21.00 (må- to)	09.00- 20.00 (dag før søn- heilagdag)
	09.00-23.00 (fr)	
Salsareal	600 m ² butikkareal	

4. Hovtun dagligvare AS

Løyvesøkjar	Hovtun dagligvare AS Org.nr 982 763 819	
Utsalsstad	ICA Hemsedal	
Styrar	Bjarne Mythe	
Vikar for styrar	Kjell Terje Mythe	
Type verksemd	Daglegvareforretning tilknytta ICA Nær- kjeda med breitt daglegvaresortiment	
Salstid	09.00- 20.00 (må- fr)	09.00- 18.00 (dag før søn- heilagdag)
Opningstid	08.00- 21.00 (må- fr)	08.00- 19.00 (dag før søn- heilagdag)
Salsareal	630 m ² butikkareal	

5. NG Spar innlad AS avd Hemsedal

Løyvesøkjar	NG Spar inland As avd Hemsedal Org.nr 975 972 720	
Utsalsstad	Spar Hemsedal	
Styrar	Olaug Skaret Lund	
Vikar for styrar	Britt Anen Holtet	
Type verksemd	Daglegvarehandel med fullsortimentutval av matvare og andre artiklar knytt til hushaldning.	
Salstid	09.00- 20.00 (må- fr)	09.00- 18.00 (dag før søn- heilagdag)
Opningstid	08.00- 21.00 (må- fr)	08.00- 19.00 (dag før søn- heilagdag)
Salsareal	850 m ² butikkareal	

Vedtaket kan påklagast etter § 1-16 i alkohollova. Klagefristen er tre veker etter at vedtaket er vorte gjort kjent, jf. Forvaltningslova kap VI.

Handsaming/vedtak i Hovudutval for Livsløp den 17.06.2008 sak 31/08**Handsaming:**

Innstilling vedteken. Samrøystes.

Vedtak:

Hovudutval for Livsløp si innstilling til kommunestyret.

I medhald av alkohollova m/forskrifter vert det gjeve salsløyve for alkoholholdig drikk gruppe 1 etter følgjande spesifikasjonar:

6. Coop Østafjells

Løyvesøkjar	Coop Østafjells BA. Org.nr 915 402 356	
Utsalsstad	Coop Marknad Trøim	
Styrrar	Nils Traa	
Vikar for styrrar	Unni Jordheim	
Type verksemd	Nærbutikk med daglegvarer	
Salstid	09.00- 20.00 (må- fr)	09.00- 18.00 (dag før søn- heilagdag)
Opningstid	09.00- 20.00 (må- fr)	09.00- 18.00 (dag før søn- heilagdag)
Salsareal	279 m ² butikkareal	

7. Coop Østafjells

Løyvesøkjar	Coop Østafjells BA. Org.nr 915 402 356	
Utsalsstad	Coop Marknad Tuv	
Styrrar	Astrid Bergersen	
Vikar for styrrar	Nils Traa	
Type verksemd	Nærbutikk med daglegvarer	
Salstid	09.00- 20.00 (må- fr)	09.00- 18.00 (dag før søn- heilagdag)
Opningstid	09.00- 20.00 (må- fr)	09.00- 18.00 (dag før søn- heilagdag)
Salsareal	256 m ² butikkareal	

8. Hemsedal Lavpris As

Løyvesøkjar	Hemsedal Lavpris AS Org.nr 974 982 781
Utsalsstad	Kiwi avd 218 Minipris
Styrrar	Oddbjørn Halbjørhus
Vikar for styrrar	Biljana Velic

Type verksemd	Daglegvarer med faste låge prisar, mat, drikke og diverse tilbehør.	
Salstid	09.00- 20.00 (må- fr)	09.00- 20.00 (dag før søn- heilagdag)
Opningstid	09.00- 21.00 (må- to) 09.00- 23.00 (fr)	09.00- 20.00 (dag før søn- heilagdag)
Salsareal	600 m ² butikkareal	

9. Hovtun dagligvare AS

Løyvesøkjar	Hovtun dagligvare AS Org.nr 982 763 819	
Utsalsstad	ICA Hemsedal	
Styrrar	Bjarne Mythe	
Vikar for styrrar	Kjell Terje Mythe	
Type verksemd	Daglegvareforretning tilknytta ICA Nær- kjeda med breitt daglegvaresortiment	
Salstid	09.00- 20.00 (må- fr)	09.00- 18.00 (dag før søn- heilagdag)
Opningstid	08.00- 21.00 (må- fr)	08.00- 19.00 (dag før søn- heilagdag)
Salsareal	630 m ² butikkareal	

10. NG Spar innlad AS avd Hemsedal

Løyvesøkjar	NG Spar inland As avd Hemsedal Org.nr 975 972 720	
Utsalsstad	Spar Hemsedal	
Styrrar	Olaug Skaret Lund	
Vikar for styrrar	Britt Anne Holtet	
Type verksemd	Daglegvarehandel med fullsortimentutval av matvare og andre artiklar knytt til hushaldning.	
Salstid	09.00- 20.00 (må- fr)	09.00- 18.00 (dag før søn- heilagdag)
Opningstid	08.00- 21.00 (må- fr)	08.00- 19.00 (dag før søn- heilagdag)
Salsareal	850 m ² butikkareal	

Vedtaket kan påklagast etter § 1-16 i alkohollova. Klagefristen er tre veker etter at vedtaket er vorte gjort kjent, jf. Forvaltningslova kap VI.

Hemsedal kommune

Sakshandsaming

Saknr .: 46/08
Arkivsaksnr: 08/709
Arkivkode: U63

Saksbehandler: Marit Wøllo

Saksnummer	Utvalg	Møtedato
PS 34/08	Hovudutval for Livsløp	17.06.2008
PS 46/08	Kommunestyret	26.06.2008

<i>FORLENGING AV SKJENKELØYVE 2004- 2008 - SKOGSTAD HOTELL AS</i>
--

Saka blir avgjort av:

Kommunestyret

Vedlegg:

Ingen

Dokument i saka:

02.06.2008 SØKNAD OM SKJENKELØYVE FFQBVV- SKOGSTAD HOTELL AS

Saksopplysningar:

Alle skjenkeløyve skal handsamast av kommunestyret innan 30.juni året etter at nytt kommunestyre er trådd i funksjon, jf. Alkohollova § 1-6. Løyvet kan gjevast for inntil 4 år. Dersom sakshandsaminga av nye løyver ikkje er klar innan løyveperioden sitt utløp, kan løyvet bli gjort gyldig for ytterlegare 3 månader.

Administrasjonen har sendt brev til alle skjenkestader der det vert opplyst om framdriftsplan for handsaminga og frist for innsending av søknad.

Administrasjonen varsla dei bedriftene som ikkje hadde levert søknaden inna tida.

Hemsedal kommune mottok søknaden om skjenkeløyve frå Skogstad hotell for seint til at ein kunne innhente dei opplysningane om søkjar som alkohollova 1-7b krev.

Forhold til overordna plan:

Alkohollova § 1-6 om løyveperioden opnar for at dersom spørsmålet om fornya løyve ikkje er andeleg avgjort innan utløpet av løyveperioden, er løyver framleis gyldig til utgangen av den

månaden der endeleg vedtak om nytt løyve skal treffast. Løyvet kan likevel ikkje vere gyldig utover 3 månader frå starten av den nye løyveperioden.

Miljøkonsekvensar:

Ikkje vurdert

Økonomiske konsekvensar:

Ingen

Vurdering:

For å sikre ei god handsaming av alle skjenkeløyve for perioden 2008 – 2012 er det viktig at søknadane blir handsama ferdig før ein innvilgar nytt løyve. Sakshandsamar tilrår difor at Skogstad Hotell sitt skjenkeløyve vert forlenga til 30.09.08.

Rådmannen si tilråding:

Skogstad hotell får utvida skjenkeløyvet til 30.09.2008.
Alle sakspapir med vedlegg skal vere kommunen i hende innan 1.juli 2008

Handsaming/vedtak i Hovudutval for Livsløp den 17.06.2008 sak 34/08

Handsaming:

Omforeint framlegg:

”utvida” i framlegg til vedtak blir erstatta med ”forlenga” med skjenketid til kl 01.30.

Innstilling samt omforeint framlegg vedteken. Samrøystes.

Vedtak:

Hovudutval for Livsløp si innstilling til kommunestyret.

Skogstad hotell får forlenga skjenkeløyvet til 30.09.2008 med skjenketid til kl 01.30.
Alle sakspapir med vedlegg skal vere kommunen i hende innan 1.juli 2008

Hemsedal kommune

Sakshandsaming

Saknr .: 47/08
 Arkivsaksnr: 08/705
 Arkivkode: U63

Saksbehandler: Marit Wøllo

Saksnummer	Utvalg	Møtedato
PS 35/08	Hovudutval for Livsløp	17.06.2008
PS 47/08	Kommunestyret	26.06.2008

<p><i>FORLENGING AV SKJENKELØYVE 2004- 2008 - HEMSEDAL CAFE AS- HEMSEDAL CAFE</i></p>

Saka blir avgjort av:

Kommunestyret

Vedlegg:

Ingen

Dokument i saka:

26.05.2008 SØKNAD SKJENKELØYVE 2008- 2012- OXEN, STAVKROA, STALLEN, HEMSEN, EXPERTEN

Saksopplysningar:

Alle skjenkeløyve skal handsamast av kommunestyret innan 30.juni året etter at nytt kommunestyre er trådd i funksjon, jf. Alkohollova § 1-6. Løyvet kan gjevast for inntil 4 år. Dersom sakshandsaminga av nye løyver ikkje er klar innan løyveperioden sitt utløp, kan løyvet bli gjort gyldig for ytterlegare 3 månader.

Administrasjonen har sendt brev til alle skjenkestader der det vert opplyst om framdriftsplan for handsaminga og frist for innsending av søknad.

Administrasjonen varsla dei bedriftene som ikkje hadde levert søknaden inna tida.

Hemsedal kommune mottok søknaden om skjenkeløyve frå Hemsedal cafe As for seint til at ein kunne innhente dei opplysningane om søkjar som alkohollova 1-7b krev.

Forhold til overordna plan:

Alkohollova § 1-6 om løyveperioden opnar for at dersom spørsmålet om fornya løyve ikkje er andeleg avgjort innan utløpet av løyveperioden, er løyver framleis gyldig til utgangen av den

månaden der endeleg vedtak om nytt løyve skal treffast. Løyvet kan likevel ikkje vere gyldig utover 3 månader frå starten av den nye løyveperioden.

Miljøkonsekvensar:

Ikkje vurdert.

Økonomiske konsekvensar:

Ingen.

Vurdering:

For å sikre ei god handsaming av alle skjenkeløyve for perioden 2008 – 2012 er det viktig at søknadane blir handsama ferdig før ein innvilgar nytt løyve. Sakshandsamar tilrår difor at Hemsedal cafe sitt skjenkeløyve for Hemsedal cafe vert forlenga til 30.09.08.

Rådmannen si tilråding:

Som ei følgje av seint innlevert søknad vert Hemsedal cafe AS sitt skjenkeløyve for Hemsedal cafe utvida til 30.09.2008.

Handsaming/vedtak i Hovudutval for Livsløp den 17.06.2008 sak 35/08

Handsaming:

Omforeint framlegg:

”utvida” i framlegg til vedtak blir erstatta med ”forlenga” med skjenketid til kl 01.30

Innstilling samt omforeint framlegg vedteken. Samrøystes.

Vedtak:

Hovudutval for Livsløp si innstilling til kommunestyret.

Som ei følgje av seint innlevert søknad vert Hemsedal cafe AS sitt skjenkeløyve for Hemsedal cafe forlenga til 30.09.2008 med skjenketid til kl 01.30.

Hemsedal kommune

Sakshandsaming

Saknr .: 48/08
Arkivsaksnr: 08/707
Arkivkode: U63

Saksbehandler: Marit Wøllo

Saksnummer	Utvalg	Møtedato
PS 36/08	Hovudutval for Livsløp	17.06.2008
PS 48/08	Kommunestyret	26.06.2008

<i>FORLENGING AV SKJENKELØYVE 2004- 2008- - HEMSEDAL CAFE AS - OXEN, STAVKROA, STALLEN</i>

Saka blir avgjort av:

Kommunestyret

Vedlegg:

Ingen

Dokument i saka:

26.05.2008 SØKNAD SKJENKELØYVE 2008- 2012- HEMSEDAL CAFE, OXEN, STAVKROA, STALLEN

Saksopplysningar:

Alle skjenkeløyve skal handsamast av kommunestyret innan 30.juni året etter at nytt kommunestyre er trådd i funksjon, jf. Alkohollova § 1-6. Løyvet kan gjevast for inntil 4 år. Dersom sakshandsaminga av nye løyver ikkje er klar innan løyveperioden sitt utløp, kan løyvet bli gjort gyldig for ytterlegare 3 månader.

Administrasjonen har sendt brev til alle skjenkestader der det vert opplyst om framdriftsplan for handsaminga og frist for innsending av søknad.

Administrasjonen varsla dei bedriftene som ikkje hadde levert søknaden inna tida. Hemsedal kommune mottok søknaden om skjenkeløyve frå Hemsedal cafe As for seint til at ein kunne innhente dei opplysningane om søkjar som alkohollova 1-7b krev.

Forhold til overordna plan:

Alkohollova § 1-6 om løyveperioden opnar for at dersom spørsmålet om fornya løyve ikkje er andeleg avgjort innan utløpet av løyveperioden, er løyver framleis gyldig til utgangen av den

månaden der endeleg vedtak om nytt løyve skal treffast. Løyvet kan likevel ikkje vere gyldig utover 3 månader frå starten av den nye løyveperioden.

Miljøkonsekvensar:

Ikkje vurdert.

Økonomiske konsekvensar:

Ingen.

Vurdering:

For å sikre ei god handsaming av alle skjenkeløyve for perioden 2008 – 2012 er det viktig at søknadane blir handsama ferdig før ein innvilgar nytt løyve. Sakshandsamar tilrår difor at Hemsedal cafe sitt skjenkeløyve for Stavkroa, Oxe, og Stallen vert forlenga til 30.09.08.

Rådmannen si tilråding:

Hemsedal cafe AS sitt skjenkeløyve for Stavkroa, Oxen og Stallen vert utvida til 30.09.2008.

Handsaming/vedtak i Hovudutval for Livsløp den 17.06.2008 sak 36/08

Handsaming:

Omføreint framlegg:

”utvida” i framlegg til vedtak blir erstatta med ”forlenga” med skjenketid til kl 01.30

Innstilling samt omforeint framlegg vedteken. Samrøystes.

Vedtak:

Hovudutval for Livsløp si innstilling til kommunestyret.

Hemsedal cafe AS sitt skjenkeløyve for Stavkroa, Oxen og Stallen vert forlenga til 30.09.2008 med skjenketid til kl 01.30.

Hemsedal kommune

Sakshandsaming

Saknr .: 49/08
Arkivsaksnr: 08/706
Arkivkode: U63

Saksbehandler: Marit Wøllo

Saksnummer	Utvalg	Møtedato
PS 37/08	Hovudutval for Livsløp	17.06.2008
PS 49/08	Kommunestyret	26.06.2008

<i>FORLENGING AV SKJENKELØYVE 2004- 2008 - HEMSEDAL CAFE AS - HEMSEN, EXPERTEN</i>

Saka blir avgjort av:

Kommunestyret

Vedlegg:

Ingen

Dokument i saka:

26.05.2008 SØKNAD SKJENKELØYVE 2008- 2012- HEMSEDL CAFE, HEMSEN, EXPERTEN

Saksopplysningar:

Alle skjenkeløyve skal handsamast av kommunestyret innan 30.juni året etter at nytt kommunestyre er trådd i funksjon, jf. Alkohollova § 1-6. Løyvet kan gjevast for inntil 4 år. Dersom sakshandsaminga av nye løyver ikkje er klar innan løyveperioden sitt utløp, kan løyvet bli gjort gyldig for ytterlegare 3 månader.

Administrasjonen har sendt brev til alle skjenkestader der det vert opplyst om framdriftsplan for handsaminga og frist for innsending av søknad.

Administrasjonen varsla dei bedriftene som ikkje hadde levert søknaden inna tida.

Hemsedal kommune mottok søknaden om skjenkeløyve frå Hemsedal cafe As for seint til at ein kunne innhente dei opplysningane om søkjar som alkohollova 1-7b krev.

Forhold til overordna plan:

Alkohollova § 1-6 om løyveperioden opnar for at dersom spørsmålet om fornya løyve ikkje er andeleg avgjort innan utløpet av løyveperioden, er løyver framleis gyldig til utgangen av den månaden der endeleg vedtak om nytt løyve skal treffast. Løyvet kan likevel ikkje vere gyldig utover 3 månader frå starten av den nye løyveperioden.

Miljøkonsekvensar:

Ikkje vurdert

Økonomiske konsekvensar:

Ingen

Vurdering:

For å sikre ei god handsaming av alle skjenkeløyve for perioden 2008 – 2012 er det viktig at søknadane blir handsama ferdig før ein innvilgar nytt løyve. Sakshandsamar tilrår difor at Hemsedal cafe sitt skjenkeløyve for Hemsen nattclub & Experten sportsbar vert forlenga til 30.09.08.

Rådmannen si tilråding:

Som ei følgje av seint innlevert søknad vert Hemsedal cafe AS sitt skjenkeløyve for Hemsen nattclub & Experten sportsbar blir utvida til 30.09.2008.

Handsaming/vedtak i Hovudutval for Livsløp den 17.06.2008 sak 37/08

Handsaming:

Omforeint framlegg:

”utvida” i framlegg til vedtak blir erstatta med ”forlenga”, og ha tillegget:”men med skjenketid til kl. 01.30.”

Innstilling samt omforeint framlegg vedteken. Samrøystes.

Vedtak:

Hovudutval for Livsløp si innstilling til kommunestyret.

Hemsedal café AS sitt skjenkeløyve for Hemsen nattclub & Experten sportsbar blir forlenga til 30.09.2008 med skjenketid til kl. 01.30.

Styrrar	Olof Eriksson
Vikar for styrrar	Iren Halbjørhus
Type verksemd	Restaurantdrift
Alkoholvare	Alkoholholdig drikk i gruppe 1, gruppe 2 og gruppe 3. jf forskrift til § 1-1 i alkohollova.
Løyvetype	Alminneleg
Skjenkeareal	Innandørs: Restaurant Kjøkkenkroken Totalt areal 100 m ² , plass til 44 gjester. Utandørs: Uteplass/terrasse ved inngangen til restauranten 100 m ² .
Opningstid	Kl. 11.00- 23.00 (sø-to)/ kl. 11.00-02.00(fr-lau)
Omsøkt skjenketid- inne	Alkoholholdig drikk gr. 1, 2 og 3: kl. 11.00-02.00
Omsøkt skjenketid - ute	Alkoholholdig drikk gr. 1, 2 og 3: kl. 11.00- 02.00

Styrrar og vikar for styrrar har gjennomført og bestått kunnskapsprøven om alkohollova. Søknadane er i medhald av alkohollova § 1-7 og vandelskrava i samme lov § 1-7b og 1-7c sendt lensmannen for uttale.

I tillegg er saka sendt sosialkontoret i kommen til uttale, jf § 1-7 i alkohollova.

Det ligg føre skatteattestar for løyvesøker, eigarar og skjenkestyrrar.

Forhold til overordna plan:

Alle skjenkeløyve må handsamast etter alkohollova med føresegner og alkoholpolitiske retningsliner for Hemsedal kommune

Miljøkonsekvensar:

Ikkje vurdert

Økonomiske konsekvensar:

Etter forskrift om omsetjing av alkoholhaldig drikk §6-2 skal sals- og skjenkegebyr følgje desse satsane:

Sal: Gr.1 0,17 pr. liter

Skjenking: Gr.1: 0,34 pr. liter

Gr.2: 0.94 pr. liter

Gr.3: 3,07 pr. liter

Minstegebyr ved sal skal være kr. 1 200,-, og ved skjenking kr. 3 500,-. Kommunen kan i særlege tilfelle bestemme at gebyret kan setjast lågare.

For 2007 er det fakturert sals- og skjenkegebyr for kr. 234.000,- i Hemsedal.

Budsjetterte utgifter for 2008:

Inntekter frå alkoholavgifter	170 000,-	
Kostnader sals- og skjenkekontroll		60 000,-
Lønskostnader 20% stilling		88 000,-
Opplæring		5 000,-
	170 000,-	153 000,-
Resultat (overskot)	17 000	

Overskot frå sals- og skjenkegebyr skal overførast kto. 2010.2311 aktiviteter barn og unge

Vurdering:

Det er henta inn uttale om verksemdene og styrarar frå politiet, skattefogden i Buskerud og Skatteinnkrevaren i Hemsedal. Det var ingen merknadar til nokon av søkjarane.

Innsende skatteattestar for løyvesøkjar og eigar/dagleig leiar viser at det ikkje er skatte- og avgiftsrestanse.

Ut frå dei opplysningane som ligg føre, i tillegg til uttale frå lensmannen tilfredsstillar løyvesøkjar, eigarar og dagleg leiar krav i sett i alkohollova § 1-7b. Styrar og vikar for styrar tilfredsstillar krav sett i § 1-7c alkoholovens.

Sosialkontoret har ikkje gjeve uttale.

Dei endelege vedtekne alkoholpolitiske retningslinene for Hemsedal kommune vil setje føringar for dei nye skjenkeløyva. Dersom det vert vedteke endra skjenketid for kommune, må dette samsvarast med vedtaket om skjenkeløyve.

Fram til vedtekne alkoholpolitisk retningsliner ligg føre vert eksisterande retningsliner lagt til grunn for innstilling.

Ingen av høringsinstansene har merknader og rådmannen rår til at løyve for skjenking av alkoholholdig drikk gruppe1, 2 og 3 vert gjeve for perioden 1.7.2008 til og med 30.6.2012.

Rådmannen si tilråding:

I medhald av alkohollova m/forskrifter får Olof Eriksson skjenkeløyve for alkoholholdig drikk gruppe 1, 2 og 3 i Kjøkkenkroken etter følgjande spesifikasjonar:

Løyvesøkjar Olof Eriksson Org.nr 992 300 329

Skjenkestad Kjøkkenkroken

Styrrar	Olof Eriksson
Vikar for styrrar	Iren Halbjørhus
Type verksemd	Restaurantdrift
Alkoholvare	Alkoholholdig drikk i gruppe 1, gruppe 2 og gruppe 3. jf forskrift til § 1-1 i alkohollova.
Løyvetype Skjenkeareal	Alminneleg Innandørs: Restaurant Kjøkkenkroken Totalt areal 100 m ² , plass til 44 gjester. Utandørs: Uteplass/terrasse ved inngangen til restauranten 100 m ² .
Opningstid	Kl. 11.00- 23.00 (sø-to)/ kl. 11.00-02.00(fr-lau)
Omsøkt skjenketid- inne	Alkoholholdig drikk gr. 1 og 2: kl. 11.00-02.00 Alkoholholdig drikk gr.3: kl. 13.00-02.00
Omsøkt skjenketid - ute	Alkoholholdig drikk gr. 1, 2 og 3: kl. 13.00- 23.00 I perioden 1.november- 1.mai-helga: kl.17.00- 23.00.

Vedtaket kan påklagast etter § 1-16 i alkohollova. Klagefristen er tre veker etter at vedtaket er vorte gjort kjent, jf. Forvaltningslova kap VI.

Handsaming/vedtak i Hovudutval for Livsløp den 17.06.2008 sak 38/08

Handsaming:

Omforeint framlegg:

”Omsøkt - skjenketid inne” og ”Omsøkt - skjenketid ute” blir erstatta med ”Skjenketid - inne” og ”Skjenketid - ute”.

”Skjenketid - inne Alkoholholdig drikk gr. 1 og 2: kl. 11.00 – 02.00
Alkoholholdig drikk gr. 3: kl. 13.00 – 02.00”

blir erstatta med:

”Skjenketid - inne Alkoholholdig drikk gr. 1 og 2: kl. 11.00 – 01.30
Alkoholholdig drikk gr. 3: kl. 13.00 – 01.30”

Innstilling samt omforeint framlegg vedteken. Samrøystes.

Vedtak:Hovudutval for Livsløp si innstilling til kommunestyret.

I medhald av alkohollova m/forskrifter får Olof Eriksson skjenkeløyve for alkoholholdig drikk gruppe 1, 2 og 3 i Kjøkkenkroken etter følgjande spesifikasjonar:

Løyvesøkjar	Olof Eriksson Org.nr 992 300 329
Skjenkestad	Kjøkkenkroken
Styrrar	Olof Eriksson
Vikar for styrrar	Iren Halbjørhus
Type verksemd	Restaurantdrift
Alkoholvare	Alkoholholdig drikk i gruppe 1, gruppe 2 og gruppe 3. jf forskrift til § 1-1 i alkohollova.
Løyvetype	Alminneleg
Skjenkeareal	Innandørs: Restaurant Kjøkkenkroken Totalt areal 100 m ² , plass til 44 gjester. Utandørs: Uteplass/terrasse ved inngangen til restauranten 100 m ² .
Opningstid	Kl. 11.00- 23.00 (sø-to)/ kl. 11.00-02.00(fr-lau)
Skjenketid- inne	Alkoholholdig drikk gr. 1 og 2: kl. 11.00-01.30 Alkoholholdig drikk gr.3: kl. 13.00-01.30
Skjenketid - ute	Alkoholholdig drikk gr. 1, 2 og 3: kl. 13.00- 23.00 I perioden 1.november- 1.mai-helga: kl.17.00- 23.00.

Vedtaket kan påklagast etter § 1-16 i alkohollova. Klagefristen er tre veker etter at vedtaket er vorte gjort kjent, jf. Forvaltningslova kap VI.

Hemsedal kommune

Sakshandsaming

Saknr .: 51/08
Arkivsaksnr: 08/700
Arkivkode: U63

Saksbehandler: Marit Wøllo

Saksnummer	Utvalg	Møtedato
PS 39/08	Hovudutval for Livsløp	17.06.2008
PS 51/08	Kommunestyret	26.06.2008

SKJENKELØYVE 2008- 2012 - FOSSHEIM AS

Saka blir avgjort av:

Kommunestyret

Vedlegg:

Kart over skjenkestaden

Dokument i saka:

14.04.2008 SØKNAD OM SKJENKELØYVE ETQBBR- FOSSHEIM AS

07.05.2008 UTTALE- SKJENKELØYVE 2008- 2012- SØKNAD- FOSSHEIM AS

07.05.2008 UTTALE - SKJENKELØYVE 2008- 2012- SØKNAD- FOSSHEIM AS

Saksopplysningar:

Alle skjenkeløyve skal handsamast av kommunestyret innan 30.juni året etter at nytt kommunestyre har trådd i funksjon, jfr. Alkohollova § 1-6. Løyvet kan gjevast for inntil 4 år.

Alkoholpolitiske retningsliner for Hemsedal kommune er under revidering og vil bli endeleg handsama i kommunestyremøte 26.06.2008. Denne retningslina dannar grunnlaget for tildeling av skjenkeløyve i Hemsedal kommune

Det har kome inn 22 søknader om skjenkeløyve for denne fireårsperioden.

Fossheim AS søker om skjenkeløyve for alkoholholdig drikk gruppe 1, 2 og 3 på Fossheim Hotell & Fossheim Gammen for perioden 1.7.2008 til og med 30.6.2012.

I søknaden framgår mellom anna:

Løyvesøkjar	Fossheim AS Org.nr 854 679 902
Skjenkestad	Fossheim Hotell & Fossheim Gammen
Styrrar	Knut Erik Langehaug
Vikar for styrrar	Ellen Eitrheim
Type verksemd	Hotell, restaurant og bar med målgruppe bedrifter, vaksne og familiar. Fokus på matopplevingar basert på lokale råvarer.
Alkoholvare	Alkoholholdig drikk i gruppe 1, gruppe 2 og gruppe 3. jf forskrift til § 1-1 i alkohollova.
Løyvetype	Vanleg
Skjenkeareal	Innandørs: Restaurant 130 m ² , plass til 95 gjester. Bar m/ salong 235 m ² , plass til 100 gjester Resepsjon 48 m ² , plass til 10 gjester Konferansesal 75 m ² , plass til 60 gjester Badstove damer/ herrer 68 m ² , plass til 25 gjester Gammen 40 m ² , plass til 40 gjester Utandørs: Gammen, avsperra og inngjerda område. Terrasse 2. etg: over resepsjonen, tilkomst via hotellet, inngjerda. Terrasse 3. etg: over restaurant, tilkomst via hotellet, inngjerda. Terrasse gateplan: utanfor restaurant mot inngangen. Tilkomst via restaurant.
Opningstid	Kl. 08.00- 02.30
Omsøkt skjenketid- inne	Alkoholholdig drikk gr. 1, 2 og 3: kl. 08.00-02.00
Omsøkt skjenketid - ute	Alkoholholdig drikk gr. 1, 2 og 3: kl. 08.00-02.00

Styrrar og vikar for styrrar har gjennomført og bestått kunnskapsprøven om alkohollova. Søknadane er i medhald av alkohollova § 1-7 og vandelskrava i samme lov § 1-7b og 1-7c sendt lensmannen for uttale.

I tillegg er saka sendt sosialkontoret i kommen til uttale, jf § 1-7 i alkohollova.

Det ligg føre skatteattestar for løyvesøker, eigarar og skjenkestyrrar.

Terrassen ved inngangen er ikkje bygd enno. I fylgje dagleg leiar dette tiltaket bli realisert innan kort tid.

Forhold til overordna plan:

Alle skjenkeløyve må handsamast etter alkohollova med føresegner og alkoholpolitiske retningsliner for Hemsedal kommune

Miljøkonsekvensar:

Ikkje vurdert.

Økonomiske konsekvensar:

Etter forskrift om omsetjing av alkoholhaldig drikk §6-2 skal sals- og skjenkegebyr følgje desse satsane:

Sal: Gr.1 0,17 pr. liter

Skjenking: Gr.1: 0,34 pr. liter

Gr.2: 0,94 pr. liter

Gr.3: 3,07 pr. liter

Minstegebyr ved sal skal være kr. 1 200,-, og ved skjenking kr. 3 500,-. Kommunen kan i særlege tilfelle bestemme at gebyret kan setjast lågare.

For 2007 er det fakturert sals- og skjenkegebyr for kr. 234.000,- i Hemsedal.

Budsjetterte utgifter for 2008:

Inntekter frå alkoholavgifter	170 000,-	
Kostnader sals- og skjenkekontroll		60 000,-
Lønskostnadar 20% stilling		88 000,-
Opplæring		5 000,-
	170 000,-	153 000,-
Resultat (overskot)	17 000	

Overskot frå sals- og skjenkegebyr skal overførast kto. 2010.2311 aktiviteter barn og unge

Vurdering:

Fossheim Gammen er eitt ganske nytt tilbod frå Fossheim Hotell som fekk innvilga utvida skjenkeareal i formannskapssak 114/07 den 04.12.2007. I samband med handsamingsprosedyren vart det føreteke synfaring. Administrasjonen konkluderte med at gamma si plassering i skogen og utforming, gjer det naturleg å vurdere inne- og utearealet som ei eining.

Alkoholpolitiske retningsliner for Hemsedal kommune, pkt 4. Spesielle kriterium for uteservering vert lagt som prinsipp for vurderinga, som fylgje av dette vert pkt 3.2 Utandørs skjenkeløyve gjort gjeldande. I fylgje dei alkoholpolitiske retningslinene er skjenketida for utandørs skjenking frå kl. 13.00 til kl. 23.00

Administrasjonen vurderer at skjenketida bør setjast lik inne i gammen som ute, og legg dette som eit prinsipp for vurderinga. Dette vert begrunna i den type arrangement søkjar legg opp til i sin omtale av driftsplanen. Arrangement av den type som her er skissert, vil gjerne vere av

ein art som føregår kombinert ute og inne. Administrasjonen vurderer det dit at retningslinene for uteservering vert retningsgjevande for opningstida.

Tilkomsten til gammen går gjennom eit hytteområde, dette er eitt av vurderingspunkta for skjenketida. Administrasjonen meiner at det er viktig å ta omsyn til gjestene i hyttene og tilrår å ikkje legge opp til ferdsle gjennom området på nattertid.

Terrassen ved inngangen er ikkje bygd enno, og løyvet vil ikkje bli nytta før tiltaket er ferdig. Fossheim planlegg å gjennomføre dei skisserte planane i løpet av løyveperioden. Løyvet vil difor ikkje vere aktivt enno.

Det er henta inn uttale om verksemdene og styrarar frå politiet, skattefogden i Buskerud og Skatteinnkrevaren i Hemsedal. Det var ingen merknadar til nokon av søkjarane.

Innsende skatteattestar for løyvesøkjar og eigar/dagleg leiar viser at det ikkje er skatte- og avgiftsrestanse.

Ut frå dei opplysningane som ligg føre, i tillegg til uttale frå lensmannen tilfredsstillar løyvesøkjar, eigarar og dagleg leiar krav i sett i alkoholova § 1-7b. Styrar og vikar for styrar tilfredsstillar krav sett i § 1-7c alkoholovens.

Sosialkontoret har ikkje gjeve uttale.

Dei endelege vedtekne alkoholpolitiske retningslinene for Hemsedal kommune vil setje føringar for dei nye skjenkeløyva. Dersom det vert vedteke endra skjenketid for kommune, må dette samsvarast med vedtaket om skjenkeløyve.

Fram til vedtekne alkoholpolitisk retningsliner ligg føre vert eksisterande retningsliner lagt til grunn for innstilling.

Ingen av høringsinstansene har merknader og rådmannen rår til at løyve for skjenking av alkoholholdig drikk gruppe 1, 2 og 3 vert gjeve for perioden 1.7.2008 til og med 30.6.2012.

Rådmannen si tilråding:

I medhald av alkoholova m/forskrifter får Grøndalen utvikling AS skjenkeløyve for alkoholholdig drikk gruppe 1, 2 og 3 i Solstua etter følgjande spesifikasjonar:

Løyvesøkjar	Fossheim AS Org.nr 854 679 902
Skjenkestad	Fossheim Hotell & Fossheim Gammen
Styrar	Knut Erik Langehaug
Vikar for styrar	Ellen Eitrheim
Type verksemd	Hotell, restaurant og bar med målgruppe bedrifter, vaksne og familiar. Fokus på matopplevingar basert på lokale råvarer.

Alkoholvare	Alkoholholdig drikk i gruppe 1, gruppe 2 og gruppe 3. jf forskrift til § 1-1 i alkohollova.
Løyvetype	Vanleg
Skjenkeareal	<p>Innandørs: Restaurant 130 m², plass til 95 gjester. Bar m/ salong 235 m², plass til 100 gjester Resepsjon 48 m², plass til 10 gjester Konferansesal 75 m², plass til 60 gjester Badstove damer/ herrer 68 m², plass til 25 gjester Gammen 40 m², plass til 40 gjester</p> <p>Utandørs: Gammen, avsperra og inngjerda område. Terrasse 2. etg: over resepsjonen, tilkomst via hotellet, inngjerda. Terrasse 3. etg: over restaurant, tilkomst via hotellet, inngjerda. Terrasse gateplan: utanfor restaurant mot inngangen. Tilkomst via restaurant. Området må gjerdast inn.</p>
Opningstid	Kl. 08.00- 02.30
Skjenketid- inne	Alkoholholdig drikk gr. 1, 2 og 3: kl. 08.00-02.00 Alkoholholdig drikk gr. 3: kl. 13.00-02.00
Skjenketid - ute	Alkoholholdig drikk gr. 1, 2 og 3: kl. 08.00-02.00 Alkoholholdig drikk gr. 3: kl. 13.00-23.00

Vedtaket kan påklagast etter § 1-16 i alkohollova. Klagefristen er tre veker etter at vedtaket er vorte gjort kjent, jf. Forvaltningslova kap VI.

Handsaming/vedtak i Hovudutval for Livsløp den 17.06.2008 sak 39/08

Handsaming:

Omforeint framlegg:

”Skjenketid - inne	Alkoholholdig drikk gr. 1 og 2:	kl. 08.00 – 02.00
	Alkoholholdig drikk gr. 3:	kl. 13.00 – 02.00
Skjenketid - ute	Alkoholholdig drikk gr. 1, 2 og 3:	kl. 13.00 – 23.00
	Alkoholholdig drikk gr. 3:	kl. 13.00 – 23.00

blir erstatta med:

”Skjenketid - inne	Alkoholholdig drikk gr. 1 og 2:	kl. 08.00 – 01.30
	Alkoholholdig drikk gr. 3:	kl. 13.00 – 01.30

Skjenketid - ute Alkoholholdig drikk gr. 1, 2 og 3: kl. 13.00 – 23.00”

Innstilling samt omforeint framlegg vedteken. Samrøystes.

Vedtak:

Hovudutval for Livsløp si innstilling til kommunestyret.

I medhald av alkohollova m/forskrifter Fossheim AS skjenkeløyve for alkoholholdig drikk gruppe 1, 2 og 3 på Fossheim hotell etter følgjande spesifikasjonar:

Løyvesøkjar	Fossheim AS Org.nr 854 679 902
Skjenkestad	Fossheim Hotell & Fossheim Gammen
Styrar	Knut Erik Langehaug
Vikar for styrar	Ellen Eitrheim
Type verksemd	Hotell, restaurant og bar med målgruppe bedrifter, vaksne og familiar. Fokus på matopplevingar basert på lokale råvarer.
Alkoholvare	Alkoholholdig drikk i gruppe 1, gruppe 2 og gruppe 3. jf forskrift til § 1-1 i alkohollova.
Løyvetype	Vanleg
Skjenkeareal	Innandørs: Restaurant 130 m ² , plass til 95 gjester. Bar m/ salong 235 m ² , plass til 100 gjester Resepsjon 48 m ² , plass til 10 gjester Konferansesal 75 m ² , plass til 60 gjester Badstove damer/ herrer 68 m ² , plass til 25 gjester Gammen 40 m ² , plass til 40 gjester Utandørs: Gammen, avsperra og inngjerda område. Terrasse 2. etg: over resepsjonen, tilkomst via hotellet, inngjerda. Terrasse 3. etg: over restaurant, tilkomst via hotellet, inngjerda. Terrasse gateplan: utanfor restaurant mot inngangen. Tilkomst via restaurant. Området må gjerdast inn.
Opningstid	Kl. 08.00- 02.30
Skjenketid- inne	Alkoholholdig drikk gr. 1 og 2: kl. 08.00-01.30 Alkoholholdig drikk gr. 3: kl. 13.00-01.30

Skjenketid - ute

Alkoholholdig drikk gr. 1, 2 og 3: kl. 13.00-23.00

Vedtaket kan påklagast etter § 1-16 i alkohollova. Klagefristen er tre veker etter at vedtaket er vorte gjort kjent, jf. Forvaltningslova kap VI.

Hemsedal kommune

Sakshandsaming

Saknr .: 52/08
Arkivsaksnr: 08/688
Arkivkode: U63

Saksbehandler: Marit Wøllo

Saksnummer	Utvalg	Møtedato
PS 40/08	Hovudutval for Livsløp	17.06.2008
PS 52/08	Kommunestyret	26.06.2008

SKJENKELØYVE 2008- 2012 - FAUSKO SKYSSTASJON AS

Saka blir avgjort av:

Kommunestyret

Vedlegg:

Kart over skjenkearealet

Dokument i saka:

14.04.2008 SØKNAD OM SKJENKELØYVE RORCHS- FAUSKO SKYSSTASJON AS

27.05.2008 UTTALE - SKJENKELØYVE 2008- 2012- SØKNAD- FAUSKO SKYSSTASJON AS

27.05.2008 UTTALE - SKJENKELØYVE 2008- 2012- SØKNAD- FAUSKO SKYSSTASJON AS

Saksopplysningar:

Alle skjenkeløyve skal handsamast av kommunestyret innan 30.juni året etter at nytt kommunestyre har trådd i funksjon, jfr. Alkoholova § 1-6. Løyvet kan gjevast for inntil 4 år.

Alkoholpolitiske retningsliner for Hemsedal kommune er under revidering og vil bli endeleg handsama i kommunestyremøte 26.06.2008. Denne retningslina dannar grunnlaget for tildeling av skjenkeløyve i Hemsedal kommune

Det har kome inn 22 søknader om skjenkeløyve for denne fireårsperioden.

Fausko skysstasjon AS søker om skjenkeløyve for alkoholholdig drikk gruppe 1, 2 og 3 på Fausko skysstasjon for perioden 1.7.2008 til og med 30.6.2012.

I søknaden framgår mellom anna:

Løyvesøkjar	Fausko skysstasjon AS Org.nr 943 097 674
Skjenkestad	Fausko skysstasjon
Opningstid	Kl. 08.00- 02.00
Skjenketid- inne	Alkoholholdig drikk gr. 1 og 2: kl. 12.00-01.30 Alkoholhaldig drikk gr. 3 : kl. 13.00-01.30

Vedtaket kan påklagast etter § 1-16 i alkohollova. Klagefristen er tre veker etter at vedtaket er vorte gjort kjent, jf. Forvaltningslova kap VI.

Hemsedal kommune

Sakshandsaming

Saknr .: 65/08
Arkivsaksnr: 08/702
Arkivkode: U63

Saksbehandler: Marit Wøllo

Saksnummer	Utvalg	Møtedato
PS 54/08	Hovudutval for Livsløp	17.06.2008
PS 65/08	Kommunestyret	26.06.2008

SKJENKELØYVE 2008- 2012 - HEMSEDAL GOLFDRIFT

Saka blir avgjort av:

Kommunestyret

Vedlegg:

Kart over skjenkestaden

Dokument i saka:

16.04.2008 SØKNAD OM SKJENKELØYVE RPQJGA- HEMSEDAL GOLFDRIFT AS

07.05.2008 UTTALE- SKJENKELØYVE 2008- 2012- SØKNAD- HEMSEDAL GOLFDRIFT

27.05.2008 UTTALE- SKJENKELØYVE 2008- 2012- SØKNAD- HEMSEDAL GOLFDRIFT

Saksopplysningar:

Alle skjenkeløyve skal handsamast av kommunestyret innan 30.juni året etter at nytt kommunestyre har trådd i funksjon, jfr. Alkohollova § 1-6. Løyvet kan gjevast for inntil 4 år.

Alkoholpolitiske retningsliner for Hemsedal kommune er under revidering og vil bli endeleg handsama i kommunestyremøte 26.06.2008. Denne retningslina dannar grunnlaget for tildeling av skjenkeløyve i Hemsedal kommune

Det har kome inn 22 søknader om skjenkeløyve for denne fireårsperioden.

Hemsedal golfdrift AS søker om skjenkeløyve for alkoholholdig drikk gruppe 1, 2 og 3 på Golfstua for perioden 1.7.2008 til og med 30.6.2012.

I søknaden framgår mellom anna:

Løyvesøkjar	Hemsedal golfdrift AS Org.nr 989 135 767
Skjenkestad	Golfstua
Styrrar	Hans Eirik Follesø
Vikar for styrrar	Søkjer om disp grunna staden sin storleik, jf alkohollova §1-7c
Type verksemd	Kafeservering og klubbhus om sommaren. Utleigehytte om vinteren.
Alkoholvare	Alkoholholdig drikk i gruppe 1, gruppe 2 og gruppe 3. jf forskrift til § 1-1 i alkohollova.
Løyvetype	Ikkje oppgjeve
Skjenkeareal	Innandørs i Golfstua: Kafe/ peisestove Totalt areal 85 m ² , plass til 40 gjester. Utandørs: terrasse 120 m ²
Opningstid	Kl. 08.00- 00.00/ 10.00- 00.00
Omsøkt skjenketid- inne	Alkoholholdig drikk gr. 1, 2 og 3: kl. 10.00-02.00 (må- to)
	Alkoholholdig drikk gr. 1, 2 og 3: kl. 08.00-02.00 (fr- sø)
Omsøkt skjenketid - ute	Alkoholholdig drikk gr. 1, 2 og 3: kl. 10.00-02.00 (må- to)
	Alkoholholdig drikk gr. 1, 2 og 3: kl. 08.00-02.00 (fr- sø)

Styrrar har gjennomført og bestått kunnskapsprøven om alkohollova. Søknadane er i medhald av alkohollova § 1-7 og vandelskrava i samme lov § 1-7b og 1-7c sendt lensmannen for uttale.

I tillegg er saka sendt sosialkontoret i kommen til uttale, jf § 1-7 i alkohollova.

Det ligg føre skatteattestar for løyvesøker, eigarar og skjenkestyrrar.

Forhold til overordna plan:

Alle skjenkeløyve må handsamast etter alkohollova med føresegner og alkoholpolitiske retningsliner for Hemsedal kommune

Miljøkonsekvensar:

Ikkje vurdert.

Økonomiske konsekvensar:

Etter forskrift om omsetjing av alkoholhaldig drikk §6-2 skal sals- og skjenkegebyr følgje desse satsane:

Sal: Gr.1 0,17 pr. liter

Skjenking: Gr.1: 0,34 pr. liter
 Gr.2: 0,94 pr. liter
 Gr.3: 3,07 pr. liter

Minstegebyr ved sal skal være kr. 1 200,-, og ved skjenking kr. 3 500,-. Kommunen kan i særlege tilfelle bestemme at gebyret kan setjast lågare.

For 2007 er det fakturert sals- og skjenkegebyr for kr. 234.000,- i Hemsedal.

Budsjetterte utgifter for 2008:

Inntekter frå alkoholavgifter	170 000,-	
Kostnader sals- og skjenkekontroll		60 000,-
Lønnskostnadar 20% stilling		88 000,-
<u>Opplæring</u>		<u>5 000,-</u>
	170 000,-	153 000,-
Resultat (overskot)	17 000	

Overskot frå sals- og skjenkegebyr skal overførast kto. 2010.2311 aktiviteter barn og unge

Vurdering:

Det er henta inn uttale om verksemdene og styrarar frå politiet, skattefogden i Buskerud og Skatteinnkrevaren i Hemsedal. Det var ingen vesentlege merknadar til nokon av søkjarane.

Innsende skatteattestar for løyvesøkjar og eigar/dagleg leiar viser at det ikkje er skatte- og avgiftsrestanse.

Ut frå dei opplysningane som ligg føre, i tillegg til uttale frå lensmannen tilfredsstiller løyvesøkjar, eigarar og dagleg leiar krav i sett i alkohollova § 1-7b.

Styrar og vikar for styrar tilfredsstiller krav sett i § 1-7c alkoholovens.

Sosialkontoret har ikkje gjeve uttale.

Dei endelege vedtekne alkoholpolitiske retningslinene for Hemsedal kommune vil setje føringar for dei nye skjenkeløyva. Dersom det vert vedteke endra skjenketid for kommune, må dette samsvarast med vedtaket om skjenkeløyve.

Fram til vedtekne alkoholpolitisk retningsliner ligg føre vert eksisterande retningsliner lagt til grunn for innstilling.

Ingen av høringsinstansene har merknader og rådmannen rår til at løyve for skjenking av alkoholholdig drikk gruppe 1, 2 og 3 vert gjeve for perioden 1.7.2008 til og med 30.6.2012.

Rådmannen si tilråding:

I medhald av alkohollova m/forskrifter får Hemsedal golfdrift AS skjenkeløyve for alkoholholdig drikk gruppe 1, 2 og 3 i Golfstua etter følgjande spesifikasjonar:

Løyvesøkjar

Hemsedal golfdrift AS Org.nr 989 135 767

Skjenkestad	Golfstua
Styrrar	Hans Eirik Follesø
Vikar for styrrar Type verksemd	Innvilga disp grunna staden sin storleik, jf alkohollova §1-7c Kafeservering og klubbhus om sommaren. Utleigehytte om vinteren.
Alkoholvare	Alkoholholdig drikk i gruppe 1, gruppe 2 og gruppe 3. jf forskrift til § 1-1 i alkohollova.
Løyvetype	Vanleg i perioden 1.mai- 01.oktober
Skjenkeareal	Innandørs i Golfstua: Kafe/ peisestove Totalt areal 85 m ² , plass til 40 gjester. Utandørs: terrasse 120 m ²
Opningstid	Kl. 08.00- 00.00/ 10.00- 00.00
Skjenketid- inne	Alkoholholdig drikk gr. 1 og 2: kl. 10.00-02.00 (mån- to) Alkoholholdig drikk gr. 1 og 2: kl. 08.00-02.00 (fr- sø) Alkoholholdig drikk gr. 3: kl. 13.00-02.00
Skjenketid - ute	Alkoholholdig drikk gr. 1, 2 og 3: kl. 13.00-23.00

Vedtaket kan påklagast etter § -16 i alkohollova. Klagefristen er tre veker etter at vedtaket er vorte gjort kjent, jf. Forvaltningslova kap VI.

Handsaming/vedtak i Hovudutval for Livsløp den 17.06.2008 sak 54/08

Handsaming:

Omforeint framlegg:

”Skjenketid - inne	Alkoholholdig drikk gr. 1 og 2:	kl. 10.00 – 02.00(mån-to)
	Alkoholholdig drikk gr. 1 og 2:	kl. 08.00 – 02.00(fr-sø)
	Alkoholholdig drikk gr. 3:	kl. 13.00 – 02.00

blir erstatta med:

”Skjenketid - inne	Alkoholholdig drikk gr. 1 og 2:	kl. 10.00 – 01.30(mån-to)
	Alkoholholdig drikk gr. 1 og 2:	kl. 08.00 – 01.30 (fr-sø)
	Alkoholholdig drikk gr. 3:	kl. 13.00 – 01.30”

Innstilling samt omforeint framlegg vedteken. Samrøystes.

Vedtak:Hovudutval for Livsløp si innstilling til kommunestyret.

I medhald av alkohollova m/forskrifter får Hemsedal golfdrift AS skjenkeløyve for alkoholholdig drikk gruppe 1, 2 og 3 i Golfstua etter følgjande spesifikasjonar:

Løyvesøkjar	Hemsedal golfdrift AS Org.nr 989 135 767
Skjenkestad	Golfstua
Styrrar	Hans Eirik Follesø
Vikar for styrrar Type verksemd	Innvilga disp grunna staden sin storleik, jf alkohollova §1-7c Kafeservering og klubbhus om sommaren. Utleigehytte om vinteren.
Alkoholvare	Alkoholholdig drikk i gruppe 1, gruppe 2 og gruppe 3. jf forskrift til § 1-1 i alkohollova.
Løyvetype	Vanleg i perioden 1.mai- 01.oktober
Skjenkeareal	Innandørs i Golfstua: Kafe/ peisestove Totalt areal 85 m ² , plass til 40 gjester.
	Utandørs: terrasse 120 m ²
Opningstid	Kl. 08.00- 00.00/ 10.00- 00.00
Skjenketid- inne	Alkoholholdig drikk gr. 1 og 2: kl. 10.00-01.30 (må- to) Alkoholholdig drikk gr. 1 og 2: kl. 08.00-01.30 (fr- sø) Alkoholholdig drikk gr. 3: kl. 13.00-01.30
Skjenketid - ute	Alkoholholdig drikk gr. 1, 2 og 3: kl. 13.00-23.00

Vedtaket kan påklagast etter § -16 i alkohollova. Klagefristen er tre veker etter at vedtaket er vorte gjort kjent, jf. Forvaltningslova kap VI.

Hemsedal kommune

Sakshandsaming

Saknr .: 66/08
Arkivsaksnr: 08/410
Arkivkode: G10 &40

Saksbehandler: Janne M.B . Kirkebøen

Saksnummer	Utvalg	Møtedato
PS 17/08	Hovedutval for Livsløp	10.04.2008
PS 66/08	Kommunestyret	26.06.2008

RUSFOREBYGGENDE PROSJEKT TILTAKSKJEDEN

Saka blir avgjort av:

Hovedutval for Livsløp

Vedlegg:

Dokument i saka:

Saksopplysningar:

Hemsedal kommune har fått innvilget søknad frå sosial og helsedirektoratet om tilskot til eit prosjekt kalt ”tiltakskjeden”. Dette er eit rusforebyggjande prosjekt, som retter seg mot barn og unge med rus og atferdsproblematikk og deira familiar/nettverk.

Dette er dessverre ein stadig aukande problematikk i bygda vår.

For inneverende år har vi fått kr 350 000,- i tilskot. Det er mogleg å få tilskot i inntil 3 år.

Vi har fått tilskot til bistand frå konsulent med rus, nettverksjobbing og praktisk tverrfaglig jobbing som spesialfelt. En konsulent frå stiftelsen Leon vil gå inn som prosjektleder, og målet er at man i prosjektperioden skal bygge opp et system og tilføre kommunen kompetanse til å kunne jobbe betre med rusproblematikk. Metoden ”tiltakskjeden” skal implementeres i kommunens arbeide med denne gruppen. Målet er altså at kommunen etter endt prosjektperiode skal kunne drive dette arbeide på egen hånd.

Det er oppretta ei tverrfaglig prosjektgruppe, beståande av representantar frå barnevern, psykisk helsevern, sosialkontor, skole og politi.

Det må også opprettast ei styringsgruppe. Frå administrasjonen vil kultur- og oppvekstsjef og helse og sosialsjef sitte i denne gruppa. Det er også ønskelig å ha med ein representant frå Hovedutvalg for Livsløp i styringsgruppa.

Forhold til overordna plan:

Ikkje vurdert

Miljøkonsekvensar:

Ikkje vurdert

Økonomiske konsekvensar:

Prosjektet vil ikkje ha meirkostnader utover innvilga tilskot.

Vurdering:

Rus og adferdsproblematikk blant unge er eit stadig voksende problem. Det vurderast som svært viktig å setje iverk tiltak ovanfor denne gruppa, på ein meir systematisk måte enn det vi gjer i dag. Det er også nødvendig å betre kommunens samla kompetanse på området.

Det vurderast som viktig at dei folkevalte følgjer dette arbeidet, og har høve til å kome med innspel. Dette kan gjerast ved å informere på politiske møter, samd å ha ein politiker med i styringsgruppa.

Rådmannen si tilråding:

1. Hovedutval for Livsløp sin representant til styringsgruppa for prosjektet "tiltakskjeden" er
2. Tilskot pålydende kr 350 000,- innteksføres helse og sosial sitt budsjett 17009.2600.2441, og utgiftsførast 12700.2600.2441

Handsaming/vedtak i Hovudutval for Livsløp den 10.04.2008 sak 17/08

Handsaming:

Omforeint forslag:

Hovudutval for Livsløp sin representant til styringsgruppa for prosjektet "tiltakskjeden" er Helene Sagabråten.

Innstilling samt omforeint forslag vedteken. Samrøystes.

Vedtak:

1. Hovedutval for Livsløp sin representant til styringsgruppa for prosjektet "tiltakskjeden" er Helene Sagabråten
2. Tilskot pålydende kr 350 000,- innteksføres helse og sosial sitt budsjett 17009.2600.2441, og utgiftsførast 12700.2600.2441

Hemsedal kommune

Sakshandsaming

Saknr .: 67/08
Arkivsaksnr: 07/585
Arkivkode: 446 &11

Saksbehandler: Marianne B. Grøthe

Saksnummer	Utvalg	Møtedato
PS 2/08	Administrasjonsutvalet	17.06.2008
PS 67/08	Kommunestyret	26.06.2008

TILSETJINGSREGLEMENT FOR HEMSEDAL KOMMUNE

Saka blir avgjort av:

Kommunestyret

Vedlegg:

Utkast til nytt tilsetjingsreglement for Hemsedal kommune.

Dokument i saka:

Tilsetjingsreglement vedteke i kommunestyret 18.12.03, sak 128/03.

Prosedyre for tilsetjing.

Prosedyre for introduksjon og oppfølging av medarbeiarar.

Saksopplysningar:

Det er 5 år sidan noverande tilsetjingsreglement vart vedteken. Det er no laga eit nytt utkast til tilsetjingsreglement som har meir detaljert opplysningar rundt tilsetjingsmynde og det er lagt inn overordna mål. Måla er eit ledd i kommunens framtidige arbeidsgjevarstrategi (AGS 2020) som vil bli innarbeida som ein del av revidert kommuneplan. Deler av tidlegare tilsetjingsreglementet og overført til eigne prosedyrer, sjå punkt 7 i utkast til reglementet.

Forhold til overordna plan:

I noverande kommuneplan, står det under kommunen som organisasjon, mellom anna at kommunen skal vere ei verksemd med målretta personalpolitikk og godt arbeidsmiljø, ein effektiv organisasjon og ha ei målretta kompetanseoppbygging i alle ledd.

Under servicekvalitet står det at kommunen skal syte for at personale har naudsynt kompetanse og investere i utvikling og utnytting av menneskelege kvalitetar i organisasjonen.

Miljøkonsekvensar:

Tilsetjingsreglementet skal bidra til at kommunen har eit godt omdømme og er ein attraktiv og inkluderande arbeidsplass.

Økonomiske konsekvensar:

Ingen.

Vurdering:

Administrasjonen ser det som formålsteneleg å ha eit reglement som gir eit klart skille mellom reglement og prosedyre. Det er viktig med heilskap i plan- og styringsdokumenta og at ein ved å ha gode mål viser korleis ein ønskjer at kommunen som organisasjon skal vere.

Rådmannen si tilråding:

Kommunestyret vedtek utkast til nytt tilsetjingsreglement og tek prosedyrane til orientering.

Handsaming/vedtak i Administrasjonsutvalet den 17.06.2008 sak 2/08

Handsaming:

Framlegg frå Oddvar Grøthe:

Pkt 5.1 i tilsetjingsreglementet vert endra slik:

Kommunestyret skal godkjenne oppretting av nye stillingsheimlar, jf delegasjonsreglementet punkt 1.7.3.

Framlegg frå Oddvar Grøthe vedteken. Samrøystes.

Vedtak:

Administrasjonsutvalet si innstilling til kommunestyret:

Kommunestyret vedtek utkast til nytt tilsetjingsreglement og tek prosedyrane til orientering med denne endringa:

Punkt 5.1:

Kommunestyret skal godkjenne oppretting av nye stillingsheimlar, jf delegasjonsreglementet punkt 1.7.3.

Hemsedal kommune

Sakshandsaming

Saknr .: 68/08
 Arkivsaksnr: 08/728
 Arkivkode: 411 &20

Saksbehandler: Marianne B. Grøthe

Saksnummer	Utvalg	Møtedato
PS 3/08	Administrasjonsutvalet	17.06.2008
PS 68/08	Kommunestyret	26.06.2008

FASTE STILLINGSHEIMLAR I HEMSEDAL KOMMUNE

Saka blir avgjort av:

Kommunestyret.

Vedlegg:

Oversikt over faste stillingsheimlar.

Dokument i saka:

Oversikt over faste stillingsheimlar.

Saksopplysningar:

I samband med årsbudsjetteringa for 2007 gikk kommunen over til å nytte stillingsheimlar som grunnlag for lønsbudsjetteringa. Det har vore utført eit grundig oppryddingsarbeid for å få ein betre oversikt over stillingsheimlane i kommunen. Det er laga ei intern rutine for å ha ein oppdatert oversikt over endringar og nyoppretting av stillingsheimlar.

Totale faste stillingsheimlar pr. 9.6.2008 er 169,13 årsverk fordelt p.t.:

Etat:	Totale årsverk p.t:
<u>Rådmann</u>	<u>14,2</u>
1000 Rådmann	5,8
1010 Personal	2,0
1020 Tenestetorg	3,3
1030 Økonomikontoret	3,1
<u>Kultur og oppvekst</u>	<u>70,05</u>
2010 Kultur og oppvekst	5,3

2100 Hemsedal barne- og ungdomsskule	23,27
2200 Tuv skule	7,2
2210 Tuv barnehage	11,3
2300 Ulsåk skule	8,71
2310 Ulsåk barnehage	12,1
2400 Kultur- og musikkskulen	2,17
<u>Helse og sosial</u>	<u>13,53</u>
2500 Helse	7,73
2600 Sosial	5,8
<u>Pleie og omsorg</u>	<u>39,67</u>
2700 Administrasjon - PLO	3,0
2710 Bygdaheimen	22
2720 Heimebaserte tenester	14,67
<u>Teknisk etat</u>	<u>31,68</u>
3010 Teknisk sjef	8,75
3100 Eigedom	12,93
3200 Teknisk drift	7,9
3400 Landbruk og næring	2,1

Note 9 i rekneskap for 2007 har eit lågare tal på totalt årsverk. Årsaken er at vakante stillingar og nyoppretta stillingar ikkje er tatt med i rapportgrunnlaget for note 9.

Forhold til overordna plan:

Kommunestyret skal jf delegasjonsreglementet punkt 1.7.3 opprette nye faste stillingsheimlar og godkjenne den totale stillingsrammen for kommunen.

Rådmannen kan jf delegasjonsreglementet punkt 6.6 opprette og nedlegge faste stillingar innanfor totalrammen fastsett av kommunestyret.

I kommuneplanen står det under kommunen som organisasjon at kommunen skal vere ei verksemd med målretta personalpolitikk og godt arbeidsmiljø.

Miljøkonsekvensar:

Dette gir eit godt styringsverktøy og vil bli brukt som internkontroll for kommunen.

Økonomiske konsekvensar:

Ingen.

Vurdering:

Ved å bruke stillingsheimlar som grunnlag for lønsbudsjettering blir det eit meir nøyaktig lønsbudsjett. Det fører også til betre oversikt, systematisering av budsjettarbeidet og gir ein betre internkontroll.

Etter at det no har vore ein nøye gjennomgang og opprydding i stillingheimlane på verksemdsnivå, er det viktig at kommunestyret godkjenner grunnlaget for overnemnde stillingsheimelsoversikt jf delegasjonsreglementet punkt 1.7.3.

Rådmannen si tilråding:

Kommunestyret godkjenner at Hemsedal kommune har totalt 170,53 faste stillingsheimlar pr. 9.6.2008.

Handsaming/vedtak i Administrasjonsutvalet den 17.06.2008 sak 3/08

Handsaming:

Innstilling vedteken. Samrøystes.

Vedtak:

Administrasjonsutvalet si innstilling til kommunestyret:

Kommunestyret godkjenner at Hemsedal kommune har totalt 170,53 faste stillingsheimlar pr. 9.6.2008.

Hemsedal kommune

Sakshandsaming

Saknr .: 69/08
Arkivsaksnr: 06/494
Arkivkode: 410

Saksbehandler: Marianne B. Grøthe

Saksnummer	Utvalg	Møtedato
PS 4/08	Administrasjonsutvalet	17.06.2008
PS 69/08	Kommunestyret	26.06.2008

LØNSPOLITIKK - HEMSEDAL KOMMUNE

Saka blir avgjort av:

Kommunestyret

Vedlegg:

Nytt revidert utkast til lønspolitikk

Dokument i saka:

Utkast til lønspolitikk frå 2006

Saksopplysningar:

Ein gruppe beståande av personalrårgjevar, kommunalsjef og representanter frå Utdanningsforbundet og Fagforbundet utarbeida i 2006 ein lønspolitisk plan. Denne planen er ikkje behandla politisk og er no i samband med at administrasjonsutvalet og kommunestyret skal behandle tilsetjingsreglement og seniorpolitikken tatt fram for ny revidering og behandling.

Forhold til overordna plan:

Hovudtariffavtala, sentrale føringar og personalpolitiske retningsliner.

Miljøkonsekvensar:

Lønspolitikken er eit viktig styringsverktøy som vil bidra til forutsigbarhet ved forhandlingar.

Økonomiske konsekvensar:

Ingen.

Vurdering:

Lønspolitikken vil vere eit godt grunnlag i forhandlingar og kan bidra til forutsigbarhet og eit godt forhandlingsklima.

Rådmannen si tilråding:

Kommunestyret vedtek lønspolitikkk for Hemsedal kommune.

Handsaming/vedtak i Administrasjonsutvalet den 17.06.2008 sak 4/08

Handsaming:

Omforeint framlegg:

Nytt pkt c under pkt 3.1:

Oppllegg for lokale forhandlingar skal drøftast med formannskapet.

Nytt bombepunkt under pkt 5.2

Det skal gjevast melding til formannskapet om resultatet av forhandlingane.

Innstilling samt omforeint framlegg vedteken. Samrøystes.

Vedtak:

Administrasjonsutvalet si innstilling til kommunestyret:

Kommunestyret vedtek lønspolitikkk for Hemsedal kommune med denne endringa:

Nytt pkt c under pkt 3.1:

Oppllegg for lokale forhandlingar skal drøftast med formannskapet.

Nytt bombepunkt under pkt 5.2

Det skal gjevast melding til formannskapet om resultatet av forhandlingane.

Hemsedal kommune

Sakshandsaming

Saknr .: 70/08
Arkivsaksnr: 07/1100
Arkivkode: 410 &00

Saksbehandler: Marianne B. Grøthe

Saksnummer	Utvalg	Møtedato
PS 1/07	Administrasjonsutvalet	04.12.2007
PS 1/08	Administrasjonsutvalet	26.03.2008
PS 5/08	Administrasjonsutvalet	17.06.2008
PS 70/08	Kommunestyret	26.06.2008

<i>SENIORPOLITIKK I HEMSEDAL KOMMUNE - NY BEHANDLING</i>

Saka blir avgjort av:

Kommunestyret

Vedlegg:

1. Utkast til seniorpolitikk i Hemsedal kommune.
2. Nytt alternativt utkast til seniorpolitikk i Hemsedal kommune.

Dokument i saka:

1. Samlet saksfremstilling i administrasjonsutvalet sak 1/07.
2. Grafisk framstilling - oversikt over alderssamansetning, faste tilsette, i Hemsedal kommune.
3. Hemsedal kommune sammenlignet med KLP – totale kommuner.
4. Grafisk framstilling - % vis fordeling frå kartlegginga av ynskjelege seniorpolitiske tiltak.
5. KS/Fafo rapport, hvordan bidra til lengre yrkeskarriere datert august 2006.
6. Artikkel frå Arbeidstilsynet- Nytt forskningsrapport i Stami

Saksopplysningar:

Nye saksopplysningar:

Administrasjonsutvalet behandla saka om seniorpolitikk 26.3.2008 med fylgjande vedtak:
Saka vert utsett i påvente av resultatet for AFP-ordninga i lønsforhandlingane.

AFP ordninga vart vidareført i lønsforhandlingane og skal leggjast om etter mønster i privat sektor. Det kan bli omfattande endringar i offentleg tenestepensjonsordningar og partene var samde i at beslutningsgrunnlaget var for dårlig i hovudtariffoppgjøret. Det skal settast ned eit sentralt partsamansatt utval som skal førebu behandling og vurdere tilpassing til ny pensjonsreform og utforming av AFP i offentleg sektor i mellomoppgjøret i 2009.

Hemsedal kommune har sett i verk innsparingstiltak i 2008 for å betre kommuneøkonomien jf. sak 08/360 og tilsvarande tiltak blir sannsynlegvis vidareført.

Undervisningspersonell har p.t. sentral særavtale til hovudtariffavtala, eit vedtak om 5,8 % redusert undervisningsplikt frå fylte 55 år og 12,5 % frå fylte 62 år, medan generell arbeidstid ikkje er redusert. Dette medfører i praksis mindre lærarressursar pr elev eller at det må brukast vikar for å oppretthalde tenestetilbodet. Denne lønsauka er pr i dag ikkje finansiert med nye midlar.

Administrasjonen hadde i førre sak ikkje endra utkast til seniorpolitikk, men lagt opplysningar og vurderingar inn i saksframstillinga. Administrasjonen fikk i møte føringar frå ordførar om at det var ønskeleg med eit meir omfattande utkast til seniorpolitikk og inkludere forslag om redusert stilling med løn.

Arbeidsgruppa har hatt eit møte i samband med å legge fram alternativt utkast til seniorpolitikk. Vedlagt ligg det opphavslege utkast. I tillegg er det laga eit heilt nytt utkast til seniorpolitikk der det mellom anna er lagt inn to alternative forslag til redusert stilling, og eit av alternativa må velgjast ved endeleg vedtak.

Saksopplysningar frå sak 1/08 i administrasjonsutvalet:

Administrasjonsutvalet behandla saka om seniorpolitikk 4.12.2007 med fylgjande vedtak:

Saka vert utsett.

Administrasjonsutvalet ber om at saka blir lagt fram på nytt der det er lagt inn vurderingar me 80 % arbeid for full løn, eller tilsvarande løysingar.

Medarbeidarar i kommunal sektor har høg gjennomsnittsalder. Hemsedal kommune samanlikna med KLP – totale kommuner viser at kommunen sin alderssamansetning er yngre enn gjennomsnitt for kommuner som er tilknytta KLP. For enkelte verksemdar er det likevel ein høg gjennomsnittsalder, dette gjeldar mellom anna i pleie og omsorg.

For kommunesektoren sett under eitt, viser tal frå SSB at avgangsalderen er 57,5 år. Innan skulesektoren står lærarane lenger i jobb, gjennomsnittleg pensjoneringsalder er auka frå 56,5 i 2001 til 60 år i 2005. Svært få lærarar står i jobben til dei blir 67 år.

Vilkår og kostnader knytta til AFP ordninga i KLP er ulik for aldersgruppa 62 – 64 år og 65 – 67 år. Kommunen må dekke 50 % av AFP utbetalingane for aldersgruppa 62 – 64 år. Dette utgjør ca. kr. 150.000,- pr tilsatt inntil dei fyller 65 år. For aldersgruppa 65 og oppover har ikkje kommunen desse utgiftane. For tilsette som er tilknytta Statens pensjonskasse har ikkje kommunen desse kostnadene i det heile.

Lærarane har i dag ein særavtale til hovudtariffavtala, eit vedtak om 5,8 % redusert undervisningsplikt frå fylte 55 år og 12,5 % frå fylte 62 år, medan generell arbeidstid ikkje er redusert.

Dei neste 3 åra er det utifrå alderssamansetninga pr. 24.9.07 frå 2 – 4 tilsette som er i aldersgruppa 62 – 64 år.

Tiltaka i utkast til seniorpolitikken for Hemsedal kommune inneheld ingen rettar for den einskilde, men er meint som ein tiltakspakke. Arbeidsgjevar og arbeidstakar skal i lag vurdere kva som er formålsteneleg for den einskilde og arbeidsgjevar.

Om ein innfører tiltak som 20 % redusert stilling med 100 % løn må ein tilsette ein vikar i 20 % stilling om tilsvarande arbeid skal kunne utførast. Dette vil med utgangspunkt i ei årsløn på kr. 300 000,- bli ein årleg kostnad på kr. 75.000,- pr år inkl. sosiale utgifter.

Ved innføring av 20 % redusert stilling med 100 % løn må ein vurdere om ein skal ha som vilkår at ordninga fell bort om dei nyttar ”20 % reduksjonen” til anna lønna arbeid.

Tilsette som ønskjar å arbeide i redusert stilling har høve til å gå av med delvis AFP. Bruk av delvis AFP vil halvere kommunen sine kostnader samanlikna med alternativet 100 % løn og 80 % stilling. For den tilsette vil eit mindre uttak av AFP gi lågare utslag i lønsreduksjonen enn eit høgare uttak ville gjort.

Tilsette som ikkje kan arbeide i sin opphavslege stilling kan ha rettar i folketrygdlovgivinga og pensjonsordningane utanom AFP. Kommunen er i tillegg forplikta til å tilretteleggje arbeide for tilsette som har behov for dette.

KS/Fafo rapport

På oppdrag frå KS har Fafo utarbeidd ein rapport, basert på erfaringar med seniorpolitikk i seks norske kommunar. Desse kommunane er Molde, Nedre Eiker, Stord, Ringerike, Sørumsdal og Skedsmo, som alle har vore aktive tilretteleggjarar for å utvikle seniorpolitikk og har fått mykje erfaring. Undersøkinga viser at det er nødvendig med ein aktiv seniorpolitikk. Sjølv om resultatane er varierende, kan kommunane nytte mykje av dette materialet.

Tiltak som er evaluert og har vist seg å ha effekt er mellom anna:

- Reduksjon av arbeidstingde som tidspress og arbeidsmengd
- Fleksible arbeidstidsordningar
- Generell betring av arbeidsmiljøet
- Betring av den enkeltes oppleving av å meistre og vera nøgd med arbeidet sitt
- Moglegheit for rehabilitering og ulike helsefremjande tiltak
- God bedriftshelseteneste
- God leiarstil

Artikkel frå Arbeidstilsynet- Stami artikkel – hvordan beholde eldre arbeidstakere.

Dei fleste som vart spurt i denne undersøkinga seier at dei viktigaste faktorane for å fortsette i arbeid fram til normal pensjonsalder er godt arbeidsmiljø og god helse. For personar med tungt fysisk arbeid vil fysisk trening vere viktig for å redusere muskel og skjelettplager og for å oppretthalde den fysiske arbeidsevna. Ein annan faktor det blir peika på er at ut i frå den einskilde sine behov må leggast til rette på arbeidsplassen.

Saksopplysningar frå sak 1/2007 i administrasjonsutvalet:

Hemsedal kommune er jf Hovudtariffavtalen 2006-2008 (HTA), pkt 3.2.3 forplikta til å utvikle verkemidlar for å motivere medarbeidar til å stå lenger i arbeid.

I tillegg kjem krav om tilretteleggjing i gjeldande lov- og avtaleverk som til dømes IA-avtale og arbeidsmiljølova.

Hausten 2007 ble det gjennomført ei kartlegging av ynskjelege seniorpolitiske tiltak blant tilsette i Hemsedal kommune som er fødd i perioden 1941 – 1950. Svarprosent var på 62 %, dvs. 18 av 29 moglege svar. Resultat frå kartlegginga viste fylgjande ynskjelege tiltak: 67 % ynskja løn/bonus, 53 % ynskja meir ferie/fritid og 47 % ynskja redusert stillingsprosent. Når ein spurde om dei tre høgst prioriterte tiltaka kom løn/bonus og redusert stilling høgast. Tiltaka meir ferie/fritid, meir tilpassa og sjølvstyrt ferie og årleg samtale var deretter prioritert likt. Kartlegginga viser 5 prioriterte aktuelle seniorpolitiske tiltak og to ikkje prioriterte tiltak. Arbeidsrotasjon og heimekontor var dei to tiltaka som skilte seg ut som ikkje prioritert.

Tabell 1: Aldersfordeling faste tilsette i Hemsedal kommune pr. 24.9.2007:

Aldersgruppe	Antal personar			Antal årsverk		
	Totalt	Kvinner	Menn	Totalt	Kvinner	Menn
25 eller yngre	2	2	0	1,10	1,10	0
26 – 35	43	33	10	34,55	25,05	9,5
36 – 45	61	52	9	49,30	40,30	9
46 – 55	46	40	6	35,32	29,82	5,5
56 – 60	19	13	6	15,75	9,75	6
61 – 64	13	10	3	10,62	7,62	3
65 eller eldre	3	3	0	1,47	1,47	0
Totalt	187	153	34	148,11	115,11	33

Tabell 2: Aldersprognose for tilsette som fyller 67 år i:

Årstal	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017
Tilsette	2	1	2	4	3	4	2	4	1	6

Tabell 3: Aldersprognose for tilsette som fyller 62, 63 eller 64 år i 2008:

Alder i 2008:	62 år	63 år	64 år	Totalt 62-65
Tilknytt KLP	4	2	4	10
Tilknytt STP	0	0	0	0

For tilsette som er medlem i KLP betaler Hemsedal kommune 50 % av utgiftane for tilsette som går av med AFP for aldersgruppa 62 – 65 år. Opptente rettigheter i folketrygda er grunnlaget for utgiftene i samband med AFP. Utgiftene kan difor ikkje sjåast direkte i samband med årsløna i kommunen. Vi har ikkje tilsvarande utgifter ved uttak av AFP for tilsette som er medlem i Statens pensjonskasse, dvs. undervisningspersonell.

Utkast til seniorpolitikk som er utarbeidd av ei gruppe beståande av personalsjef, pleie og omsorgssjef og tillitsvalde er sendt tillitsvalde og leiargruppa før politisk behandling.

Forhold til overordna plan:

Kommuneplanen 2003-2015, personalpolitiske retningslinjer og HMS-handboka (inkl IA).

Miljøkonsekvensar:

Ein god seniorpolitikk vil, for mange, bidra til at dei tilsette ynskjer å halde fram i arbeid framfor å nytte ordningar som til dømes AFP. Arbeidsmiljøet vil nytte godt av å ha ein stabil arbeidsstokk med mykje erfaring og kunnskap. Dei yngre arbeidstakarane vil også få eit signal om at kommunen er ein attraktiv arbeidsplass, noko som kan føre til nyrekruttering. All tilrettelegging vil kunne medføre reduksjon i sjukefråvær og auka trivsel i arbeidet.

Når ein i denne omgang berre legg fokus på seniorpolitikk utan å tenke heilskapleg personalpolitikk, må ein vere merksam på at seniorpolitikken kan kome i konflikt med andre personalpolitiske retningslinjer.

Spesielt ved redusert stilling og/eller auka ferie/fritid kan kommunen få problem med å tilsette i små stillingar. Vakante stillingar vil igjen føre til auka arbeidspress både for den tiltaket gjeld og andre kollegaer, noko som igjen kan føre til auka sjukefråvær.

Økonomiske konsekvensar:

Hemsedal kommune har inngått avtale med KLP om at 50 % av utgiftene, for dei tilsette som tek ut AFP i aldersgruppa 62-65 år blir betalt direkte av kommunen. Resterande 50 % av utgiftene er knytta opp mot KLP sin tilskotsordning. Kostnadane blir utrekna ut frå totalt pensjonsgrunnlag og ein fastsett prosentsats. Estimert pensjonsgrunnlag for 2008 er totalt 50 mill kr og prosentsatsen er p.t 0,53 % i fellesordninga og 0,18 % i sjukepleiarordninga. I tillegg kjem kostnader i samband med reguleringspremie for lønsutviklinga.

Hemsedal kommune kan vurdere å endre avtala med KLP til 100 % sjølvfinansiering eller 100 % utjamningsordning. KLP skal då varslast min 2 månader før nytt kalenderår, ved endring får kommunen ein karantene på 3 år. Det er framtidens uttak av AFP som avgjer om Hemsedal kommune har vald rett ordning. Ved eit lågt uttak bør 100 % sjølvfinansiering veljast og ved eit høgt uttak bør 100 % utjamningsordning veljast. Alternativa er ikkje vurdert i denne saka, men bør vurderast jamnleg, langsiktig og i god tid før årslutt med tanke på varslingsplikt og karantenereglar.

I Hemsedal kommune er det 4 av 9 moglege tilsette som har nytta AFP-ordninga i 2007, herav ein som kjem inn under Statens pensjonskasse. Totalt for året 2007 og dei 3 tilsette som heile eller deler av året har nytta AFP-ordninga gjennom KLP, har kommunen hatt ei direkte utgift på mellom 450.000,- og 500.000,-.

Lønsmassen for dei tilsette som fyller 62, 63 eller 64 år i 2008, jf tabell 3 ovanfor er totalt ca. 2 400 000,- fordelt på 8,12 årsverk. Dette samsvarer godt med ei årsløn på kr. 300 000,- som blir brukt som grunnlag for utrekning av AFP utgifter på landsbasis. AFP utgiftene er anslagsvis 62 % av dette grunnlaget, dvs. 1,5 millioner kr. Med utgangspunkt i at halvparten av dei tilsette tek ut AFP vil kommunen sin direkte utgift bli kr. 750 000,- noko vi gjennom avtaleverk er forplikta til å dekkje.

Det er vanskeleg å rekne eksakte økonomiske konsekvensar i samband med etablering av seniorpolitikk, ulike føresetnader må leggjast til grunn. Døme på føresetnader er:

- Prognoser frå KLP som danner grunnlag for budsjett 2008
- Eit truleg redusert uttak av AFP
- Færre tilsetjingar
- Ivaretaking av kompetanse
- Utvikling i sjukefråværet
- Skjulte kostnader/gevinstar

I dag blir 1 % av den månadelege lønskostnaden innbetalt til KLP til dekking av kommunen sine kostnader ved AFP. Det blir gjort avrekning ved slutten av året og beløp som kommunen eventuelt har til gode blir tilbakebetalt kommunen.

Vurdering:

Det er viktig at kommunesektoren er konkurransedyktig med tanke på å behalde og rekruttere arbeidskraft i framtida. Rekrutterings situasjonen innan fleire yrkesgrupper er dessutan svært vanskeleg, og gjer det nødvendig å ha ein god personalpolitikk som også tek omsyn at arbeidstakarar har ulike behov i dei ulike livsfasane. Sjølv med gode rekrutteringstiltak, vil ikkje tilgangen på yngre arbeidskraft dekke det behovet vi har både no og i åra framover. Ein god seniorpolitikk vil truleg trekke til seg ny arbeidskraft og ikkje minst motivere dei tilsette til å halde fram i arbeid og truleg redusere uttak av AFP.

Sentralt i KS og kommunane generelt blir det arbeidd med å redusere uønska deltid samt å ha ein attraktiv seniorpolitikk for å behalde arbeidskrafta. Kommunen har store vanskar med å rekruttere i små stillingar. Ein konsekvens ved å ha mange små stillingar er at kommunen i framtida må tilsette i større stillingar enn det eigentlege behov.

Tiltaka i utkast til seniorpolitikken inneheld ingen rettar for den einskilde, men er meint som ein tiltakspakke som skal bidra til at arbeidstakarar vel jobb i staden for tidlegpensjonering slik at kommunen beheld verdifull kompetanse og god arbeidskraft. Hemsedal er ein liten kommune der mange oppgåver ikkje utan vidare kan bli omfordelt til andre ut i frå krav om kompetanse, turnus m.v. Det er viktig at tiltaka blir oppfatta som rettferdige og gode for alle, uansett arbeidsstad, type arbeid og kva for pensjonskasse ein tilhøyrer.

Ein god personalpolitikk og seniorpolitikk i ein kommune med dårlig økonomi vil krevje eit godt samarbeid mellom arbeidsgjevar og arbeidstakar. Det er ofte ikkje dei tiltaka som nødvendigvis kostar mest som har størst positiv verknad. Mykje tyder på at det arbeidsmiljø, arbeidsglede, kompetanseheving, gode tilbakemeldingar, positive haldningar og det å bli sett og inkludert er dei viktigaste kriteria for at eldre skal velje jobb framfor tidlegpensjon, jf KS/Fafo rapport. Det er derfor lagt vekt på ein fleksibel tiltakspakke i utkastet til seniorpolitikk som i tillegg til krav om tilrettelegging i avtaleverket skal bidra til å skape ein god og fleksibel arbeidssituasjon. Arbeidsgjevar og arbeidstakar skal i lag vurdere kva som er formålsteneleg for den einskilde og arbeidsplassen.

Årsakane til tidlegpensjonering kan vera mange, og det skal vera "lov" å gå av når ein føler med seg sjølv at det er rett for ein. Tilsette som ønskjer å arbeide i redusert stilling kan nytte seg av retten til å ta ut delvis AFP. Tilsette kan også ha rettar i folketrygdlovgivinga og pensjonsordningane dersom dei grunna uføre/attføring ikkje kan halde fram i sin opphavelege

stilling. Disse rettane vil ikkje redusere fremtidige pensjonsutbetalinger, noko som AFP ordninga gjer. Kommunen sine kostnader vil bli redusert samanlikna med med å gje 100 % løn for 80 % arbeid. For den tilsette som vel ei slik ordning vil den reelle lønsreduksjonen bli relativ liten. I forslaget er det lagt inn at det er mogleg å 20 % reduksjon i stillinga utan løn, men med opptening av pensjon etter den opphavelige stillingsprosenten for å oppretthalde rettane i pensjonskassa.

Individuelle ordningane kan i utkastet kombinerast, ved store endringar i forslaga til tiltak i seniorpolitikken er det viktig å få vurdert konsekvensane av desse.

Tiltak som har økonomiske konsekvensar kan ikkje bli gjennomført inneverande år da det ikkje er sett av midlar. Sidan pensjonsreformen krever omfattende tilpasningar er det vanskeleg å vite kva dei økonomiske konsekvensar blir og korleis AFP og pensjonsordninga vil slå ut for den enkelte. Det kan vere formålsteneleg å starte med tiltak som ikkje har så store økonomiske konsekvensar men som likevel er ønskte tiltak blant dei tilsette og som sentrale undersøkingar viser til. Dette vil medføre at tiltak utan nye økonomiske konsekvensar kan starte opp frå 1.7.2008, medan tiltak med økonomisk konsekvens ikkje bør bli gjort gjeldande før etter at mellomoppgjøret i 2009 er godkjent. Dei økonomiske konsekvensane må innarbeidast i budsjett for 2009 og i økonomiplan 2009-2012.

Administrasjonen ønskjer at seniorpolitikken skal bidra til at fleire arbeidstakarar vil halde fram i arbeid framfor å redusere stillinga eller gå av med AFP.

Rådmannen si tilråding:

1. Utkast nr 2 til seniorpolitikk ev korrigert for endringar jf vedtak, blir gjort gjeldande når mellomoppgjøret i 2009 er godkjent.
2. Tiltak utan økonomiske konsekvensar kan iverksettast snarast.
3. Økonomiske konsekvensar for seniorpolitiske at tiltak blir innarbeidd i budsjett 2009 og økonomiplan 2009 - 2012.
4. Seniorpolitikken skal gjennomførast som ein prøveordning fram til 31.12.2009, og evaluerast årleg av kommunen si leiargruppe.
5. Seniorpolitikken skal innarbeidast i Hemsedal kommune sin framtidige arbeidsgiverstrategi (AGS 2020) og andre styringsdokument.
6. Dersom reglane for avtalefesta pensjon (AFP) blir endra i perioden kan seniorpolitikken takast opp til behandling før prøveperioden er avslutta.
7. Hemsedal kommune skal innan 31.10.2008 vurdere om det er lønsamt med eit ev byte til dei andre ordningane i KLP, anten 100 % sjølvfinansiering eller 100 % utjamning.

Handsaming/vedtak i Administrasjonsutvalet den 17.06.2008 sak 5/08

Handsaming:

Omforeint framlegg:

Nytt pkt 8: Under pkt 5.3.2 vert beløpet endra til kr 40.000,-.

Nytt pkt 9: Under pkt 5.3.3 vert alt. 1 gjort gjeldande.

Nytt pkt 10: Under pkt Avgrensingar/Ansvar/mynde og pkt 3. Ansvar/mynde skal det heite:
Det er leiar med personalansvar i samråd med personalsjef som har.....

Omforeint framlegg vedteken. Samrøystes.

Vedtak:

Administrasjonsutvalet si innstilling til kommunestyret:

Kommunestyret vedtek:

1. Utkast nr 2 til seniorpolitikk korrigert for endringar jf vedtak, blir gjort gjeldande når mellomoppgjøret i 2009 er godkjent.
2. Tiltak utan økonomiske konsekvensar kan iverksettast snarast.
3. Økonomiske konsekvensar av seniorpolitiske tiltak blir innarbeidd i budsjett 2009 og økonomiplan 2009 - 2012.
4. Seniorpolitikken skal gjennomførast som ein prøveordning fram til 31.12.2009, og evaluerast årleg av kommunen si leiargruppe.
5. Seniorpolitikken skal innarbeidast i Hemsedal kommune sin framtidige arbeidsgiverstrategi (AGS 2020) og andre styringsdokument.
6. Dersom reglane for avtalefesta pensjon (AFP) blir endra i perioden kan seniorpolitikken takast opp til behandling før prøveperioden er avslutta.
7. Hemsedal kommune skal innan 31.10.2008 vurdere om det er lønsamt med eit ev byte til dei andre ordningane i KLP, med anten 100 % sjølvfinansiering eller 100 % utjamning.
8. Under pkt 5.3.2 vert beløpet endra til kr 40.000,-.
9. Under pkt 5.3.3 vert alt. 1 gjort gjeldande.
10. Under pkt Avgrensingar/Ansvar/mynde og pkt 3. Ansvar/mynde skal det heite:
Det er leiar med personalansvar i samråd med personalsjef som har.....

Hemsedal kommune

Sakshandsaming

Saknr .: 71/08
Arkivsaksnr: 08/605
Arkivkode: 210

Saksbehandler: Gabriel Johannessen

Saksnummer	Utvalg	Møtedato
PS 58/08	Formannskapet	17.06.2008
PS 71/08	Kommunestyret	26.06.2008

TERTIALRAPPORT -1.TERTIAL 2008 - HEMSEDAL KOMMUNE

Saka blir avgjort av:

Kommunestyret

Vedlegg:

Tertialrapport 1.tertial 2008

Dokument i saka:

Tertialrapport 1.tertial 2008

Saksopplysningar:

I tråd med gjeldande reglement skal rådmannen kvart år leggje fram 3 tertialrapportar for kommunestyret. Det gjeld periodane januar-april og mai-august kvart år. Rapporten for 3.tertial blir samanfallande med administrasjonen si årsmelding til kommunestyret.

Rapporten skal syne korleis forbruket har vore i forhold til budsjett. Det er lagt spesiell vekt på å vurdere at lønsutgiftene er i tråd med tildelt ramme.

Rådmannen har påpeikt tidlegare at det ikkje er råd å periodisere øvrige utgifter / inntekter. Dette heng saman med at store utgifter i enkelte verksemdar kjem allereie i starten av året, medan andre vil få utgifter / utbetalingar i slutten av året. Det er difor viktig for etatane / verksemdene å signalisere at "forventa" påløpne utgifter er i tråd med dei budsjetterte. Samstundes må etatane / verksemdene vite at forventa utgifter ikkje endrar seg ut over dei rammer som tidlegare er tildelt av kommunestyret.

Det same gjeld inntektssida. Inntektene frå skatt / ramme er fordelt over året. Inntekter frå kommunale avgifter / gebyr , samt eige-domsskatt verk og bruk blir normalt fakturert to gonger pr. år. Nokre, men mindre inntekter frå utførde kommunale tenester blir fakturert løpande.

Forhold til overordna plan:

Inntekter og utgifter skal vera i tråd med vedteke budsjett 2008. Det skal i tillegg gjerast korrigeringar i tråd med dei vedtak kommunestyret gjorde i møte 3.april 2008. Desse justeringane vil bli innarbeidd i rapporten for 2.tertial 2008.

Miljøkonsekvensar:

Ikkje vurdert.

Økonomiske konsekvensar:

Dei økonomiske rammene for etatane i 2008 er etter vedtak i kommunestyret 3.april 2008, sak 19/08, justert ned med kr 3 450 000. Verknadene i 1.tertial er så små at det for å få fram et reelt forbruk ikkje er gjort justeringar i etatane sine rammer i rapporten. Dei vil bli innarbeidd i rapport 2.tertial og kommentert ut frå dei nye rammeføresetnadene.

Vurdering:

1. Forbruk av løn 1.tertial 2008

Forbruket skal normalt utgjere om lag 35% av netto årsforbruk. I rapporten vil det ikkje vera tatt omsyn til refusjonar. Lønsutgiftene oppgitt i rapportane er brutto tal.

Ut frå rapportane kan rådmannen konkludere med at det i 1.tertial ikkje har vore overforbruk av løn i etatane.

2. Andre driftsutgifter

Ut frå dei tal og kommentarar som ligg føre har det heller ikkje vore overforbruk av andre driftsutgifter. Det er gitt signal om t.d meirforbruk på skyss frå HBU. Rådmannen har gitt melding attende til kultur- og oppvekstsjefen om at dette må dekkjast innanfor kultur- og oppvekstetaten sine rammer, til dømes gjennom overføringar mellom dei tre skulane.

3. Inntekter

Det er tidlegare påpeikt at inntekter frå skatt og ramme er budsjettert for høgt. Tala for 1.tertial 2008 er ikkje utan vidare samanliknbare med tidlegare år grunna i at fristen for innbetaling av forskotskatt 30.april 2008 er utsett 1 månad. Tal som rådmannen har motteke pr. 31.mai for dei første 5 månadene tyder på at skatteinntektene er noko høgre enn i 2007. Auken er imidlertid mindre enn for landet i øvrig.

Rammetilskotet er budsjettert for høgt. Etter rådmannen si vurdering må sum skatt og ramme 2008 reduserast med 6.5 mill kr til maks. 70 mill kr.

4. Andre forhold.

Justeringar / konsekvensar av lønsoppgjeret pr. 1.mai 2008 må gjerast i samband med rapport for 2.tertial 2008. Saka vert lagt fram for kommunestyret i september 2008.

Rådmannen si tilråding:

Kommunestyret tar tertialrapport for 1.tertial 2008 til orientering.

Handsaming/vedtak i Formannskapet den 17.06.2008 sak 58/08

Handsaming:

Innstilling vedteken Samrøystes.

Vedtak:

Formannskapet si innstilling til kommunestyret:

Kommunestyret tar tertialrapport for 1.tertial 2008 til orientering.

Hemsedal kommune

Sakshandsaming

Saknr .: 72/08
Arkivsaksnr: 08/797
Arkivkode: 150

Saksbehandler: Gabriel Johannessen

Saksnummer	Utvalg	Møtedato
PS 72/08	Kommunestyret	26.06.2008

JUSTERINGAR AV BUDSJETT 2008

Saka blir avgjort av:

Kommunestyret

Vedlegg:

Ingen

Dokument i saka:

Ingen

Saksopplysningar:

1. Bakgrunn.

Hemsedal kommunestyre gjorde i møte 3.4.2008, sak 19/08, vedtak om innsparingar og justeringar i budsjettet. Netto innsparingar utgjorde til saman 3.475 mill kr..

I tillegg vart det bestemt at forhold mellom anna knyta til skatt, rammetilskot og avdragstid på lån skulle vurderast av økonomiutval / kommunestyret etter at revidert nasjonalbudsjett vart lagt fram i mai 2008.

Økonomiutvalet har følgd opp dette og i tillegg drøfta vidare arbeid med oppfølging av økonomistyringa i kommunen med leiargruppa.

Forhold til overordna plan:

Økonomiplan for perioden 2008-2011

Miljøkonsekvensar:

Ikkje vurdert

Økonomiske konsekvensar:

Sjå saksopplysningar

Vurdering:

Vurderingane er gjort av økonomiutvalet

1. Skatt og ramme 2008.

Forventa inntekter frå skatt og ramme for 2008 vart i desember 2007 fastsett til 76.5 mill kr. fordelt på 57 mill kr i skatt og 19.5 mill kr i rammetilskot. Gjennomførte reduksjonar i budsjetttrammene i april var eit resultat av at skatteinntektene viste seg å bli mindre enn forventa.

Konklusjon:

Økonomiutvalet meiner at samla skatteinntekter og rammetilskot i 2008 må reduserast frå 76.5 mill kr til 70 mill kr og fordelt slik:

- Skatt: 53 mill kr
- Rammetilskot 17 mill kr

Økonomiutvalet vi peike på at utvalet sitt framlegg er tilnærma identisk med KS sine prognosar.

2. Avdragstid lån

Kommunestyret ville i aprilvedtaket i kommunestyret at endra nedbetalingstid på kommunen si låneportefølgje vart vurdert.

Konklusjon:

Økonomiutvalet rår ikkje til at nedbetalingstid på kommunen sin lån vert auka

3. Utbyte frå Hemsedal Energi KF.

Økonomiutvalet rår til at det vert tatt ut ekstra utbyte frå Hemsedal Energi i 2008 med 5.7 mill kr, slik at samla utbyte vert 7 mill kr. Dette vil økonomiutvalet grunnge med uttaket er nødvendig for å få budsjettet i balansen. Dernest kan uttaket forsvarast med at HE i 2007 har hatt er sær s godt driftsresultat.

Tilråding frå økonomiutvalet om å ta ut utbyte frå HE er gjort mot 1 røyst (Tor Grøthe, FrP)

4. Gjennomgang av vedtekne reduksjonar

Økonomiutvalet er samd om følgjande konklusjon:

- vedteken reduksjon i ramma for 2008 på 3.475 mill kr må først vidare i 2009, men det må gjerast ei reell vurdering av kva for tiltak innan ulike tenestemråde som må først vidare
- Økonomiutvalet fekk lagt fram ei orientering frå leiargruppa om ulike stillingsreduksjonar. Økonomiutvalet ser at dette arbeidet må halde fram i samband med budsjetthandsaminga hausten 2008.
- Ramma for musikk – og kulturskulen vart i aprilvedtaket redusert meir enn forventa. Ramma for kulturskulen skal difor aukast att med kr 30 000

5. Lønsoppgjeret 2008.

Økonomiutvalet er kjent med at lønsoppgjeret i både privat og offentlig sektor i 2008 er blitt større enn forventa. I kommunesektoren har oppgjeret ei total ramme på 6.34 %.

Det er i kommunen sitt budsjettet for 2008 rekna med ei auke på 4.5%. Avviket mellom realisert og forventa løn i 2008 må difor kompensast.

Endeleg konsekvansar av oppgjeret kan avklarast innan 31.8. Det vert no lagt inn resultat av etterreguleringar av løn for nokre grupper attende til 1.januar 2008, samt endringane for dei fleste grupper gjeldande frå 1.mai 2008. I tillegg skal det som resultat av oppgjeret gjennomførast lokale forhandlingar med ei ramme på 1.4% (innrekna i nemnde total ramme på 6.34%). Til sist skal det gjennomførast lokale forhandlingar for dei yrkesgrupper som ikkje er omhandla av det sentrale oppgjeret.

Konklusjon:

Økonomiutvalet sett av 1 mill kr til til diposisjon til dekning av meirutgifter i samband med lønsoppgjeret for 2008. Administrasjonen må kome attende med melding så snart berekningane og konsekvansar av oppgjeret for Hemsedal kommune er klart.

Tor Grøthe røysta prinsipielt mot budsjettjusteringane.

Økonomiutvalet si tilråding:

1. Samla skatteinntekter og rammetilskot i 2008 vert redusert frå 76.5 mill kr til 70 mill kr og fordelt slik:
 - Skatt: 53 mill kr
 - Rammetilskot 17 mill kr
2. Nedbetalingstid på kommunale lån i 2008 vert ikkje endra
3. Utbyte frå Hemsedal Energi KF vert for 2008 auka med 5.7 mill kr til tilsaman 7 mil kr.

4. Vedteken reduksjon i ramma for 2008 på 3.475 mill kr må førast vidare i 2009. Det må i budsjett handsaminga for 2009 gjerast ei reell vurdering av kva for tiltak innan ulike tenestoområde som skal førast vidare
5. Ramma for Hemsedal kultur- og musikkskule vert auka med kr 30 000.
6. Det vert løyvd 1 mill kr til dekning av meirutgifter i samband med lønsoppgjeret for 2008. Administrasjonen må kome attende med melding så snart berekningane og konsekvensar av oppgjeret for Hemsedal kommune er klart
7. Overskotet frå diponeringar som vist under pkt 1-6 i framlegget vert tilført kommunen sin disposisjonskonto.

Hemsedal kommune

Sakshandsaming

Saknr .: 73/08
Arkivsaksnr: 08/765
Arkivkode: 250

Saksbehandler: Oddvar Grøthe

Saksnummer	Utvalg	Møtedato
PS 59/08	Formannskapet	17.06.2008
PS 73/08	Kommunestyret	26.06.2008

ANDELSKRAFTA OG KONSESJONSKRAFTA TIL HEMSEDAL KOMMUNE - FRAMTIDIG FORVALTNING

Saka blir avgjort av:

Kommunestyret

Vedlegg:

Info til Hemsedal kommune – ”Flå-modellen”

Dokument i saka:

Info til Hemsedal kommune – ”Flå-modellen”

Saksopplysningar:

Hemsedal kommune gjorde i sak 18/08, Økonomiplan 2008-2011 – auke av inntekter, slikt vedtak:

Hemsedal kommunestyre ber om at det blir lagt fram ei sak som syner:

- 1. Inntektsmoglegheiter for kommunen ved å selja andels- og konsesjonskrafta til beste pris på kraftmarknaden. Korleis vil dette verke på Hemsedal Energi som nettselskap.*
- 2. Omsette krafta vår gjennom Hemsedal Energi som før, men med endring av vedtektene for Hemsedal Energi slik at krafta vert omsett til markedspris. Kva utbytte kan Hemsedal kommune rekne med ved ei slik ordning, og kva er framtidsutsiktene for Hemsedal Energi då?*
- 3. Hemsedal formannskap og styret i Hemsedal Energi gjennomfører denne prosessen og får fullmakt til å innhente nødvendig kompetanse for å gjera arbeidet.*
- 4. Frist for utgreiinga vert sett til 1. juni 2008.*
- 5. Formannskapet skal samstundes legg fram ei sak for å avklare nokre prisipielle spørsmål kring eigedomsskatt så som:*

- *Takstgrunnlag og botnfrådrag*
- *Skattesats – same sats for alle skatteobjekt?*
- *Bedrifter – regelverk*
- *Landbruket - regelverk*

Formannskapet og Hemsedal Energi har hatt fleire arbeidsmøte. Dette er ei stor sak der ein må ha lengre tid på seg for å få fram alle sider av saka på ein utfyllande måte. Saka dreier seg om å forvalte den årlege kraftressursen til kommunen på beste måte.

Det er arbeid utifrå tre hovudmodellar.

1. Drive vidare som no, der Hemsedal Energi er nettselskap, samstundes som det omset kraft til innbyggjarane og næringsliv, men med endra vedtekter som gjer det mogleg for kommunen (eigaren) å ta ut eit større utbytte.
2. Kommunen sel den årlege kraftmengda si. Hemsedal har ca 34 GWh konsesjonskraft og ca 20 GWh andelskraft. Den fyrste er ein fast storleik, medan andelskrafta kan variere litt etter produksjonen ved berørte kraftverk frå år til år. Innkjøpsprisen på andelskraft og konsesjonskraft er no i underkant av 10 øre pr KW, som er lik sjølvkost på produksjon. Denne prisen er uavhengig av kraftpris/spotpris. Salsprisen på krafta vil kunne svinge frå år til år etter situasjonen i markedet. Det kan vera fleire måtar å selja krafta på:
 - a. Den kan leggjast ut for fritt sal der den som betalar best får tilslaget. Det kan vera kontrakt for eitt eller fleire år. Utifrå erfaringar med prisutviklinga for straum, bør det ikkje inngåast kontrakt for fleire år.
 - b. Krafta kan seljast til ein fast aktør. Flå kommune har sidan 1999 hatt fast avtale med Ustekveikja AS. Dette er ei forvaltningsavtale, der dei heile tida arbeider for å få best mogleg pris for kommunen si kraft. Hemsedal kommune vil/kan sjølv bestemme korleis rutinene for dette vert lagt opp. Inntektene vil fylgje utviklinga i kraftmarknaden , men med ei stor grad av stabilitet og ”forutsigbarheit”, jamfør vedlagte Flå-modell. Ustekveikja A/S har laga eit utkast der salet av Hemsedal si kraft fylgjer same prinsipp som for Hol og Flå. Basert på kraftprisane ved Nord Pool 12. mai 2008 , og med ei kraftmengde på 51 GWh , gjer dette Hemsedal kommune ei inntekt for 2009 på 22,3 mill kr. Innkjøpsprisen for krafta er på ca 5,3 millionar, slik at kommunen sit att med eit netto resultat av salet på ca 17 mill. kr. Usikkerheita vil vera innføring av nye reglar for regulerkraft som kjem i 2009. Verknadane av nye reglar vil vera marginale. Ustekveikja AS krev kr 3000 kr pr. veke , dvs kr 155 000 pr.år for å forvalte kommunen si kraft.

Det er stilt spørsmål ved kva pris kommunen kan få ved t.d. 3-årskontrakt med Ustekveikja A/S. Med prisen 11.. juni som utgangspunkt gav Bjørn Skaret tilbod for 2009 , 2010 og 2011 på 24 millionar årleg. Det har vore ei gunstig prisutvikling og signal i marknaden i seinare tid som gjer at prisen frå mai til juni har stege. Avtale for 1 år no gje Hemsedal kommune ei samla

inntekt på mellom 24 og 25 mill. kr. Dette er heile tida rekna utifrå ei samla kraftmengde frå andels- og konsesjonskraft på totalt 51 Gwh.

Kundane i Hemsedal vil bli lagt inn i Ustekveikja si kundeportefylgje slik som i Flå og vil få same prisar. Slik situasjonen er no vil det vera liten forskjell på Hemsedal Energi sin pris og eventuelt Ustekveikja Energi AS sin pris , men me hugse sikkert vinteren då prisen var opp mot 1 krone. For å verne seg mot dette kan ein drøfteulike modellar som kan avgrense problemet med ekstremstiasjonar. Det er seljar som må dekkje dette , og dette kan løysast gjennom ei eventuell fondsavsetjing. I tillegg vil Ustekveikja ha alle typer straumprodukt som innbyggjarare i Hemsedal kan velja i. Døme på gunstig ordning er innstallasjon av varmpumpe i bustaden og som kan nedbetalast over straumrekninga over fem år.

- c. Eit tredje alternativ for sal av kommunen si kraft kan vera å selja den til fast pris til Hemsedal Energi, og at Hemsedal Energi styrer prisen ut til forbrukar. Hemsedal kommune kan i tillegg få utbytte frå Hemsedal Energi dersom eit positivt driftsresultat skulle gjera det mogleg. Hemsedal Energi driv sjølvsgt som nettselskap i tillegg, og vil kunne behalde synergieffektar ved å drive nett og kraftomsetning/sal samstundes i Hemsedalssamfunnet. Hemsedal Energi vil neppe kunne betale like mykje for krafta som Ustekveikja har signalisert. Det er kanskje ein forskjell på 10 øre, eller ca 5 mill kroner årleg. Prisen til forbrukar vil kanskje bli meir stabil gjennom året.
- 3 Det er vidare arbeidd med eit alternativ med sal av krafta og samstundes sal av nettselskapet (Hemsedal Energi) . Nettselskapet er monopolverksemd, dvs einaste aktør i eit definert område. Hemsedal Energi er einaste selskap som kan overføre straum til kundar i Hemsedal. NVE gjev nettselskapa maks inntektsrammer som dei må halde seg til. Hemsedal Energi fekk i 2007 heva denne ramma betydeleg, grunna dei store investeringane som er gjort i og utanfor Heimsil 1 , og endringar i berkningsgrunnlaget. Ramma er no på ca 23 mill. kr og som er vel 6 mill. kr høgare enn rekneskapstala for 2007. Det er difor mykje å gå på , noko som gjer at Hemsedal Energi kan vera eit aktuelt ”oppkjøp”. Det er ikkje teke nokon kontakt med Hallingdal Kraftnett eller andre aktørar for å finne ut kva som vera eventuell markedspris. Gruppa har istaden meint at me uansett bør behalde nettselskapet vårt for å ha styringa med denne viktige infrastrukturen sjølve. Tal framlagt frå dagleg leiar i Hemsedal Energi syner at det er grunnlag for vidare drift også utan straumsal, og det sikrar forsyninga til alle delar av bygda. Hemsedal har eit svært bra utbygd nett med lågt nettap, og dei mest nødvendige investeringane er no tatt. Nettselskapet har god likviditet.

Forhold til overordna plan:

Ikkje vurdert

Miljøkonsekvensar:

Ikkje vurdert

Økonomiske konsekvensar:

Det kan opplystast at dersom Hemsedal kommune frå 2005 hadde vald å selje krafta etter Flå-modellen ville kommunen hatt att slike netto inntekter:

2005:	7.2 mill kr
2006:	9.3 mill kr.
2007:	14.9 mill kr. (Kommunen hadde dette året 54.9 GWh i andels- og konsesjonskraft)
2008:	ca. 16 mill kr (Anslag rekna ut frå 51 GWh)

Konklusjon:

1. Samla netto inntekt for perioden 2005 – 2008 ved sal av andel- og konsesjonskrafta utgjer minimum 47.4 mill kr
2. Utvikling i inntekt over fireårsperioden syner ei kraftig auke. Treden i forventa inntekter dei næraste åra syner same utvikling.

Vurdering:

Dersom ein vel alternativ 2b (Ustekveikja AS) synes det som det vil gje store inntekter til kommunen. Korleis kraftprisen vil utvikle seg framover er ikkje godt å seia sikkert , men analyser Ustekveikja har fått frå sin partner Markedskraft syner klare teikn på at den vil halde seg rundt 40 øre/kwh , med svingningar på 10% utifrå nedbør og prisar på kol og olje. Kraft vert omsett i eit internasjonalt marked , og generell vurdering er at kraftprisen vil stige i tida framover. Det vil difor vera rett å bygge opp eit fond for å kunne møte framtidige svingningar.

17 – 19 mill. kr. er mykje pengar. Etter formannskapet si meining er det nødvendig å bruke ca halvparten av desse inntektene – 8 til 9 millionar- i driftsbudsjettet for å oppretthalde tenestnivået vårt. Det ligg inne uttak av 4 mill. kr. i uttak frå KF`a våre i økonomiplan 2009-2011. Dette synes å vera ca 5 mill.kr. for lite for å oppretthalde noverande aktivitet. Resterande inntekter må setjast av til fond for å dekke nemnde svingningar i kraftmarkedet, framtidige investeringar og nedbetaling av gjeld på allerie gjennomførte investeringar. Samtidig bør t.d. 2 mill. kr øymerkaast næringsstiltak i bygda. Uansett synes det som kraftressursen vår både kan gjera at vi kan oppretthalde noverande aktivitetsnivå of samstundes gje kommunen større handlefridom enn me har i dag.

Arbeidsgruppa har ikkje konkludert enno, men vil ha klare føringar frå kommunestyret for arbeidet vidare. Det synes likevel som ein eller annan variant av alternativ 2 synes å vera rett.

Det er mykje som må konkretiserast og knytast opp mot avtaler før ein tar endeleg avgjerd. Det mange detaljer kring eit eventuelt samarbeid med Ustekveikja A/S som må jobbast meir med. Det same gjeld forholda til vedtekter og vurderingar av om Hemsedal Energi skal forvalte krafta vår vidare. Omsynet til abonnentane i Hemsedal må også klargjerast, og om det skal leggjast inn krav om garantert makspris. Dette treng me meir tid på å få lagt fram. Uansett kva ein vel kan ei avtale som skissert både endrast og / eller seiast opp. Konsesjonskrafta og andelskrafta er ein "årleg" ressurs og kan ikkje seljast for evig tid.

Eigedomsskatt.

Det er ikkje brukt mykje tid på spørsmålet om å vurdere innføring av eigedomsskatt på noverande tidspunkt.

Det er mellom anna fleire spørsmål kring kommunen si moglegheit for å kunne differensiere satsane for eigedomsskatt mellom bustader og verk/ bruk til handsaming i rettssystemet. Dette bør avklarast i rettsapparatet, herunder forståing av dette problemet i den nye eigedomsskattelova. Kragerø kommune blir stemna for å ha gjort forskjell i taksering av bustader og fritidshus, samstundes som kraftbransjen har varsla prøving av om det er grunnlag for differensiert skattesats for verker og bruk og andre objekt. Dette er uklare element som det kan løne seg å avvente før ein legg meir arbeid i vidare vurdering av å alternativt å innføre eigedomsskatt i kommunen.

Rådmannen si tilråding:

1. Hemsedal kommunestyre ser det som nødvendig å auke inntektene for å kunne gje dei nødvendige tenestene til kommunen sine innbyggjarar.
2. Det vert arbeidd vidare med alternativa i punkt 2 – Forvaltning av konsesjonskrafta gjennom Ustekveikja A/S, med avtale som også tek for seg forholdet til straumkundane i Hemsedal. Det vert og arbeidd vidare med at tilsvarande forvaltning kan skje gjennom Hemsedal Energi.
3. Endeleg sak skal leggjast fram for kommunestyret innan 10.oktober 2008.
4. Det vert på ikkje arbeidd vidare med spørsmålet om innføring av eigedomsskatt for heile kommunen no.

Handsaming/vedtak i Formannskapet den 17.06.2008 sak 59/08

Handsaming:

Framlegg frå Odd Holde:

Nytt pkt 3 og at pkt 3 og 4 blir pkt 4 og 5:

Det skal lagas ein instruks som synar korleis dei auka inntektene skal forvaltas. Den skal syne fordeling mellom avsetning til drift, og til investering/nedbetaling av gjeld og til næringsfond.

Vedtak:

Formannskapet si innstilling til kommunestyret:

1. Hemsedal kommunestyre ser det som nødvendig å auke inntektene for å kunne gje dei nødvendige tenestene til kommunen sine innbyggjarar.
2. Det vert arbeidd vidare med alternativa i punkt 2 – Forvaltning av konsesjonskrafta gjennom Ustekveikja A/S, med avtale som også tek for seg forholdet til straumkundane i Hemsedal. Det vert og arbeidd vidare med at tilsvarande forvaltning kan skje gjennom Hemsedal Energi.
3. Det skal lagas ein instruks som synar korleis dei auka inntektene skal forvaltas. Den skal syne fordeling mellom avsetning til drift, og til investering/nedbetaling av gjeld og til næringsfond.
4. Endeleg sak skal leggjast fram for kommunestyret innan 10.oktober 2008.
5. Det vert på ikkje arbeidd vidare med spørsmålet om innføring av eigedomsskatt for heile kommunen no.

Hemsedal kommune

Sakshandsaming

Saknr .: 74/08
Arkivsaksnr: 08/795
Arkivkode: 026

Saksbehandler: Gabriel Johannessen

Saksnummer	Utvalg	Møtedato
PS 74/08	Kommunestyret	26.06.2008

SAMARBEIDSAVTALE NAV BUSKERUD - HEMSEDAL KOMMUNE

Saka blir avgjort av:

Kommunestyret

Vedlegg:

Framlegg til samarbeidsavtale mellom NAV Buskerud og Hemsedal kommune

Dokument i saka:

Framlegg til samarbeidsavtale mellom NAV Buskerud og Hemsedal kommune

Saksopplysningar:

Tidlegare har kommunestyret vedteke etablering av NAV-kontor med tilhøyrande byggeprosjekt. Det er tidlegare inngått intensjonsavtale mellom NAV-Buskerud og kommunane i Hallingdal, der kommunane førde felles forhandlingar med NAV og fekk utforma lik avtale.

Basert på denne er det no utarbeidd samarbeidsavtale med den enkelte kommune. Etter lang førebuing og avklaring av dei ulike punkt i samarbeidet regionalt, er den formelle godkjenning av samarbeidsavtala langt på veg ein formalitet.

For Hemsedal kommune sitt vedkomande var NAV sitt utkast tilfredstillande.

Forhold til overordna plan:

St.prp. 46 / 2004-2005 og St-melding nr 9 -2006 legg grunnlaget.

Miljøkonsekvensar:

Eige NAV kontor i Hemsedal inneber at innbyggjarar / brukarar kan både oppretthalde og få utvida sitt tilbod om tenester knyta til arbeids- og velferdsreformen.

Økonomiske konsekvensar:

Ingen ut over det som er lagt fram i vedteke budsjett og økonomiplan. Reelt sett ingen for kommunen, da NAV Stat skal betale sine egne kostnader og betale husleige til kommunen for dei statlege kontora. Med von om at NAV-reformen får den effekt den er meint å gi, bør kommunen sine kostnader på sikt kunne reduserast.

Vurdering:

Rådmannen syner til vedlagte avtale og utgreiinga over. Ut over dette har rådmannen ingen merknadar eller vurdering, da saka er å sjå som ein formalitet for å avklare samarbeidet mellom stat og kommune.

Rådmannen si tilråding:

Hemsedal kommunestyre godkjenner samarbeidsavtale mellom NAV Stat og Hemsedal kommune, datert 6.juni 2008.

Hemsedal kommune

Sakshandsaming

Saknr .: 75/08
Arkivsaksnr: 08/729
Arkivkode: Q12

Saksbehandler: Gabriel Johannessen

Saksnummer	Utvalg	Møtedato
PS 60/08	Formannskapet	17.06.2008
PS 75/08	Kommunestyret	26.06.2008

RV 7 SOKNA - ØRGENVIKA - FRAMLEGG TIL BOMPENGEORDNING

Saka blir avgjort av:

Kommunestyret

Vedlegg:

1. Forslag til delvis bompengefinansiering (førebels).
2. Kopi av skriv til Buskerud Fylkeskommune datert 2.5.2006.

Dokument i saka:

1. Forslag til delvis bompengefinansiering (førebels).
2. Kopi av skriv til Buskerud Fylkeskommune datert 2.5.2006.

Saksopplysninger:

Dei viktigaste momenta då stiftinga av bompengeselskapet var oppe til handsaming i 2006 var:

- Ny trasé for riksveg 7 mellom Sokna og Ørgenvika vil korte avstanden ned med ca 20 km i forhold til dagens trasé via Noresund.
- Prosjektets utbyggingskostnad var i 2004 rekna til 950 mill kr . Kostnadane er no rekna til 1179 mill kr i 2007 kroner)
- 50 % av byggjekostnadane skal dekkjast av statlege bidrag. Resten vert finansiert gjennom bompengar
- Innkreving av bompengar vert sett til maksimalt 15 år
- Buskerud fylkeskommune etablerar saman med kommunane i Hallingdal bompengeselskapet Hallingporten Vegfinans AS. Etableringa fann stad i juni 2006.

- Næringslivet og kommunane i Hallingdal er særst opptekne av å få veg på plass. Dette er avgjerande for å kunne sikre ei vidare utvikling i reiselivsnæringa.
- Krødsherad kommune har i tillegg vore opptatt av å få gjennomført kompensasjonstiltak, mellom anna på eksisterende Rv 7.

Hemsedal formannskap vedtok følgjande i sak 64/05, den 07.06.05:

1. Hemsedal kommune vedtek å delta som eigar i eit nytt bompengeselskap RV 7 Sokna – Ørgenvika.
2. Hemsedal kommune vil førebels tilrå at bomvegselskapet vert organisert som eit IKS.

Buskerud fylkeskommune og kommunane i Hallingdal fatta tilsvarande vedtak. Dette har ført til følgjande vidare prosess:

- Det vart etablert bompengeselskap i juni 2006. Buskerud fylkeskommune har 40 % av aksjane og Hallingdalskommunane 10 % kvar. Ringerike kommune og Krødsherad kommune deltek ikkje som eigarar i selskapet, men er invitert med som observatørar.
- Både Krødsherad kommune og Ringerike kommune har ved årsskiftet 2007 / 2008 godkjent reguleringsplan for tiltaket.
- Det vart på dette grunnlag sett i gang arbeid med et framlegg til endeleg bompengordning vinteren 2008. Dette er basert på godkjent reguleringsplan og oppdaterte kostnadstal med ei usikkerheit på +/- 10 %.
- Statens Vegvesen sitt framlegg til bompengordning følgjer som vedlegg 1 i saka og vert no lagt fram til behandling i dei kommunar og Buskerud fylkeskommune som eigarar av bompengeselskapet.

Dersom kommunene og fylkeskommunen godkjenner framlegget, vil det vera Statens vegvesen v/Vegdirektoratet og Samferdselsdepartementet som har ansvaret for å føre saka vidare fram til hansaming i Stortinget.

Bompengeproposisjon kan ikke handsamast før Stortinget har handsama Stortingsmeldinga om Nasjonal Transportplan 2010 – 2019. I transportetaten sitt framlegg til NTP ligg prosjektet inne i siste del av planperioden dersom planrammen vert auka med 20 %.

Rådmannen viser også til uttale frå Hallingtinget i sak 03/08 ved behandling av framlegg til Nasjonal Transportplan:

”Sokna – Ørgenvika er det vegprosjektet som har høgast prioritet i Hallingdal, og er eit av dei viktigaste tiltaka for aust-vest sambanda.

Prosjektet har hatt ein svært lang planleggingsfase der det no må vera eit mål å få prosjektet realisert i fyrste del av planperioden, slik som Stortinget signaliserte i samband med NTP 2006-2015.”

I Fylkestingets vedtak sak 31/08 heiter det følgjande i pkt 7:

”Riksvei 7 Sokna – Ørgenvika må primært gis statlige midler i første del av planperioden 2010 – 13. Prosjektet finansieres med 50 % bompenger og 50 % statlige midler”

Kommunene i Hallingdal handsama bompengesaken første gong i 2002 etter forutgåande handsaming i Hallingtinget, sak 03/02. Tinget vedtok mellom anna å gå inn for delvis bompengefinansiering og lokal forskottering av prosjektet. Forskutteringsbeløpet var da stipulert til 260 mill.kr totalt (2002-kr). Av dette var 60 % (dvs. 156 mill.kr) føresett som dei seks Hallingdalskommune sin del. Dei resterende 40 % var føresett forskottert av Ringerike kommune med 10 % og Buskerud fylkeskommune med 30 %.

Kort utdrag av innhaldet i bompengeutgreiinga

Det vert vist til vedlegg 1.

I stikkord vert vist til følgjande viktige hovudmoment med sidehenvisning:

- Den statlege delen til prosjektet er ikkje prioritert i Transportetaten sitt framslegg for 2010-2019 (berre ved auke i ramme på 20 % og då i siste del av planperioden) Dette er difor ei førebels utgreiing basert på visse avtalte føresetnader. Framlegget er basert på alternativ utan lokal forskottering. (side 4)
- Formell prosedyre i bompengesaker vert lagt til grunn. Prosjektet er no kome til førebels fase 7 og må takast opp på nytt når Stortinget har handsama NTP våren 2009. (side 5 og 6)
- Rammevilkåra for bompengeprojekt vert lagt til grunn. Dette inneber mellom anna hovudvekt på nytteprosjektet, maks innkrevjing i 15 år og etterskotsinnkrevjing,. Det inneber at vegen vert opna før innkrevjing vert sett i verk. (side 6)
- Omtale av NTP 2006 – 2015 og 2010 – 2019 på side 7 og 8. Grunnlaget for å fatte førebels vedtak byggjer på ein føresetnad om at planramma vert auka, slik at tiltaket får statlege midler i perioden 2014 – 2019.
- Fylkeskommunen og kommunane har tidligare (i 2005) slutta seg til prinsippet om å leggje 50 % bompengefinansiering til grunn (side 9 – 10) (Sjå og innleiinga i saksframslegg)
- Framlegget er basert på alternativet utan lokal forskottering.
- Beskriving av eksisterande vegstandard og ulykkesfrekvens vert vist (side 11 – 12).
- Omtale av ny trasé syner at vegen mellom Hønefoss og Hallingdal vil bli forkorta med om lag 20 km. Ny veg blir 10 meter bred etter nye standardar. (side 13 – 15) og vil koste 1179 mill kr (2007) (side 15)
- Netto samfunnsnytte, d.v.s. skilnaden mellom kostnader og samfunnsmessige inntekter av prosjektet, er meget god med en nettonytte på kr 0,80 pr budsjettkrone (side 15).
- Mogleg framdriftplan syner bygging tidleg i perioden 2011 – 2013 og innkrevjing av bompengar frå 2014 (føresett finansiering frå 2011) (side 16)
- Bompengeselskapet Hallingporten Vegfinans AS er stifta og vil få ansvaret for finansiering og drift av bompengoordninga (side 16)
- Føresetnadene for bompengeberekningane er mellom anna (jf side 17 og 18)
 - at det vert nytta heilautomatisk ubetent bomstasjon,
 - rabatt på 10 % berre for autopass-brikke-brukarar,
 - tunge kjøretøy betaler meir enn dobbel takst av lettbil,
 - Lånerente på 8 %
 - 50 % statleg bidrag, 50 % bompengar
 - 15 års innkrevjing

- kostnader for bompengerekkering om lag 2,5 mill kr pr år
- visse "pessimistiske" parameter lagt inn i kjenslemessige beregninger
- "Bomdøgntrafikk i 2006", er sett til 2.230 kjøretøy etter at svinn på 5 % er lagt inn i beregninga (side 19)
- Basert på desse føresetnadene kjem Statens vegvesen fram til følgjande anbefaling (side 20):
 - Lettbiltakst 60,- pr passering. Tungbil 2,5 x lettbil = 150,- pr passering
 - 10 % rabatt for autopass-brukere
 - Bygging i perioden 2013 – 15
 - Nedbetalingstid 14,4 år
 - Bompengeselskapets maksimale gjeld (garantibeløp) ca 1,2 mrd kroner ved utgangen av 2015.
- Byggje- og finansieringsplanen syner at bompengeselskapet må bidra med investering frå 2012, medan Staten kjem inn med sin del i perioden 2014 – 2017. (side 21)
- Det er framlegg om at kommunane i Hallingdal og Buskerud fylkeskommune fatter vedtak om garanti for ei lånegjeld på 1,2 mrd kr i forhold til eigarandel i bompengeselskapet (side 21)
- Kommunal og Regionaldepartementet må godkjenne garantiane (side 21).
- Statens vegvesens framlegg til lokal behandling/vedtak (side 22)

Økonomiske konsekvensar:

For kommunene i Hallingdal vil denne saken bety at en i stedet for å forskottere deler av finansieringen av prosjektet gir kommunal garanti for et beløp stort kr. 120 mill. hver. Risikoen ved en slik garanti ansees som minimal.

Vurdering:

Rådmannen viser til tidligere vedtak, uttalelser og til at prosjektet Rv 7 Sokna – Ørgenvika er det vegprosjekt i Buskerud som har kommet lengst i planleggingen. Alt ligger nå til rette for at bygging kan starte i 2011, dersom man får finansieringen på plass. Utredningen viser på en god måte både at prosjektet er av samfunnsmessig stor betydning og at det er mulig å finansiere det med 50 % bompenger og 50 % statlig bidrag.

Både fylkeskommunen og kommunene har tidligere gitt uttrykk for at de, i tillegg til å delta i bompengeselskap og stille nødvendige garantier underveis, er villige til å vurdere forskuttering av statlig andel for å fremskynde arbeidet. Med den høye renten som nå må legges til grunn og på grunnlag av kommuHemsedalektorens anstrengte økonomi, bør dette unngås.

Dersom statlige bidrag kommer i siste del av planperioden 2010 – 2019 (2014 – 19) vil tidligste byggestart være i 2013. Det bør imidlertid arbeides aktivt for å øke planrammene til store vegprosjekter så mye at prosjektet kan prioriteres inn i første del av planperioden. Vegprosjektet er svært viktig for Hallingdal og vil forkorte avstanden mellom Øst- og Vestlandet med 20 km.

Det anbefales at Hemsedal kommune slutter seg til forslaget til bompengefinansiering og gir uttrykk for vilje til å stille tilstrekkelig garanti.

Da det er ønskelig at saken behandles i løpet av juni, legges den frem til direkte behandling i kommuHemsedaltret.

Rådmannen si tilråding:

1. Hemsedal kommune slutter seg til at utbygging av riksveg 7 Sokna – Ørgenvika kan finansierast delvis med bompengar, slik det går fram av Statens vegvesens si utredning ”Riksvei 7 Sokna – Ørgenvika - Forslag til delvis bompengefinansiering” av juni 2008.
2. Det vert lagt til grunn ei statleg investeringsramme tilsvarande 50 % av utbyggingskostnadane.
3. Med ein samla investeringskostnad på om lag 1.179 mill kr (2007), statlig andel på 586 mill kr (2007) og 15 års innkrevjingsperiode, vert det lagt til grunn ei bompengetakst for lette biler (<3500 kg) på kr 60 pr passering utan rabatt og kr 150 pr passering utan rabatt for tunge køyretøy (>3500 kg). Det vert lagt til grunn 10 % rabatt ved betaling med elektronisk brikke.
4. Det vert gjeve tilslutnad til at anlegget kan startast opp basert på føresetnadene i dette notatet så snart Stortinget sin tilslutnad til det føreslåtte bompengeopplegget ligg føre, samt at nødvendige byggeplanar er utarbeidd og entreprenør vald etter anbodskonkurranse.
5. Hemsedal kommune slutter seg til at kommunane og fylkeskommunen som eigarar av bompengeselskapet Hallingporten Vegfinans AS stiller garanti i forhold til eigarandel i selskapet. Kommunane i Hallingdal stiller kvar med ein garanti for 10 % av maksimal lånegjeld på 1.200 mill kr, dvs. for 120 mill kr.
6. Hemsedal kommune tar høgde for fornya lokal handsaming av saka på grunnlag av Stortingets behandling av Stortingsmelding om Nasjonal Transportplan 2010 – 2019, samt oppdatert kostnadsoverslag før proposisjon vert fremja for Stortinget.

Handsaming/vedtak i Formannskapet den 17.06.2008 sak 60/08

Handsaming:

Innstilling vedteken. Samrøystes.

Vedtak:

Formannskapet si innstilling til kommunestyret:

1. Hemsedal kommune slutter seg til at utbygging av riksveg 7 Sokna – Ørgenvika kan finansierast delvis med bompengar, slik det går fram av Statens vegvesens si utredning ”Riksvei 7 Sokna – Ørgenvika - Forslag til delvis bompengefinansiering” av juni 2008.
2. Det vert lagt til grunn ei statleg investeringsramme tilsvarande 50 % av utbyggingskostnadane.
3. Med ein samla investeringskostnad på om lag 1.179 mill kr (2007), statlig andel på 586 mill kr (2007) og 15 års innkrevjingsperiode, vert det lagt til grunn ei bompengetakst for lette biler (<3500 kg) på kr 60 pr passering utan rabatt og kr 150 pr passering utan rabatt for tunge køyretøy (>3500 kg). Det vert lagt til grunn 10 % rabatt ved betaling med elektronisk brikke.
4. Det vert gjeve tilslutnad til at anlegget kan startast opp basert på føresetnadene i dette notatet så snart Stortinget sin tilslutnad til det føreslåtte bompengeopplegget ligg føre, samt at nødvendige byggeplanar er utarbeidd og entreprenør vald etter anbodskonkurranse.
5. Hemsedal kommune slutter seg til at kommunane og fylkeskommunen som eigarar av bompengeselskapet Hallingporten Vegfinans AS stiller garanti i forhold til eigarandel i selskapet. Kommunane i Hallingdal stiller kvar med ein garanti for 10 % av maksimal lånegjeld på 1.200 mill kr, dvs. for 120 mill kr.
6. Hemsedal kommune tar høgde for fornya lokal handsaming av saka på grunnlag av Stortingets behandling av Stortingsmelding om Nasjonal Transportplan 2010 – 2019, samt oppdatert kostnadsoverslag før proposisjon vert fremja for Stortinget.

Hemsedal kommune

Sakshandsaming

Saknr .: 76/08
Arkivsaksnr: 06/2133
Arkivkode: 614

Saksbehandler: Odd Magne Anderdal

Saksnummer	Utvalg	Møtedato
PS 4/07	Formannskapet	23.01.2007
PS 111/07	Formannskapet	04.12.2007
PS 61/08	Formannskapet	17.06.2008
PS 76/08	Kommunestyret	26.06.2008

BEHANDLINGSBASSENG I HEMSEDAL

Saka blir avgjort av:

Kommunestyret

Vedlegg:

20.05.2008 REFERAT DATERT 09.05.08 - PROSJEKT "BEHANDLINGSBASSENG"

Dokument i saka:

26.01.2007 MELDING OM POLITISK VEDTAK - BEHANDLINGSBASSENG, HELSELAGSHUSET.

06.12.2007 MELDING OM POLITISK VEDTAK - BEHANDLINGSBASSENG, HELSELAGSHUSET.

20.05.2008 REFERAT DATERT 09.05.08 - PROSJEKT "BEHANDLINGSBASSENG"

Saksopplysningar:

Formannskapet gjorde i møte 4.12.2007, sak 111/07, slikt vedtak:

"Formannskapet er glad for gåva fra Gunhild Grøndalen, og vil rette ei stor takk til henne.

Formannskapet finn det rett å arbeide vidare med planlegging for å kunne bygge behandlingsbasseng i Hemsedal. For formannskapet vert desse valt til felles arbeidsgruppe med Helselaget:

- *Odd Holde*
- *Tove Eggen Lien*"

I vårhalvåret 2008 har arbeidsgruppa beståande av tre representantar for Helselagshuset og kommune sine to representantar arbeidd vidare med å få realisert bygging av eit behandlingssasseng.

Arbeidsgruppa har mellom anna hatt 4 møte og befaring til badeanlegget Furumo i Modum kommune, samt til behandlingssasseng på Geilo.

Kva arbeidsgruppa har drøfta går fram av vedlagte rapport. Hovudtema har vore:

- Lokalisering
 - Ved Helselagshuset
 - Ved Trøimshallen
 - Ved garderobebygget på idrettsanlegget

Konklusjonen frå arbeidsgruppa er at dei ser to moglege plasseringar: anten ved Helselagshuset, alternativt ved garderobebygget på idrettsanlegget

Arbeidsgruppa har vidare konkludert med at det er fornuftig å utvide prosjektet til å omfatta meir enn bare behandlingssasseng. Dei har lagt til grunn at bygda har behov for symjebasseng for fleire lokale brukargrupper og Hemsedal sone behov som turistdestinasjon.

Vurdering:

Dersom prosjektet skal utvidast til meir enn berre basseng for behandling, men og gjelde bygging av symjebasseng, velværesenter m.m., ser arbeidsgruppa behov for mellom anna

- Definere nærare kva innhald eit framtidig basseng skal ha
- Gjennomføring av prosjektering
- Finansiering
- Kalkulering av framtidig drift av valt basseng

Dette vil vere eit prosjekt som, slik arbeidsgruppa opplyser, langt større enn kommunen og Helselagshuset aleine kan gjennomføre

Arbeidsgruppa anbefaler at det vert arbeidd vidare med eit større prosjekt med mellom anna vurdering av fylgjande:

- Behandlingssasseng
- Barnebasseng
- Symjebasseng

- Andre service og velværefunksjona

Arbeidsgruppa anbefaler vidare at det vert oppretta ei prosjektgruppe som får tildelt nytt mandat, der både kommunen, Helselagshuset, næringsliv og idrettslaget vert representert.

Det må setjast av midlar til gjennomføring av prosjektet. Det er anslått eit beløp i storleik kr 50 000 – 100 000 og som prosjektgruppa får til disposisjon.

Rådmannen si tilråding:

1. Hemsedal kommunestyre vedtek oppretting av prosjektgruppe for å vurdere følgjande alternativ:
 - a. Bygging av symjebasseng, barnebasseng, samt andre velværefunksjonar lokalisert ved anten Helselagshuset eller idrettsanlegget
2. Det vert oppretta ei eiga prosjektgruppe med slik representasjon
 - 2 folkevalde representantar
 - Ein representant frå administrasjonen i Hemsedal kommune
 - 2 representantar frå Helselagshuset
 - 2 representantar frå næringslivet
 - 1 representant frå Hemsedal IL
3. Det vert løyvd inntil kr 100 000 til gjennomføring av forprosjektet. Midlane vert henta frå formannskapet sin disposisjonskonto 1.4900.1000.1805.
4. Forprosjektet skal leggjast fram for kommunestyret innan 1.november 2008

Handsaming/vedtak i Formannskapet den 17.06.2008 sak 61/08

Handsaming:

Omforeint framlegg:

Endring av pkt 1.a slik:

Bygging av *behandlingsbasseng/symjebasseng, samt eventuelt* andre velværefunksjonar lokalisert ved anten Helselagshuset eller idrettsanlegget

Som folkevalde representantar vert Odd Holde og Tove Eggen Lien vald. Odd Holde vert leiar.

Innstilling samt omforeinte framlegg vedteken. Samrøystes.

Vedtak:

Formannskapet si innstilling til kommunestyret:

1. Hemsedal kommunestyre vedtek oppretting av prosjektgruppe for å vurdere følgjande alternativ:
 - a. Bygging av behandlingsbasseng/symjebasseng, samt eventuelt andre velværefunksjonar lokalisert ved anten Helselagshuset eller idrettsanlegget
2. Det vert oppretta ei eiga prosjektgruppe med slik representasjon
 - 2 folkevalde representantar: Odd Holde (leiar) og Tove Eggen Lien
 - Ein representant frå administrasjonen i Hemsedal kommune
 - 2 representantar frå Helselagshuset
 - 2 representantar frå næringslivet
 - 1 representant frå Hemsedal IL
3. Det vert løyvd inntil kr 100 000 til gjennomføring av forprosjektet. Midlane vert henta frå formannskapet sin disposisjonskonto 1.4900.1000.1805.
4. Forprosjektet skal leggjast fram for kommunestyret innan 1.november 2008

Hemsedal kommune

Sakshandsaming

Saknr .: 77/08
Arkivsaksnr: 06/726
Arkivkode: M42

Saksbehandler: Gabriel Johannessen

Saksnummer	Utvalg	Møtedato
PS 67/08	Formannskapet	17.06.2008
PS 77/08	Kommunestyret	26.06.2008

HALLINGDAL RENOVASJON - ENDRING AV SELSKAPSAVTALE

Saka blir avgjort av:

Kommunestyret

Vedlegg:

24.08.2007 HALLINGDAL RENOVASJON IKS- ENDRING AV SELSKAPSAVTALEN

Dokument i saka:

24.08.2007 HALLINGDAL RENOVASJON IKS- ENDRING AV SELSKAPSAVTALEN

10.10.2007 HALLINGDAL RENOVASJON IKS- ENDRING AV SELSKAPSAVTALEN- ORIG. TIL HALLINGDAL RENOVASJON - KOPI HEMSEDAL KOMMUNE

11.03.2008 HALLINGDAL RENOVASJON IKS- ENDRING AV SELSKAPSAVTALEN- SAK 26/08- ORIG. TIL HALLINGDAL RENOVASJON - KOPI HEMSEDAL KOMMUNE

31.03.2008 HALLINGDAL RENOVASJON - VEDTAK SAK 25/08 - KOMMUNESTYRET

02.05.2008 HALLINGDAL RENOVASJON - ENDRING AV SELSKAPSAVTALE- VEDTAK SAK 35/08

Saksopplysningar:

Representantskapet i Hallingdal Renovasjon IKS (HR) vedtok i juni – 07 eit forslag om endring av gjeldande selskapsavtale for renovasjonsselskapet. Endringar av formålet i selskapet skal godkjennast av alle deltakarar i selskapet. HR v/ Representantskapet har difor oversendt forslag til endringar i formålet § 4 og ny § 5, for godkjenning i deltakarkommunane.

Endring i selskapsavtale for HR.

Behovet for ei avklaring i forhold til utviklinga av forbrenningsanlegget spesielt og den generelle strategiske utviklinga i HR som selskap, gjør at representantskapet har iverksett eit arbeid som skal vurdere dette som ein heilskap og gi naudsynte signal til styret og selskapet. Styret har lagt fram ulike alternativ for ei vidare utvikling av selskapet. Representantskapet ba styret arbeide vidare med eit alternativ som vil vere det mest positive både for eigarar, selskapet, avtakarar av energi og for hushaldningane og næringslivet i Hallingdal. Da må selskapet bli meir enn eit reiskap for handtering av avfall. HR må bli eit selskap som ser på avfallet i Hallingdal som ein energiressurs. Selskapet kan da i samarbeid med andre politisk styrte selskap nyttast til næringsutvikling som legg grunnlag for fleire arbeidsplassar.

Samtidig vil selskapet bli ein viktig aktør for kommunane når dei må redusere sine klimautslipp og legge om sin energibruk. Ei utvikling som vil fanne utanfor Hallingdal for å auke avfallsmengda kan og vere ynskjeleg sett frå naboregionane sitt synspunkt.

Ei utvikling på den tekniske sida vil ikkje berre kunne bidra til lågare utslipp, men òg til eit høgare kompetansenivå og slik kunne auke talet på stillingar med behov for høgare utdanning.

Representantskapet vedtok i juni – 07 å tilrå følgjande endringar i vedtektene § 4 Formål og § 5 Oppgåver:

Nytt § 4 – Formål

"Hallingdal Renovasjon IKS skal ha som formål å drive innsamling og handtering av hushaldsavfall for eigarkommunane med grunnlag i sjølvkostprinsippet.

Selskapet skal og drive produksjon og sal av energi basert på forbrenning av avfall og andre fornybare ressursar. Selskapet skal vere ein pådrivar for ei positiv miljøretta utvikling innanfor forretningsområdet, og bidra aktivt til utvikling av Hallingdal som ein "Grøn Region".

Ny § 5 – Oppgåver

"Selskapet skal og kunne opprette og drive aksjeselskap innan forretningsområdet, etter vedtak i Representantskapet."

Representantskapet ynskjer med dette å fjerne noverande §5 oppgåver (jfr. avtale av 06.11.03) for å kunne fokusere meir på det overordna formålet .

Forhold til overordna plan:

Satsinga på produksjon og sal av energi basert på andre fornybare ressursar er i høve til overordna statlege føringar.

Miljøkonsekvensar:

Satsing på produksjon og sal av energi basert på fornybare ressursar er miljømessig positivt i forhold til overordna energi og klimapolitikk. Bidreg til at Hallingdal utviklast som ein grøn region, og kan få sett i gang overordna klima- og miljøtiltak som elles ville vere vanskeleg å organisere/finansiere.

Økonomiske konsekvensar:

Oppretting av nye selskap vil i første omgang krevje kapital til oppstart og drift. Dette kan tas frå overskot i noverande næringsdrift i HR, dekkjes ved låneopptak eller skytast inn av kommunane. I framtida vil investeringane i nye selskap og drift truleg gi inntekter til HR og kommunane.

Vurdering:

Rådmannen ser det som positivt at Hallingdal renovasjon IKS ser på alternative foretningsområder for bruk og attbruk av avfallet som samlast inn i regionen.

Dei viktigaste endringane i selskapsavtala § 4 er:

Det presiserast nå i formålet at *"HR skal drive innsamling av hushaldsavfall med grunnlag i sjølvkostprinsippet"*. Dette er i høve til ny avfallsforskrift der kommunen nå berre har ansvar for innsamling av hushaldsavfall og dette skal skje etter sjølvkostprinsippet. (Innsamling av næringsavfall er ikkje lenger kommunen sitt ansvar – kommunane har berre tilsynsansvar).

Nytt punkt som er tatt inn i formålet er *"produksjon og sal av energi basert på forbrenning av avfall og andre fornybare ressursar"*. Dette erstattar og presiserer delvis tidlegare formål om rasjonell drift og best mogleg utnytting av avfallet, medan sal av energi basert på andre fornybare ressursar er nytt formål.

Gamalt punkt om miljøprofil er erstatta og utvida med *"Selskapet skal være ein pådrivar for ei positiv miljøretta utvikling innanfor forretningsområdet, og bidra aktivt til utvikling av Hallingdal som ein "Grøn Region" "*.

§ 5 endrast til *"Selskapet skal òg kunne opprette og drive aksjeselskap innan forretningsområdet, etter vedtak i Representantskapet"*. Dette sto også i 6. strekpunkt i den gamle selskapsavtala, men er noko omforma og det er presisert at det må vedtakast i representantskapet.

Resterande del av § 5 i den gamle selskapsavtala er fjerna. Dette for å fokusere meir på det overordna formålet og at oppgåvene naturleg inngår som ein del av formålet. Kommunane har og ei styring med arbeidsoppgåvene gjennom vedtak av avfallsplanen.

Rådmannen ser dei tilrådde endringane som gode og gjennomtenkt forslag. Ei satsing på fornybare ressursar og utvikling av Hallingdal som ein grøn region er positivt.

Gjennomgang og vedtak av ny selskapsavtale krev likevel avklaring av nokre viktige prinsipp som kommunane bør drøfte:

Bør HR berre konsentrere seg om avfallshandtering?

Rådmannen har vurdert det slik at for å få ei god miljømessig og økonomisk avfallshandtering er det viktig at energien frå forbrenningsanlegget nyttast optimalt. Ved nyanlegg, utviding eller modernisering vil anlegga og bli pålagt å utnytte minst 60 % av energien. For å få til dette er det naudsynt at HR kan involvere seg i selskap som arbeidar for utnytting av energien. HR har i dag kompetanse på forbrenning og vil kunne bidra til å drifte slike energianlegg i området. Fleire tilsette vil og styrke kompetansen i HR. Oppretting av slike selskap og anlegg vil skape nye arbeidsplassar, være med å profilere regionen positivt miljømessig og det vil være positivt i høve til å nå energi- og klima-mål.

Økonomi og sjølvkostprinsippet.

Etter avfallsforskrifta skal dekning av ordninga for hushaldsavfall skje etter sjølvkost. Me har difor ikkje lov å belaste abonnentane økonomisk for kostnader ved oppretting og drift av andre selskap. Dette kan løysast ved at ein ved HR nå kan skilje ut kostnadene for hushaldsrenovasjon og belaste desse etter sjølvkost. HR driv og mottak og avfallsbehandling for næringsavfall. Denne verksemda gikk i 2007 med overskot og ein kan belaste nye kostnader gjennom denne delen.

Om det i samband med andre selskap er naudsynt med ny kapital er dette regulert av selskapsavtala i § 17. Etter vedtak i representantskapet kan selskapet ta opp lån på inntil 10 mill. kroner. Selskapet kan ikkje stille garanti eller pantsette sine eigedelar som garanti for andre sin økonomiske skyld. Selskapet kan ikkje låne ut pengar.

I noverande selskapsavtale står det ingen ting om utbetaling av framtidig utbytte til kommunane. Rådmannen foreslår at det tas inn ein ny paragraf i selskapsavtala som lyder: *"Det kan utbetalast utbytte frå HR til kommunane etter vedtak i representantskapet"*.

Kommunal styring.

Kommunestyret i kvar kommune vil etter vedtektene ikkje ha direkte eigarkontroll med selskap HR er involvert i. Kvar kommune har to representantar i representantskapet som skal godkjenne oppretting av nye aksjeselskap. Vedtak skjer ved fleirtal etter eigarpart. For å få betre eigarkontroll kunne ein legge inn ein regel om at oppretting av nye selskap skal avgjerast av kommunestyra. Dette vil vere tungvint, men er opp til kommunestyret å avgjera.

Nye selskap som blir etablert vil få eget styre. For å sikre eigarkontrollen foreslår rådmannen eit tillegg til § 5. som lyder: *"Representantskapet skal vere/velge representant(ar) til generalforsamlinga"*.

Etter ei samla vurdering av saka tilrår rådmannen at representantskapet sitt framlagte forslag til endringar i selskapsavtala blir vedtatt saman med dei endringsforslag rådmannen har fremma.

Rådmannen si tilråding:

Hemsedal kommunestyre vedtek representantskapet for Hallingdal Renovasjon IKS sine framlegg til endringar i selskapsavtale med slike merknader:

Til § 5 legg ein inn slik ny setning: "*Representantskapet skal vere / velge representant(ar) til generalforsamlinga*".

Det blir lagt inn følgjande ny paragraf i selskapsavtala:

" § -- Utbytte

Det kan utbetalast utbytte frå HR til kommunane etter vedtak i representantskapet."

Selskapsavtala § 4 vil etter dette lyde:

§ 4 Formål:

"Hallingdal Renovasjon IKS skal ha som formål å drive innsamling og handtering av hushaldsavfall for eigarkommunane med grunnlag i sjølvkostprinsippet.

Selskapet skal òg drive produksjon og sal av energi basert på forbrenning av avfall og andre fornybare ressursar. Selskapet skal vere ein pådrivar for ei positiv miljøretta utvikling innanfor forretningsområdet, og bidra aktivt til utvikling av Hallingdal som ein "Grøn Region".

Selskapsavtala § 5 vil etter dette lyde:

§ 5 Oppgaver

"Selskapet skal òg kunne opprette og drive aksjeselskap innan forretningsområdet, etter vedtak i Representantskapet. Representantskapet skal vere / velge representant(ar) til generalforsamlinga."

Det skal opprettast ein ny paragraf i selskapsavtala som lyder:

§ -- Utbytte

"Det kan utbetalast utbytte frå HR til kommunane etter vedtak i representantskapet."

Handsaming/vedtak i Formannskapet den 17.06.2008 sak 67/08

Handsaming:

Innstilling vedteken. Samrøystes.

Vedtak:

Formannskapet si innstilling til kommunestyret:

Hemsedal kommunestyre vedtek representantskapet for Hallingdal Renovasjon IKS sine framlegg til endringar i selskapsavtale med slike merknader:

Til § 5 legg ein inn slik ny setning: "*Representantskapet skal vere / velge representant(ar) til generalforsamlinga*".

Det blir lagt inn følgjande ny paragraf i selskapsavtala:

§ -- Utbytte

Det kan utbetalast utbytte frå HR til kommunane etter vedtak i representantskapet."

Selskapsavtala § 4 vil etter dette lyde:

§ 4 Formål:

"Hallingdal Renovasjon IKS skal ha som formål å drive innsamling og handtering av hushaldsavfall for eigarkommunane med grunnlag i sjølvkostprinsippet.

Selskapet skal òg drive produksjon og sal av energi basert på forbrenning av avfall og andre fornybare ressursar. Selskapet skal vere ein pådrivar for ei positiv miljøretta utvikling innanfor forretningsområdet, og bidra aktivt til utvikling av Hallingdal som ein "Grøn Region".

Selskapsavtala § 5 vil etter dette lyde:

§ 5 Oppgåver

"Selskapet skal òg kunne opprette og drive aksjeselskap innan forretningsområdet, etter vedtak i Representantskapet. Representantskapet skal vere / velge representant(ar) til generalforsamlinga."

Det skal opprettast ein ny paragraf i selskapsavtala som lyder:

§ -- Utbytte

"Det kan utbetalast utbytte frå HR til kommunane etter vedtak i representantskapet."

Hemsedal kommune

Sakshandsaming

Saknr .: 78/08
Arkivsaksnr: 07/151
Arkivkode: 060 &85

Saksbehandler: Gabriel Johannessen

Saksnummer	Utvalg	Møtedato
PS 78/08	Kommunestyret	26.06.2008

<i>SELSKAPSAVTALE FOR INTERKOMMUNALT ARKIV FOR BUSKERUD, VESTFOLD OG TELEMAR IKS - NY KORRIGERING</i>
--

Saka blir avgjort av:

Kommunestyret

Vedlegg:

20.05.2008 INTERKOMMUNALT ARKIV FOR BUSKERUD, VESTFOLD OG TELEMAR IKS - ENDRING AV EIERANDEL

Dokument i saka:

26.01.2007 SELSKAPSAVTALE FOR INTERKOMMUNALT ARKIV FOR BUSKERUD, VESTFOLD OG TELEMAR IKS - - ENDRING AV EIERANDEL

25.04.2007 SELSKAPSAVTALE FOR INTERKOMMUNALT ARKIV FOR BUSKERUD, VESTFOLD OG TELEMAR IKS - - ENDRING AV EIERANDEL

10.03.2008 REPRESENTANTSKAPSMØTE VED IKA KONGSBERG- KORRIGERT DATO ER: 23.04.08

25.03.2008 INNKALLING TIL REPRESENTANTSKAPSMØTE 23. APRIL 2008

20.05.2008 INTERKOMMUNALT ARKIV FOR BUSKERUD, VESTFOLD OG TELEMAR IKS - ENDRING AV EIERANDEL

Saksopplysninger:

IKA Kongsberg ble opprett i 1992 som en kompetanseinstitusjon innenfor arkivfaget organisert som en interkommunal samarbeidsordning jf. kommunelovens § 27. Den gang med 15 medlemmer. Selskapet ble 01.01.03 omorganisert til et iks, da med 34 eiere. IKA har nå fått seks søknader om medeierskap i selskapet. Saken ble behandlet av representantskapet 23. april 2008 med følgende enstemmig vedtak:

1. Endringer i selskapsavtalens i §§ 1 og 5 om nye eiere og eierandel, godkjennes med forbehold om søkere og eieres godkjenning.
2. Andre endringer godkjennes.

Forhold til overordna plan:

Ikkje vurdert

Miljøkonsekvensar:

Ingen

Økonomiske konsekvensar:

Ingen

Vurdering:

For kommunen vil utvidelsen av eiere bety at eierandelen i selskapet vil minske noe. Utvidelsen vil ikk ha noen pratisk betydning for eiertilskuddet eller eiernes stemme i representantskapet, hvor hver eier h en stemme jf selskapsavtalens § 8, 2. ledd.

Nedenfor er en oversikt over forslag til ny eierandel (2008) og tidligere vedtatt eierandel (2007):

Eier	2008	2007	Eier	2008	2007
Andebu kommune	1,85	2,11	Nore og Uvdal kommune	1,27	1,44
Asker kommune	4,20	4,78	Notodden kommune	2,87	3,25
Buskerud fylkeskommune	5,30	6,03	Nøtterøy kommune	3,31	3,77
Bø kommune	1,91	0	Porsgrunn kommune	3,70	4,21
Flesberg kommune	1,22	1,39	Re kommune	2,43	2,76
Flå kommune	1,17	1,33	Ringerike kommune	3,54	4,03
Fyresdal kommune	1,17	1,33	Rollag kommune	1,17	1,33
Gol kommune	1,69	1,92	Røyken kommune	3,14	3,57
Hemsedal kommune	1,17	1,33	Sande kommune	2,30	2,62
Hjartdal kommune	1,17	1,33	Sauherad kommune	1,67	0
Hof kommune	1,35	1,54	Seljord kommune	1,33	1,51
Hol kommune	1,70	0	Sigdal kommune	1,48	1,68
Hole kommune	1,88	2,14	Siljan kommune	1,18	1,34
Horten kommune	3,45	3,92	Svelvik kommune	2,10	2,39
Hurum kommune	2,51	2,86	Telemark fylkeskommune	3,82	0
Kviteseid kommune	1,28	0	Tinn kommune	2,10	2,39
Lardal kommune	1,19	1,35	Tjøme kommune	1,74	1,97
Larvik kommune	3,91	4,46	Tokke kommune	1,21	1,37
Lier kommune	3,36	3,82	Tønsberg kommune	3,78	4,30
Nedre Eiker kommune	3,35	3,81	Vinje kommune	1,53	1,75
Nes kommune	1,47	1,67	Øvre Eiker kommune	3,00	3,46
Nissedal kommune	1,17	1,33	Ål kommune	1,77	0
Nome kommune	2,13	2,42			

Rådmannen si tilråding:

Hemsedal kommunestyre gjev sin tilslutnad til at Telemark fylkeskommune, samt kommunane Bø, Hol, Kviteseid, Sauherad og Ål med verknad frå 1.1.08 inngår med eigarar i Interkommunalt Arkiv for Buskerud, Vestfold og Telemark IKS på dei vilkår som går fram av saka og at selskapsavtala vert endra i samsvar med vedlagte utkast til ny selskapsavtale.

Hemsedal kommune

Sakshandsaming

Saknr .: 79/08
 Arkivsaksnr: 06/119
 Arkivkode: PLAN 6

Saksbehandler: Ivar Bergstøl

Saksnummer	Utvalg	Møtedato
PS 35/07	Hovudutval Plan og Ressurs	22.03.2007
PS 62/07	Hovudutval Plan og Ressurs	24.05.2007
PS 76/07	Hovudutval Plan og Ressurs	28.06.2007
PS 57/08	Hovudutval Plan og Ressurs	19.06.2008
PS 79/08	Kommunestyret	26.06.2008

***REGULERINGSPLAN TOTTESKOGEN II – ALPIN -NEDFART FRÅ
